



Fjell kommune

# Konsekvensutgreiing Risiko- og sårbarheitsanalyse

Arealdelen til kommuneplanen

2.mai 2014



## Innhold

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
1.1	Tema og mål for kommuneplanens arealdel .....	4
<b>2</b>	<b>METODE .....</b>	<b>6</b>
2.1	Konsekvensutgreiing .....	6
2.2	Risiko- og sårbarhetsanalyse .....	7
2.3	Måloppnåing .....	8
2.4	Oppsummering og tilråding .....	8
<b>3</b>	<b>FORSLAG TIL NY AREALBRUK .....</b>	<b>9</b>
<b>4</b>	<b>KONSEKVEN舜UTGREIING OG RISIKO- OG SÅRBARANALYSE.....</b>	<b>10</b>
4.1	Bjorøy .....	10
4.2	Trengereid .....	14
4.3	Kallestad.....	16
4.4	Ekren.....	18
4.5	Syltøy .....	19
4.6	Hitsøy .....	21
4.7	Lokøy.....	22
4.8	Skålvik .....	24
4.9	Langøy .....	26
4.10	Algrøy .....	28
4.11	Eide .....	30
4.12	Kårtveit .....	32
4.13	Angeltveit.....	34
4.14	Landro .....	36
4.15	Solsvik.....	41
4.16	Solsvik utmark og Vindeneskvarven .....	44
4.17	Vindenes .....	46
4.18	Spjeld .....	50
4.19	Fjæreide .....	54
4.20	Knappskog .....	56
4.21	Morlandstø .....	58
4.22	Geitanger.....	60
4.23	Sekkingstad .....	62
4.24	Kolltveit.....	64
4.25	Foldnes.....	66
4.26	Anglevik.....	70
4.27	Våge .....	72
4.28	Tona Valen .....	74
4.29	Arefjord.....	76

4.30	Ekerhovd nord .....	78
4.31	Ekerhovd sør .....	80
4.32	Li Liaskjeret .....	81
4.33	Haganes .....	83
4.34	Tellnes .....	85
4.35	Dala .....	87
4.36	Tellnes næringspark .....	89
4.37	Fjell gard.....	91
4.38	Fjell gard sør.....	94
4.39	Misje .....	96
4.40	Turøy .....	98
4.41	Oksen .....	100
4.42	Brattholmen Snekkevik .....	101
4.43	Ebbesvik .....	103
4.44	Ulveset .....	105
4.45	Møvik.....	108
4.46	Åse - Skoge .....	110
4.47	Nese – Nordvik - Bratten.....	112
4.48	Sjøområda .....	114
<b>5</b>	<b>SAMLA KONSEKVENSAAR AV PLANFORSLAGET .....</b>	<b>119</b>
5.1	Vurdering etter naturmangfaldlova .....	120
5.2	Samfunnstryggleik .....	120
5.3	Busetnad .....	120
5.4	Næring.....	121
5.5	Kystkultur.....	121
5.6	Sjøområda.....	121
<b>6</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>122</b>

# 1 INNLEIING

Kommuneplanar som legg til rette for framtidig utbygging skal ha ei konsekvensutgreiing som skildrar og vurderer planen sine verknader for miljø og samfunn. Dette går fram av plan- og bygningslova § 4-2.

Konsekvensutgreiinga skal vere grunnlag for å vurdere framlegg om endra arealbruk, og vil i tillegg seie noko om korleis utfordringar og viktige problemstillingar i planen kan løysast. Vurderingane er gjort på oversiktsnivå tilpassa kommuneplannivået.

Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i samsvar med plan- og bygningslova § 4-3. Analysen er overordna og tilpassa kommuneplannivået. Føremålet med analysen er å vurdere forslag til ny arealbruk med omsyn til samfunnsstryggleik, og å identifisere sårbarheit som det må takast omsyn til i seinare planfasar.

Alle vedtak som kan påverke naturmangfaldet skal vurderast etter prinsippa for offentlege avgjerder i §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Når det gjeld planar med konsekvensutgreiing vil dei vurderingane som skal gjerast etter naturmangfaldlova inngå som ein del av konsekvensutgreiinga.

## 1.1 Tema og mål for kommuneplanens arealdel

Det overordna målet for kommuneplanen i Fjell er:

*Kommunen skal gjennom eit planstyrt og tilpassa utbyggingsmønster, leggja til rette for ei mangfaldig samfunnsutvikling med fokus på gode og varierte bustadmiljø sentralt og i utkantane, med særleg vekt på å ivareta element av lokal kultur og historie knytt til grendestrukturen i kommunen. Det skal leggjast til rette for utvikling av eit framtidretta næringsliv i Fjell.*

Tema for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel er bustad, næring og kystkultur. Det er knytt delmål og arealstrategiar til desse tema.

For Straume, Bildøy og Ågotnes gjeld eigne kommunedelplanar, KDP Eide er under arbeid, og desse områda er difor ikkje med i denne rulleringa. Innhaldet i desse kommunedelplanane er likevel teke omsyn til i vurderingane i konsekvensutgreiinga.

Bustad – delmål:

*Stimulere til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.*

Bustad – Arealstrategiar:

- Balansere effektiv arealbruk med gode bustad, leve- og oppvekstmiljø.
- Prinsipp om universell utforming skal leggjast til grunn for utbygging av bustader og bustadområde og stimulere til mangfaldige lokalsamfunn for innbyggjarar i alle livsfasar.
- Langsiktig utbyggingsmønster som fremjar gange, sykkel og kollektivbruk.
- Fortetting innanfor etablerte bustadområde og utbygging av nye bustadområde skal bidra til ein breiare bustadstruktur.
- Omsynet til eksisterande busetnad skal vektleggast ved planlegging av nye og/eller ved vidareutvikling av etablerte bustadområde.

Næring - delmål:

*Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.*

Næring - Arealstrategiar:

- Sikre næringsareal som er relevante både for eksisterande verksemder og nyetableringar.
- Utvikle og styrke næringsklynger i kommunen.
- Fastsette langsiktige og føreseielege rammer for spreidd næringsutvikling innan landbruk, havbruk, reiseliv og etablering av teneleg næring for å sikre livskraftige bygder.

- Sikre attraktive næringsareal ved sjø.
- Sikre langsiktig rom for utvikling for strategisk viktig næringsområde i region vest.
- Unngå uheldig samlokalisering og vurdere transformasjon av område når dette riktig for Fjellsamfunnet.
- Sette av areal til langsiktig utvikling av offentlig tenesteyting og høgare utdanning.

Kystkultur – Delmål:

*Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv*

Kystkultur – Arealstrategi:

- Kystkultur som ressurs i utviklinga av levande lokalsamfunn og som grunnlag for friluftsliv, reiseliv og næringsutvikling
- Ivareta kystlandskapet som fleirbruksområde
- Sikre viktige sjøbruksmiljø gjennom ny kartlegging og verdivurdering. Dette vil danne grunnlag for omsynssoner og føresegner

## 2 METODE

### 2.1 Konsekvensutgreiing

Metoden i denne konsekvensutgreiinga er basert på Statens vegvesen si handbok 140, Konsekvensanalyser (HB 140), kapittelet om ikkje-prissette konsekvensar. Metoden er tilpassa til kommuneplannivået og er også nytta mellom anna i kommunedelplan for Ågotnes. For ein del utgreiingstema er ikkje HB 140 relevant og her er det gjort ei planfagleg vurdering med grunnlag i lokale, regionale og nasjonale føringar og dokument ([sjå kap i planskildringa](#)).

Utgreiingstema vart fastsett i planprogrammet. Konsekvensutgreiinga er gjort på grunnlag av eksisterande kunnskap. Kjeldene som er nytta til kunnskapsgrunnlag går fram av tabell 1. Det er i hovudsak nytta kartfesta informasjon, men andre opplysningar er henta inn etter behov. Fiskeri er ikkje med som utgreiingstema, for innspel i sjøområda er dette vurdert under landbruk (naturressursar).


Tabell 1. Oversikt over KU-tema, kunnskapsgrunnlag og vurdering.

Tema	Kunnskapsgrunnlag	Vurdering
Kulturminne og kulturmiljø	Askeladden, Sefrak, Fjell kommune registreringar av sjøbruksmiljø	Verdi/omfang/konsekvens i samsvar med kriteria i HB 140
Naturmangfald	Naturbase, marine naturtypar, artsdatabanken, norsk raudliste for artar, naturtyperegistrering og viltkartlegging i Fjell,	Verdi/omfang/konsekvens i samsvar med kriteria i HB 140
Friluftsliv	Registrering av nærterreng i Fjell, kartlegging av regionale friluftsområde, kart og flyfoto	Verdi/omfang/konsekvens i samsvar med kriteria i HB 140
Landskap	Landskapsanalyse for Fjell, kart og flyfoto	Verdi/omfang/konsekvens i samsvar med kriteria i HB 140
Landbruk/fiskeri	Skog og landskap AR5, kjerneområde landbruk, kart og flyfoto. Kystinfo, Fiskeridirektoratet	Verdi/omfang/konsekvens i samsvar med kriteria i HB 140 (tema naturressursar)
Folkehelse	Støy, fysisk aktivitet (turterreng, avstand til idrettsanlegg), moglegheit for universell utforming	Planfagleg vurdering på grunnlag av føringar fastsett i planar og andre dokument på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå
Barn og unge sine oppvekstvilkår	Skuletilbod, trafikktryggleik, fritidstilbod	Planfagleg vurdering på grunnlag av føringar fastsett i planar og andre dokument på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå
Miljø og klima	Kollektivtilbod, avstand til servicetilbod, utbyggingsmønster, sol og vindtilhøve (jf moglegheit for klimavenlege hus)	Planfagleg vurdering på grunnlag av føringar fastsett i planar og andre dokument på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå
Infrastruktur	Vegtilkomst, trafikktryggleik, offentleg avlaups- og vassforsyningsnett (eksisterande og planlagt), buffersone avløp, høgspont, småbåtanlegg,	Planfagleg vurdering på grunnlag av føringar fastsett i planar og andre dokument på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå

Ny arealbruk er vurdert i forhold til dagens situasjon. Dagens situasjon er definert som arealbruk fastsett i plan, anten gjeldande kommuneplan eller reguleringsplan der dette fins.

Fastsetting av verdi, omfang og konsekvens vert gjort med utgangspunkt i kriteria i HB 140. Verdien er gitt på ein skala liten, middels, stor. Omfanget av foreslått ny arealbruk i høve dagens situasjon er vurdert på ein 7- delt skala frå stort negativt til stort positivt omfang. Konsekvensen kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang i tråd med konsekvensvifta (sjå figur).

Figur 1. Konsekvensvifta. konsekvensen for eit tema kjem fram ved å samanhannde område sin verdi og omfanget til innspel om ny arealbruk (Statens vegvesen, handbok 140).



## 2.2 Risiko- og sårbarhetsanalyse

ROS-analyse er gjort i fire trinn: farekartlegging, sårbarvurdering, vurdering av risiko, og forslag til risikoreduserande tiltak.

For farekartlegging og sårbarvurdering er ROS-analysen som vart utarbeidd i samband med førre rullering av arealdelen (2006), lagt til grunn. Frå denne analysen er det henta identifiserte farar som er relevante ved vurdering av ny arealbruk på kommuneplannivå. Arealbruk i Fjell kommune er generelt vurdert til å vere sårbare for desse farane, men med lokale variasjonar. Sårbarheit for desse farane vert difor vurdert for kvart enkelt område. Berre dei farane som er aktuelle for det enkelte område, er vurdert vidare i ei hendingsbasert risikoanalyse. For dessa tema er sannsyn og konsekvens vurdert utfrå Fjell kommune sine akseptkriteria (sjå vedlegg). Dersom områda kjem i gul eller raud sone er det foreslått risikoreduserande tiltak. Risiko som kjem i grøn sone er ikkje tekne med i oversikten.

Tabell 2. Oversikt over ROS-tema, kunnskapsgrunnlag og vurdering av sårbarheit

Fare *	Kunnskapsgrunnlag	Sårbare område
Vind	Vindkart, prognosar for klimaendring	Område utsett for sterk vind
Ekstrem nedbør og flaum	Kart over vassdrag, prognosar for klimaendring (nedbør)	Område med bekkar og elvar
Høg vasstand og bølger	Vindkart, prognose for klimaendring (havnivåstigning)	Område ved og på sjø
Ras og skred	Aktsemdsområde for skred	Rasutsette område
Dambrot	Kart over vassdrag, tidlegare ROS-analysar i Fjell	Område nedstraums dammar.
Brann og eksplosjon	Utrykkingstid, tilgjenge for brannbil, eksplosjonsfarleg verksemd	Område langt frå brannstasjonar, samlokalisering med eksplosjonsfarleg verksemd

Akutt ureining/ Anna ureining	Transport av farleg gods	
Skog og lyngbrann	Markslagskart (AR 5), flyfoto,	Område omgitt av skog og lyng, avstand til veg, fråver av barrierar (branngater), utrykkingstid

\* Farane er henta frå ROS-analyse Fjell kommune 2006. Radonstråling, anna stråling og støy er ikkje teke med i denne ROS-analysen. Radon vert i vareteke gjennom TEK 10, anna stråling er KU-tema (infrastruktur), støy er KU-tema (folkehelse)

### 2.3 Måloppnåing

Forslaga til ny arealbruk er vurdert i forhold til dei fastsette måla for rulleringa av kommuneplanen. Måla gjeld bustad, næring og kystkultur. Måloppnåinga er ein del av avgjerdsgrunnlaget når det skal takast stilling til om foreslått arealbruk skal inn i kommuneplanen. For vurdering av bustadmålet er det mellom anna lagt til grunn prognosar og statistikk frå KDP bustadutvikling 2013-2020, samt ein oppdatert oversikt over bustadkapasitet i kommunen.

### 2.4 Oppsummering og tilråding

For kvart delområde er resultatata frå KU, ROS og måloppnåing vurdert samla, og på dette grunnlaget er det gitt ei tilråding om kva område som bør takast inn i planen, på kva vilkår og kva andre plangrep ein ser som føremålstenleg. Det kan vere aktuelt å avgrense områda som er spelt inn i høve konflikt med annan arealbruk, miljøverdiar eller tilrå endring til eit anna formål.

### 3 FORSLAG TIL NY AREALBRUK

Ved kunngjering av godkjend planprogram vart det opna for å sende innspel til planarbeidet. Det kom inn 375 private innspel. Etter dette har politisk arbeidsgruppe gjennomført ei grovsiling, med bakgrunn i planprogrammet og enkelte overordna prinsipp, slik at talet på innspel som skal til KU er redusert med om lag ¼. I tillegg har administrasjonen komme med ein del innspel som også er vurdert i KU. Det er til saman vurdert ca 300 forslag til ny arealbruk i KU og ROS.

For å kunne utarbeide konsekvensutgreiing og ROS-analyse av dette relativt store talet på endringar er kommunen delt inn i 47 naturleg avgrensa geografiske delområde. Forslag til ny arealbruk innafor desse delområda er vurdert i same skjema. I delområde med mange innspel er dei utarbeidd eitt skjema for bustad og eitt for kyst/næring. Ny arealbruk i sjø som ikkje kjem innunder eit av delområda er vurdert i eige skjema.


Tabell 3. Oversikt over delområda.

Delområde namn	Delområde namn
Bjørøy	Foldnes
Trengereid	Anglevik
Kallestad	Våge
Ekren	Tona Valen
Syltøy	Arefjord
Hitsøy	Ekerhovd Nord
Lokøy	Ekerhovd Sør
Skålvik	Li/Liaskjæret
Langøy	Haganes
Algrøy	Tellnes
Eide	Dala
Kårtveit	Tellnes Næringspark
Angeltveit	Fjell gard
Landro	Fjell gard sør
Solsvik grend	Misje
Solsvik utmark og Vindeneskvarven	Turøy
Vindenes	Oksen
Spjeld	Brattholmen Snekkevik
Fjæreide	Ebbesvik
Knappskog	Ulveset
Morlandstø	Møvik
Geitanger	Åse - Skoge
Sekkingstad	Nese Nordvik Bratten
Kolltveit	Sjøområda

Kvart innspel har eit unikt nummer, nokre innspel inneheld fleire flater, desse er skilt ut med a,b,c osv. For kvart delområde er dei vurderte innspela skildra i høve planlagt arealbruk, storleik, eigedom og gjeldande arealbruk. Det er også gitt ei generell områdeskildring der landskapsform, vegetasjon og eksisterande utbygging og infrastruktur er kort omtala for delområdet som heilskap.

## 4 KONSEKVENSGREIING OG RISIKO- OG SÅRBARANALYSE

### 4.1 Bjorøy

Innspel nr: 162, 164, 189, 320, 372b, 410, 428		Bjorøy- Bustad
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	3+11+7+13+3+6(?) +1	
<b>Eigedom</b>	Gnr 50, bnr 6,11, 161,155, 332, 510 Gnr 51 bnr 1, 60, 159	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, med unntak av 372 som har noko noverande byggeområde.	
<b>Område-skildring</b>	<p>Bjorøy ligg aust for Sotra, sør for Litlesotra og har vegsamband til Bergen. Busetnad nord og sør på øya, i bustadfelt og spreidd knytt til gamle gardsbruk. Øya har variert strandsone, mange vikar og vågar.</p> <p>Midt på øya er ein åsrygg med myr, furuskog og kystlynghei. I gjeldande plan er det sett av fleire bustadområde, ein del av desse er regulert. Det er også område for fritidsbustader, naust og skule.</p>	
<p>Ulike innspel om bustad rundt om på Bjorøy:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nibben: Eit innspel (320) ved Nibben på Sørøra Bjorøyna i eit eksisterande gardsmiljø. Delvis utsikt mot sjø.</li> <li>• Sørøra Steinsundet: Tre innspel (164, 189 og 372b) vest på Bjorøy langs kystlinja i eksisterande hytteområde. Hytter ønskes omgjort til bustad og ein hage (innspel 372b) ønskes innlemma i bustadtomten.</li> <li>• Storhaugen: Tre innspel (162, 410 (eigedom ikkje oppmålt) og 428) på vestsida av fv 207 om lag midt på øya i eksisterande bustadområde, utsikt mot sjø, men noko avstand til sjøen.</li> </ul>		

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og – miljø</b>	Liten	Lite/ middels negativt	Liten	320 ligg på gamletunet på Sørøra Bjorøy. SEFRAK-registrert gardstun i dårleg stand. Utbygging vil gje redusert lesnad av kulturmiljøet. Automatisk freda kulturminne i og rett ved innspel 164. Potensiale for funn særleg på 320 og 164. Ingen registrerte kulturminne i dei andre områda.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg	320 ligg delvis i område registrert som viktig naturtype- rik edellauvskog (B-verdi). I dei andre områda er det ikkje registrert noko i høve til naturmangfald. Avbøtande tiltak på Nibben vil være å unngå å bygge i den bratte skråninga mot nord.
	Middels (320)	Middels/ stort negativt (320)	Middels negativ (320)	
<b>Friluftsliv</b>	Liten/ middels	Lite/ middels negativt	Liten til middels negativ	320 grenser til registrert nærterreng og gamalt vegfar går gjennom tunet til utmark/turområde. Turveg gjennom 189. Viktig å oppretthalde gjennomgang frå vestsida til nordsida av Bjorøy gjennom område 189 og gjennom 320 til terreng. 164 og 189 ligg i funksjonell strandsone. 162 i eit større grøn lunge mellom bustadområde.
<b>Landskap</b>	Middels/ stor (320)	Middels/ stort	Middels/stor negativ (320)	Landskap/ bygningsmiljø med gode visuelle kvalitetar på Nibben, gardstun i kulturlandskap

		negativt (320)		og delvis innanfor funksjonell strandsone, registrert som viktig landbruksareal i landskapsanalyse. Innspela ved Sørå Steinsundet er eksponert frå sjøen og 164 og 189 er innanfor funksjonell strandsone. Fortetting ved Storhaugen (162, 410, 428) er tilrådd i landskapsanalyse.
	Middels (164, 189 og 372b)	Middels negativt omfang (164, 189 og 372b)	Middels negativ (164, 189 og 372b)	
	Middels (162, 410 og 428)	Ubetydeleg (162, 410 og 428)	Ubetydeleg (162, 410 og 428)	
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Delar av innspel 162 ved Storhaugen er fulldyrka jord og del av landbrukseigedom. Innspelet gjeld kun driftsbygningen slik at den fulldyrka jorda kan haldast utanfor.
<b>Folkehelse</b>	Innspela langs fylkesveien kan vere utsett for vegtrafikkstøy. Alle innspela, med unntak av Nibben (320), innanfor gul støysone frå Bergen lufthamn Flesland. Ballbane ved Bjørøy skule, men langt til idrettsanlegg. Alle innspela ligg nær turterreng. Hyttene ved innspel 164 ved Sørå Steinsundet ligg vanskeleg til for universell utforming. Innspel 162 ved Storhaugen kan og vere noko vanskeleg tilgjengeleg.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Eigen skule på Bjørøy og fleire barnehagar. Gangavstand til skulen for alle innspela med unntak av 189 og 372 (ved Sørå Steinsundet). Skuleveg ikkje trafikksikker (sjå under infrastruktur).			
<b>Miljø og klima</b>	Lite service- og tenestetilbod utover skule- og barnehage, må køyre til andre tilbod. Kollektivtilbodet relativt godt langs fv 207 fram til skulen, vidare sørover er ikkje tilbodet like godt (v/ innspel 164 og 320). Innspela ved Sørå Steinsundet (164, 189 og 372b) ligg i lang avstand frå busslina. Innspel 189 og 372 noko nordvendt (jf moglegheit for klimavennlege hus).			
<b>Infrastruktur</b>	Fylkesvegen (fv 207) som går over øya har ikkje eige system for gåande/ syklande. Det er regulert inn fortau langs fv 207 i reguleringsplan. Vegane til innspela ved Stora Steinsundet (Træshaugen og vegen ned til Vestrepollen/ Trettevika) er smale og svingete, utan fortau, og det er relativt mange bustader (trafikk) knytt til vegane. Spørsmål om det bør tillatast meir utbygging på øya før fortau langs fv 207 og aktuelle atkomstvegar er på plass. Det er offentleg vatn i fv 207 fram til skulen og planlagt vidare, det er ikkje offentleg avlaup. Områda ved Sørå Steinsundet har ikkje offentleg vatn og avlaup. Høgspenning gjennom 320 (Nibben), like ved sida av innspela ved Sørå Steinsundet og like ved sida av 428. Dersom vi går ut frå at det er 22 kv – leidning vil høgspenning ha lite å seie for innspela ved Sørå Steinsundet, 320 vil bli avgrensa noko av byggjegrænse pga strålefare medan 428 vil vere uaktuell utan kabling/ omlegging			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	YM-2, LH-1, MV-2	Gul	Områda ved Sørå Steinsundet (164, 189, 372b) ligg i strandsona. Avbøtande tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo.
<b>Skog/ lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog og lyng opp mot alle områda. Laksevåg brannstasjon kan nå områda på under 20 min. Risikoreduserande tiltak- god tilkomst.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Det er ledige tomter i eksisterande bustadområde på Bjørøy. I dag er det ca 780 busette på Bjørøy, alle nye innspel vil kunne gi ca 120 nye busette, dvs 15% auke. Innspel utanfor etablerte bustadområde, dvs innspel 320, 164, 189 og 372, har låg måloppnåing, bygger ikkje opp om lokalsamfunnet då det vil gje for stor vekst på Bjørøy på for kort tid.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Nye bustader i etablert kystmiljø har dårleg måloppnåing.

**Oppsummering:**

Oppsummering	
<b>KU</b>	Innspel nr 320, Nibben har liten til middels negativ konsekvens for dei fleste KU-tema og bør utgå. Innspel nr 164, 189 og 372, Sørå Steinsundet, har middels negativ konsekvens for landskap og ligg i funksjonell strandsone, men har elles ubetydeleg/ liten konsekvens. Det sårbare landskapet i kombinasjon med dårleg infrastruktur gjer imidlertid at det ikkje bør opnast for bustadbygging/ omgjerung av hytter til bustad her. 162, 410 og 428, Storhaugen, har ubetydeleg/ liten konsekvens for alle verditema. 428 ligg ved høgspenteleidning og kan ikkje byggjast på utan omlegging/ kabling, ansett som utelukka pga økonomi.
<b>ROS</b>	Innspela ved Sørå Steinsundet (164, 189, 372b) utsett for høg vasstand og bølger, alle innspela utsett for skog/ lyngbrann. Risikoreduserande tiltak er føreslått.
<b>Måloppnåing</b>	Nye bustader utanfor etablerte bustadområde, dvs innspel 320, 162, 164, 189 og 410, har låg måloppnåing, dei bygger ikkje opp om lokalsamfunnet og vil gje for stor vekst på Bjørøy på for kort tid.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 372 b  Ikkje tilrådd: 162, 164, 189, 320, 410, 428

Innspel nr: 30 og 335 a-e		Bjørøy- Næring/ kystkultur
<b>Planlagt arealbruk</b>	Naust, privat- tjenesteyting (rorbuer) og småbåthamn	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	9,7+3,3+1,9+0,5+1,2+1,8	
<b>Eigedom</b>	Gbnr 50/ 11 og 166	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, Sjø og vassdrag- friluftsområde (335), Sjø og vassdrag- allmenn bruk (30)	
<b>Områdeskildding:</b>	Området ligg på nordvestsida av Bjørøy ut mot sjø. Innspel 30 gjeld ønskje om småbåthamn i Trettevika. Areal på land i Trettevika er noko strand, noko jorde. Innspel 335 gjeld ønskje om naust, rorbuer og småbåthamn på/ ved eit nes som går inn i Vestrepollen samt småbåthamn på sørsida av Vestrepollen. Det er ein del skog og krattvegetasjon på land her. På land ved småbåtinnspelet på sørsida av Vestrepollen er det vist naustføremål i gjeldande kommuneplan.	

**Konsekvensutgreiing:**

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og – miljø</b>	Liten	Lite/ middels negativt	Liten negativ	Nokre SEFRAK-registrerte naust i austre del av Vestrepollen utgjer eit kulturmiljø, ikkje registrert som sjøbruksmiljø i kommunen sine kulturminneregistreringar.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Liten negativt	Ubetydeleg	Ingen registrerte naturverdiar i området.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Lite/ middels negativt	Liten negativ	Områda er i bruk til båtliv, det er båtbyggjer i sjø på alle sjøareala. Innspel 30 synes å innehalde ei lita strand egna for bading, men noko stein/ tang. Søndre del av Vestrepollen, like aust for innspel om båthamn (335e) inneheld eit registrert badeområde: Joafjøro. Det kan heller ikkje utelukkast at neset i Vestrepollen vert brukt til bading, men det er ingen registrerte stiar ut dit i dag. Småbåthamn i kombinasjon med badeområde er generelt ein vanskeleg kombinasjon. Tiltaka hindrar / kjem i konflikt med badeinteressene (negativt), men gir auka moglegheit for båtliv (positivt).
<b>Landskap</b>	Middels/ stor	Middels negativt	Middels negativ	Områda ligg langs sjø innafor funksjonell strandsone i et område med gode/ spesielt gode visuelle kvalitetar. Noko nybygging og terrengbearbeidingar (fyllingar)

				trekkjer ned heilskapsinntrykket i dei to landskapsromma. Tiltaka er foreslått lagt på ei strand (30) og elles tilnærma urørt strandline (335).
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg	Deler av innspel 30 registrert som fulldyrka jord, del av eit mindre fulldyrka område.
<b>Folkehelse</b>	Tiltaka vil kunne forverre tilgangen til, og gi fare for forureining i, bade/ svømmeområde.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Stranda ved innspel 30 og områda på neset innspel ved 335 kan vere i bruk av barn- og unge i dag til bading.			
<b>Miljø og klima</b>	Kollektiv-tilbodet relativt godt langs fv 207, men området ligg noko langt frå busslina.			
<b>Infrastruktur</b>	Fylkesvegen (fv 207) som går over øya har ikkje eige system for gåande/ syklande. Det er regulert inn fortau langs fv 207 i reguleringsplan. Vegen ned til Vestrepollen/ Trettevika er smal og svingete, utan fortau, og det er relativt mange bustader/ trafikk knytt til vegen. Tiltaka vil gje ytterlegare trafikk på vegen. For å kome seg ut til neset i Vestrepollen må det leggjast ny veg i utmark. Lite moglegheiter for å etablere parkering for småbåthamn 335 e. Det er og sannsynleg at ein må ta i bruk større delar av neset enn det som er vist for å få parkering til tiltak 335a-d. Det er offentleg vassleidning i Vestrepollen (335), men ikkje i Trettevika (30). Offentleg avlaup manglar i området.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S3	LH1, YM1, MV3	Gul	Område med lite vind så sannsynlegheita er låg (noko sannsynleg). Risikoreduserande tiltak er å utføre ei bølgjevurdering i samband med reguleringsplan og dimensjonere småbåthamnene etter konklusjonane i denne. Naust/ rorbuer bør byggjast robust for å tåle høg vasstand, evt kan rorbueene byggjast over sikker kote i høve til stormflo.


#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Ønske om kystrelatert næring (rorbuer) kan vere i tråd med målsetning så lenge rorbueene ikkje blir selt ein og ein til privatpersonar.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Tilrettelegging for båtliv og kystrelatert reiseliv/ næring i tråd med målsetninga. Likevel viktig å ta omsyn til historisk miljø i Vestrepollen. Området har potensial til å kunne bli eit område der ein kan få plass til ulike kystrelaterte tiltak som badeplass, småbåthamn og kanskje naust/ rorbuer. Det kan vere vanskeleg å kombinere bading og aktivitetar for allmenta med småbåthamn. Det bør settast krav om reguleringsplan for eit større området enn kav innspela gjeld, der ein vurderer meir i detalj kva området tåler og der vegen til området er med for å sikre utbetring.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspela har middels negativ konsekvens for landskap og friluftsliv. Det blir relativt omfattande dersom alt som er foreslått skal gjennomførast. Infrastrukturen er heller ikkje god.
<b>ROS</b>	Utsatt for høg vasstand og bølger. Anbefaler bølgjevurdering for småbåthamn og robust bygging av naust/ rorbuer. Rorbuer bør evt byggjast over sikker kote for stormflo.
<b>Måloppnåing</b>	God måloppnåing for kystkultur dersom omsyn til eksisterande miljø og sikring av allmenn tilgjenge til strandsona vert ivareteke.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 335 a-e: Fritids- og turistføremål m bestemmelsessone for felles planlegging, rekkefølgjekrav vegutbetring. Ikkje tilrådd: 30

## 4.2 Trengereid

<b>159, 219, 220</b>	Trengereid	
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	12+100+220	
<b>Eigedom</b>	Gnr 1, bnr 2, 3, 5	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, framtidig vegføremål	
<b>Områdeskildring</b>	<p>Trengereid ligg på grensa til Sund og må sjåast i samanheng med arealbruk på andre sida av kommunegrensa. Ligg langs fv 555. Avstand frå Skogsvågskiftet er kring 0,5 km. Søndre del av innspel 220b grensar til bustadområde i Sund.</p> <p>Det er eksisterande område for LNF spreidd i den gamle bebyggelsen og kulturlandskapet på Trengereid. Innspela ligg utanfor dette. Det er eit eksisterande, ikkje utbygd, bustadområde i Trengereid, vedteke i 2014.</p> <p>219 og delar av 220a ligg i område avsett til ny fv 555 og er ikkje aktuelle som bustadområde, dei er difor ikkje vurdert vidare i KU. Ved regulering av fv 555 vil det verte klart om delar av innspel 219 og 220a kan nyttast til bustadområde.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne i området.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Hjortetrekk gjennom 220b
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten	Turløyper mot Sund. 159 vil verke negativt på friluftsliv i Fjellspollen. 220b kan ha nærturterrengverdi for Hammersland/Skogsvåg.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Innspela ligg i småkollete landskap som er sårbart for inngrep på høgdedrag og kantar av terrengformer. Innspel nr 159 ligg i funksjonell strandsone på terrengkant mot Trengereidpollen. Tilråding i landskapsanalysen er å unngå bustadbygging på eksponerte knausar og ryggar langs Trengereidpollen. Søndre del av 220 i forlenginga av eksisterande bustadområde i Sund (Hammersland), bør avgrensast opp mot Hammerslandhaugen.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg	Noko skog på middels bonitet.
<b>Folkehelse</b>	Områda nærast fv 555 kan vere støyutsett. Kort veg til turmål og idrettsanlegg i Sund.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	3 km til barneskule på Tellnes, ungdomsskule i Tranevågen (Ågotnes). Kort avstand til idrettsanlegg i Sund.			
<b>Miljø og klima</b>	Ligg langs aksa, kort veg til kollektivtilbod. Kort veg til servicetilbod i Skogsvågskiftet.			
<b>Infrastruktur</b>	Dagens fv 555 har ikkje fortau, trafikkfarleg. Avbøtande tiltak er å ikkje opne for meir utbygging før ny fv 555 er på plass. Vegutbygging i Sund kommune vil gje vegtilkomst til søndre delar av 220b. Planlagt offentleg vassforsyning, ikkje utbygd eller planlagt avlaupsnett. Delar av 220b ligg i nedslagsfeltet til drikkevasskjelda Kørelen. Kraftleidning går gjennom 220b, gjer området delvis ikkje byggbart, evt må kabling til.			

**Ros- analyse:**

Fare/tema	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
Skog og lyngbrann	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog og lyng på fleire sider av 220b. Nær brannstasjon på Skogsskiftet. Risikoreduserande tiltak - god tilkomst for brannvesen.


**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Auka bustadbygging på Trengereid må sjåast i samanheng med utbygginga som skjer i Sund. Utbygging i eit visst omfang og fram i tid vil vere i tråd med arealstrategiane for planarbeidet i Fjell. Det vil også kunne bygge opp om KDP Skogsvåg (Sund).
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	-

**Oppsummering:**

	Oppsummering
KU	Innspele 159 har negative konsekvensar for landskap og friluftsliv og bør utgå. Innspele 220 bør avgrensast i høve terreng opp mot Hammarlandhaugen til område som vender seg mot Skogsvåg. Det går kraftlinje gjennom område og delar av område ligg i nedslagsfeltet til drikkevasskjelde
ROS	Skog- og lyngbrann, krev god tilkomst for brannvesen.
Måloppnåing	Noko utviding av bustadområda er i samsvar med arealstrategiane.
Tilråding	Tilrådd med endring: 220 b - bør avgrensast og leggest inn som ei utviding av Hammarland/Skogsvåg-området, avgrense mot terreng og tursti. Utbygging av 220b vil krevje tiltak i høve nedslagsfelt for drikkevatt og kraftlinje gjennom området.  Ikkje tilrådd: 159, 219, 220a

### 4.3 Kallestad



<b>Planlagt arealbruk</b>	<b>366: Næring, kystkultur, 411: Bustad, 261: LNF spreidd</b>
<b>Arealstorleik (daa)</b>	192 + 20,5 + 0,7
<b>Eigedom</b>	Gnr 2 bnr 2,6, 195
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF og LNF spreidd
<b>Områdeskildring:</b>	Kallestad ligg sørvest i Fjell kommune, ikkje langt frå kommunegrensa til Sund. Klausulert hovudvasskjelde, Kørelen, ligg innanfor dette området. I dag har Kallestad fleire LNF spreidd område, og det har blitt bygd 3 hus dei siste 3 åra. Dei nye innspela er lokalisert langs vegen på Kallestad, og naustområdet ved eksisterande naust.

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	SEFRAK-naust ved tiltak 366. Steingardar
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydelig	Ubetydelig	Kystlynghei
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Lite til middels negativt	Liten til middels negativ	411: Fjellspollen regionalt viktig friluftsområde i sjø med få tekniske inngrep. Nærturterreng sør for innspelet og LNF-natur nord for innspelet. Tilkømt til marka gjennom 261. LNF-friluft inst i Kallestadvika.
<b>Landskap</b>	Middels	Stort negativt	Middels til stor negativ	261 omfattar eit vakkert kulturlandskap som ikkje har bygningar frå før. Området ligg delvis på berg i høgda, i kupert terreng. Bygging av bustader her vil krevje terrenghandsaming og vil ligge eksponert i landskapet, spesielt mot vatnet. 411 er 192 daa, og har ein dimensjon som strider i

				mot busettingsmønsteret elles på Kallestad. 411 ligg eksponert til i landskapet, både frå sjø (Trengeidpollen/Fjellspollen) og frå land. Delar av 411 ligg og i strandsona. Avbøtande tiltak er unngå busetnad med innsyn til Fjellspollen, unngå å bygge i høgda, på kollar og knausar og redusere feltet.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite til middels negativt	Liten negativ	Overlappar delar av overflatedyrka landbruksjord i søre del av 366. Innspel 261 ligg midt i kjerneområde for landbruk, delvis på overflatedyrka jord. Delar av 411 overlappar med skogbruksareal med høg bonitet.
<b>Folkehelse</b>	Både nærturterreng og markaområde i nærleiken. Ikkje gangavstand til idrettsanlegg etc.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Om lag 7 km til Tellnes skule. Stor avstand til organiserte fritidstilbod, gode høve til friluftsliv.			
<b>Miljø og klima</b>	Busstilbod er dårleg, slik at bilkøyring må påreknast i hovudsak. Både innspel 411 og 261 er antatt ligg solrikt til.			
<b>Infrastruktur</b>	Det er vegtilkomst til både innspel 411 og 261. Innspel 261 ligg i sin heilheit innanfor nedslagsfelt for klausulert hovudvassskjelde, Kørelen. Innspel 411 ligg delvis innanfor same nedslagsfelt. Planlagt vass- og avlaupsleidingar. Trafikkfarleg veg; smal og svingete. Omfanget av innspel 411 vil auke trafikkmengda på vegen, og gjere den endå meir trafikkfarleg enn den er i dag.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	<b>S5</b>	<b>LH-2, YM-2, MV-3</b>	<b>Gul</b>	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.


#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	411 Stort bustadfelt byggjer ikkje opp under dagens busettingsmønster i Kallestad. Vidare utvikling av grenda bør skje innanfor LNF spreidd. 261 utgjer ei utviding av noverande bebyggelse på Kallestad, men det er plass til fleire bustader innafor gjeldande LNF-spreidd område.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Innspel 366 naustområde i Kallestadvika ligg nær eit eksisterande naustområde, med vegtilkomst. Det er i dag båttopptrekk på land.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Bustadområde (411), er i konflikt med landskap og nedslagsfelt til Kørelen. 261 i konflikt med landskap og kulturverdiar (steingarde). Naustområde har små konflikhtar.
<b>ROS</b>	Ingen identifiserte farar.
<b>Måloppnåing</b>	411 stimulerer til ei heilt anna type grend enn det Kallestad er i dag, grunna storleik, type felt og trafikkmengde.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endringar: 366: Bør avgrensast mot veg.  Ikkje tilrådd: 261, 411

#### 4.4 Ekren

<b>Innspel nr: 319</b>	<b>Ekren</b>	
<b>Planlagt arealbruk</b>	LNF-spreidd	
<b>Arealstorleik</b>	1,9 daa	
<b>Eigedom</b>	3/18	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Ekren/Ekra er ei lita grend, på ei halvøy sør for Ulveset og Nordvik. Store delar av Ekren er sett av i gjeldande kommuneplan til LNF-spreidd bustadbygging. Innspel 319 er tilgrensande til dette området.</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ingen registrerte verdiar
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ingen registrerte verdiar
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Fjellspollen er regionalt viktig friluftsområde i sjø. Ved 319 er det utbygd med naust.
<b>Landskap</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Ein liten del av innspelet ligg i FS. Avbøtande tiltak er å redusere innspelet til ikkje å gjelde FS.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ingen registrerte verdiar
<b>Folkehelse</b>	Innspelet ligg i nærleik til nærturterreng.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Om lag 4,5 km til Ulveset skule. Stor avstand til organiserte fritidstilbod, gode høve til friluftsliv.			
<b>Miljø og klima</b>	Lang avstand til servicetilbod, sentrum. Like ved busshaldeplass. Noko dårleg rutetilbod.			
<b>Infrastruktur</b>	Planlagt vassleidning til Ekren. Ligg nær eksisterande veg, og anna busetnad/hytter			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande tiltak
Ingen identifiserte farar				


#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Innspelet stimulerer til busetjing på Ekren.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	-

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Den delen av arealet som ligg i FS er uheldig og bør trekkast bort. Eit smalt belte mellom denne tomta og eksisterande LNF-spreidd bør i såfall og endre status til LNF-spreidd.
<b>ROS</b>	Ingen identifiserte farar
<b>Måloppnåing</b>	Innspelet om spreidd bustad (319) ligg i tilknytning til eksisterande busetnad, og er med å oppretthalde busetjing i grenda.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endringar: 319 - ta bort arealet som ligg i FS.

## 4.5 Syltøy



<b>Planlagt arealbruk</b>	<b>LNF spreidd bustad, bustad, naust, næring</b>
<b>Arealstorleik (daa)</b>	4,2 + 1 + 3,4 + 4,2 + 6,9 + 2,4 + 16 + 18 + 20 + 3,1 + 16 + 32 + 10 + 4,6
<b>Eigedom</b>	Gnr 12 bnr 41,25,69,87,118,109,36,59,117,3,87,5,3,7,81,82,122,66
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF- spreidd og bustadområde
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Syltøy ligg vest for Sotra, sør for Lokøy og har fastlandsamband. Området er småkupert med mindre kollar og små vikar. Innspela ligg for det meste langs veg.</p> <p>Innspela til kommuneplanen er fleire område for LNF-spreidd, to bustadområde, eit naustområde og endring av skuletomta til kombinert føremål for bustad og næring. Syltøy grendelad har kjøpt delar av skuletomta. Innspel 280 a,c,f ligg allereie innanfor eksisterande LNF-spreidd område for bustadbygging og treng difor ingen handsaming i KU.</p>

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	SEFRAK-bygg i 280b, 280c
<b>Naturmangfald</b>	Middels	Lite/middels negativt	Liten til middels	Hekkeområde for gråmåke 280b/481. Hekkeområde svartbak/gråmåke i og like ved 280e. Registrert brakkvasspoll med b-verdi i pollen delvis innfor 481(a). Viktig blautbotnområde vest for Syltøy.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite	Liten negativ	LNF-friluftsliv i vika mellom 196 og 454. Nærturterreng

		negativt		inntil 280d. Sjøområda kring Syltøy er regionalt svært viktig friluftsområde i sjø.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Nokre av innspela er svært eksponert mot sjø, og stikk hol på nye område: 280d + 280e. Nokre av innspela ligg i FS: 280 og 481, delar 226, 280d, 280e, 196 og 351a. Små delar av 454 ligg og i FS.
<b>Landbruk</b>	Liten/mid dels	Liten/mid dels	Middels	280d er lokalisert innanfor kjerneområde landbruk på innmarksbeite og skrin/jorddekt fastmark.
<b>Folkehelse</b>	Nærturterreng på Syltøy.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	7,5 km til Skålvik skule. Langt frå skule og organiserte fritidsaktivitetar.			
<b>Miljø og klima</b>	Langt frå sentrumsområda. Lite utbredt kollektivtilbod utover pendlartidene.			
<b>Infrastruktur</b>	Dei fleste tiltaka ligg i tilknytning til veg, Fv 208. Planlagt vassleidning til Syltøy/Løkøy/ Møvik. Høgspenline går gjennom innspela: 280b, 481, 454, 196 og 226, og medfører at ikkje heile området kan byggjast ut.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Vind</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	GUL	280d er sterkt utsatt for vind. Risikoreduserande til tak er å bygge robust mot vind.
<b>Skog/ lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	GUL	Over 20 minutt utrykkingstid for brannvesen. Risikoreduserande tiltak er god tilkomst for brannvesen, evt lokale beredskapstiltak.
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Innspela legg til rette for tilflytting og levande lokalsamfunn på Syltøy. Naudsynt å sjå innspela i samanheng, då dimensjonane på innspela totalt utgjer svært mange hus. For å halde på tradisjonelt byggemønster, og utvikling av grenda må ein velje ut nokre av områda som ein ynskjer å utvikle vidare. Bør halde på LNF-spreidd som "grep" på Syltøy, unngå bustadområde i tillegg. Vurdere eventuelt å auke kvotene.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Næring på gamle skulehustomta kan styrke målet om næringsutvikling i kommuneplanen, og bygga kan komme ålmenta meir til gode. Kombinasjonen næring, bustad og grendelagsaktivitetar kan vere vanskeleg å kombinere.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Planlegging av felles naustområde pågår på Syltøy, bør samle utbygging i strandsona.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Ein del område har konflikt med landskap, funksjonell strandsona og landbruk. Avbøtande tiltak er å unngå bygging på høge toppar, på dyrka mark og i FS.
<b>ROS</b>	Identifiserte farar er vind, høg vasstand og skog/lyngbrann. Risikoreduserande tiltak er foreslått.
<b>Måloppnåing</b>	Legg til rette for bustad, som kan vere med å stimulere til vidare busetjing på Syltøy.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 280a,c f (ligg allereie i LNF-spreidd)  Tilrådd med endring: 21: Sette av gamle skulehustomta til næring, ta ut bustad. 226: Redusere områda bort frå FS 280b: Redusert til berre å gjelde område mellom veg og hekkeområde. Dvs gbnr 12/13 og 12/117.  Ikkje tilrådd: 196, 280d,e, «280 og 481», 351a,b, 454,481

## 4.6 Hitsøy

<b>Innspel nr: 392</b>	<b>Hitsøy</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Naustområde
<b>Arealstorleik</b>	0,9 daa
<b>Eigedom</b>	Gnr 13 bnr 30
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF
<b>Områdeskildring</b>	Hitsøy ligg heilt vest i Fjell kommune, vest for Syltøy. Øya har ikkje brusamband, det er i dag nokre få fastbuande. Det er eitt innspel for Hitsøy, naustområde 392, lokalisert aust på Hitsøy, vest for Straumsholmen. Bergen og omland friluftsråd (BOF) har ansvar for eit statleg sikra friluftsområde på Hitsøy.



### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	SEFRAK naust og gammalt naustmiljø rett ved tiltaket.
<b>Naturmangfald</b>	Middels	Ubetydelig	Ubetydelig	Det meste av Hitsøya er LNF-natur. Naturtype taeskog i sjø, B-verdi
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Tiltaket grenser tett i statleg sikra friluftsområde på holmen rett ved og delvis i konflikt med dette. Området egna som badeplass. Det meste av Hitsøya og sjøen ikring er registrert som regionalt viktig friluftsområde.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Utbygging i strandsona
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ingen innverknad på landbruk
<b>Folkehelse</b>	Hitsøya prioritert område for fysisk aktivitet (BOF)			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Hitsøya prioritert område for barn og unge (BOF)			
<b>Miljø og klima</b>	Ingen innverknad			
<b>Infrastruktur</b>	Ligg i tilknytning til eksisterande naust. Hitsøy har ikkje vegsamband til fastland.			

### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Bergen og omland friluftsråd ynskje å utvikle Hitsøyna som ein læringsarena for kystkultur, naturvern og fysisk aktivitet. Privatisering av område heilt inn til og delvis i konflikt med statleg sikra areal er difor ikkje ynskjeleg

### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Konflikt med statleg sikra friluftsområde
<b>ROS</b>	Høg vasstand for tiltak i strandsona. Risikoreduserande tiltak er føreslått.
<b>Måloppnåing</b>	Ingen busetnad på Hitsøy. Kystkultur for allmenta bør prioriterast
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 392

## 4.7 Lokøy

<b>Innspel nr: 32, 130, 135/168, 344, 396, 414a,b, 471</b>		<b>Lokøy</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Naust, bustad, småbåthamn	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	71 + 0,7 + 0,3 + 0,8 + 0,5 + 0,7 + 0,7 + 44	
<b>Eigedom</b>	Gnr 14 bnr 89, 25, 5, 210, 173	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Lokøy ligg vest av øya Sotra, og sør for Algrøy. Lokøy har fastlandssamband via Langøy til Skålevik. Bustadane er for det meste lokalisert langs veg, på sørlege del av Lokøyna. Øya har eit kuppert, kollete landskap.</p> <p>Innspela til kommuneplanen er bustadområde nord for brusambandet til Langøy, tre naustområde, eitt LNF-spreidd område og eit administrativt innspel om småbåthamn.</p> <p>Lokøy har fleire LNF-spreidd område i gjeldande plan.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite til middels negativt	Liten negativ	32: SEFRAK bygg i Lokøybukta. Avbøtande tiltak er å innpasse eksisterande naustmiljø med småbåthamna. Potensiale for automatisk freda kulturminne ved 135 og 168
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Delar av 135 og 168 er LNF-N. Raudlista art, dikevasshår registrert i innsjø.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Delar av innspel 135 og 168 er innanfor svært viktig regionalt friluftsområde på land og på sjø. Rett ved sikra friluftsområde. 396 ligg på svaberg som ikkje er utbygd.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Område 135 og 168 er i dag ubygd, store delar ligg i FS, området er kollete og ligg eksponert i landskapet. Innspel 414a ligg i FS. Innspel 396, 414b, 344 og 130 stikk hol på nye område i strandsona.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Innspel 135 og 168: Skog på høg bonitet i delar av området
<b>Folkehelse</b>	Inngrep i viktige friluftsområde, eller som er eksponert mot viktig friluftsområde er negativt for ålmenta			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Over 5 km til skule, Skålevik. Stor avstand til organiserte fritidstilbod, gode høve til friluftsliv.			
<b>Miljø og klima</b>	Lang avstand til service- og tenestetilbod. Avgrensa busstilbod, privatbil må nyttast i stor grad.			
<b>Infrastruktur</b>	Planlagt vassleidning til Lokøyvågen. Fleire av naustinnspela har ikkje vegtilkomst. Bustadområde (135 og 168) ligg eit stykke i frå eksisterande busetnad. Arealet er på 71 daa og har ein dimensjon som er større enn bustadstrukturen elles på Lokøy. Auka trafikk på elles dårlege vegar. Høgspenline går igjennom delar av området 135 og 168. Planlagt vassforsyning, ikkje offentleg avlaup.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
Høg vasstand og bølger	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Lokøy ligg langt frå dei fleste service- og tenestetilbod. Bør bygge opp under eksisterande busettingsmønster med spreidd utbygging innafor grenda. Nye bustadfelt vil bryte med dette.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Småbåthamn på Lokøy ligg godt til rette. Det bør leggjast til rette for tilgjenge for allmenta og setjast av areal for fellestiltak ved regulering.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
<b>KU</b>	Dei fleste naustområda er i konflikt med landskap og allmenta sine interesser. Bustadområde har ikkje forbindelse til eksisterande busetting og vil stikke hol på nye område.
<b>ROS</b>	Høg vasstand for tiltak i strandsona, risikoreduserande tiltak er foreslått.
<b>Måloppnåing</b>	Om ein vil styrke busetnaden bør ein legge opp til busetjing i eksisterande LNF-spreidd område. Utvikling av busetnad bør skje som fortetting, for ikkje å bryte med tradisjonell byggeskikk, og bryte med identiteten bygda har i dag. Småbåthamn gir god måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 32, 344, 414a og 471  Ikkje tilrådd: 130, 135 og 168, 396, 414b

## 4.8 Skålvik

<b>Innspel nr: 111, 237a, 237b, 379</b>		<b>Skålvik</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, offentlig eller privat tenesteyting	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	0,7+10,2+8,9+35,3	
<b>Eigedom</b>	Gnr 15 bnr 277, 200, 32 m.fl	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, offentlig og privat tenesteyting	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Området er småkupert og dominert av lynghei med innslag av krattskog. Kystlina er i hovudsak bratt og vanskeleg tilgjengeleg med unntak av mindre vikar som ber preg av naust og båtfeste.</p> <p>Det er fleire regulerte bustadområde i Skålvik og nokre mindre område med LNF-spreidd. Skålvik skule og idrettsanlegg ligg i området.</p> <p>Innspela til kommuneplanen er:  111, 379: Bustad  237a og b: Gjeld flytting av område for offentlig og privat tenesteyting, og gjere om det eksisterande arealet til bustad.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konse- kvens	Merknad
<b>Kulturminne og – miljø</b>	Ingen	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminneverdiar i området.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Lite negativt	Ingen registrerte naturverdiar i området.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Lite negativt	Utmarksområda der innspela ligg har noko verdi som leikeområde for dei som bur i nærleiken og er nærrområde til skule.
<b>Landskap</b>	Middels/stor (111)	Lite negativt (111)	Middels negativ (111 og 379)	Innspel 111 ligg i funksjonell strandsone og vil innebere eit relativt stort terrenginngrep pga hellingsgrad. 379 vil innebere eit stort inngrep i lyngheiområdet som delvis vender seg mot det eldre bustadområdet i Skålvik.
	Middels (379)	Middels (379)		
	Liten/middels (237)	Lite negativt (237)	Lite negativ (237)	
<b>Landbruk</b>	Liten /ingen	Lite negativt	Liten negativ /ubetydeleg	Marginale landbruksverdiar i området
<b>Folkehelse</b>	Nærleik til idrettsanlegg og område eigna til friluftsliv er positive for folkehelsa.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Områda har nærleik til skule og gode høve for trygg skuleveg.			
<b>Miljø og klima</b>	Avgrensa busstilbod, lang avstand til ein del service- og tenestetilbod, avhengig av bil.			
<b>Infrastruktur</b>	Vestsidvegen er smal og svingete og har høg trafikk i høve til standard. Nye store bustadområde vil utløyse behov for utbetring.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
Vind	S5	K2 (MV)	Gul	Risiko er her knytt til skadar på bygg og lausøre som følgje av periodar med sterk vind. Risikoreduserande tiltak er gunstig plassering av bygg, gode rutinar for sikring og eventuelle vinddempande konstruksjonar.
Skog og lyngbrann	S3	K3 (MV)	Gul	Arealet ligg i eit område som historisk har vore råka av lyngbrann. Gode rutinar for brannsikring, og tilkomst for brannvesen er risikoreduserande tiltak.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Dei regulerte bustadområda dekkjer trongen for nye bustader i området i planperioden.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	-

**Oppsummering:**

	Oppsummering
KU	Innspele har få store konflikter. 111 og 379 er vurdert å ha negative konsekvensar for landskapsbilete. Det er og problematisk å legge opp til auka trafikk langs Vestsivegen.
ROS	Eventuell utbygging må ta omsyn til utfordrande vindtilhøve og lyngbrannfare.
Måloppnåing	Innspele bidrar i liten grad til måloppnåing. Det er i dag ein større reguleringsplan for bustader i området som sikrar tilstrekkeleg kapasitet i planperioden.
Fagleg tilråding	Ikkje tilrådd: 111, 237ab og 379

## 4.9 Langøy

<b>Innspel nr: 259,307, 430</b>	<b>Langøy</b>	
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustadområde, næring, naust	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	32 + 0,6 + 0,6	
<b>Eigedom</b>	Gnr 16 bnr 2,40	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	Kaste-låssettingsplass, LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Langøy er ei langsrakt øy, med fastlandsamband frå Skålevik, og gjev vidare vegsamband til Algøy og Lokøy. Langøy har viktig kulturhistorie som tidlegare stad for landhandel, og salteri.</p> <p>Det er eit regulert bustadområde sør på øya, utviding av dette ligg inne i gjeldande plan. Nord på øya ligg Langøy Kystkultursenter og eit område for LNF spreidd bustad. Det er også eit regulert område for fritidsbustader på øya (Langøy kystlandsby).</p> <p>Innspela til kommuneplanen er følgjande:  430: Bustadområde, utviding av område i sør  307: Næringsområde  259: Naustområde</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten (307) Middels(430)	Lite negativt (307) Middels negativt (430)	Liten negativ(307) Middels negativ (430)	SEFRAK naust ved innspel 307. Også registrert naustruin i 259 som søkt bygd opp att. Innspel 430 ligg rundt 3 kulturmiljø (2 automatisk freda) Potensiale for funn også inne i 430.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ingen registrerte verdier
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Innspel 259 ligg i område som er registrert som svært viktig regionalt friluftsområde i og ved sjø.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite/middels negativt	Liten/middels negativ	Innspel 430 ligg for det meste i FS.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ingen registrerte verdier
<b>Folkehelse</b>	Langøy har gode friluftsmogelegheter/nærturområde.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	3 km til Skålvik skule, lang veg til ungdomsskule og organiserte fritidsaktivitetar.			
<b>Miljø og klima</b>	Langt frå service- og tenestefunksjonar utover skule. 15 km til Straume. Må påreknast ein del bilkøyring då busstilbodet er noko avgrensa.			
<b>Infrastruktur</b>	Smal og svingete veg. Offentleg vatn og avlaup. Kaste- og låssettingsplass i Langøyvika.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
Skog/ lynnbrann	S5	LH-1, YM-2, MV-2	GUL	Fare for lynnbrann, over 20 min utrykningstid for brannvesen. Risikoreduserande tiltak er god tilkomst for brannvesen, evt lokale beredskapstiltak.
Høg vasstand og bølger	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Innspele om bustad (430) ligg i tilknytning til godkjend bustadområde. Ei ytterlegare utviding her byggjer ikkje nødvendigvis opp under grendene og bustadbehov, då her alt er god kapasitet i planar under arbeid.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	307 Tiltak som binæring i landbruk, utviding av eksisterande naustområde vil gje rom for dette.
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Innspele om å byggje oppatt tidlegare naust på 259 er i tråd med målsettinga, men er pga plassering og dimensjon eit særtilfelle som bør vurderast som byggjesak og ikkje som endring i KPA. 307 er i tråd med å sjå kystkultur i ein vidare forstand.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
KU	430 er i konflikt med kulturminne og FS, avbøtande tiltak er å redusere omfanget på området.
ROS	Lynnbrann og høg vasstand, risikoreduserande tiltak er føreslått.
Måloppnåing	307 og 259 knytt til kystkulturtema/næring. 430 støttar ikkje opp under eit reelt behov for bustader i grendene.
Fagleg tilråding	Delvis tilrådd: 307 avsette til naustområde på land (utviding av eksisterande naustområde til å inkludere område for slipp)  Ikkje tilrådd: 259 (Tiltak er ikkje nødvendigvis i strid med LNF.), 430

## 4.10 Algrøy

124,184,224,432,455	Algrøy
<b>Planlagt arealbruk</b>	LNF-spreidd , naust
<b>Arealstorleik (daa)</b>	62 + 7,6 + 0,3 + 0,6
<b>Eigedom</b>	Gnr 18 bnr 8,7,55,232
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, friområde
<b>Områdeskildring</b>	Algrøy ligg vest for Sotra, og har saman med øyane Langøy, Lokøy og Syltøy brusamband til Sotra. Eksisterande busetnad ligg nordaust på øya, og det har komme ein del nyare bustader lenger sør langs vegen. Den vestlege delen av øya har få tekniske inngrep. Det er eitt område for LNF- spreidd, og fleire bustadområde og naustområde i gjeldande plan. Det vert vurdert to naustområde, eitt næringsområde og eitt bustadområde på Algrøy.

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten	Ligg SEFRAK naust i nærleik til innspel 124. 184 tidlegare eit lite gardsbruk.
<b>Naturmangfald</b>	Middels	Lite/ middels negativt (432)	Liten til middels negativ (432)	Innspel 432 ligg innanfor viktig område (B) for kystlynghei. Hjortetrakk rett ved innspel 124
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Lite/ middels negativt	Liten til middels negativ	Innspel 224 ligg i langgrunn fjøre, som er attraktiv for friluftsføremål. Innspel 432 ligg i registrert nærturterreng og markaområde og i FS.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite/ middels negativt	Liten til middels negativ	Innspel 184 stikk hol på nytt område, eksponert frå sjø, omfangsrikt inngrep med etablering av veg. Innspel 432 ligg i FS strandsone
<b>Landbruk</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Innspel 432 + 124 + 455 + 224 ligg innafor kjerneområde landbruk
<b>Folkehelse</b>	Gode muligheiter for friluftsliv, lang avstand til idrettsanlegg og liknande.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Om lag 5 km til Skålvik skule. Lang veg til skule og fritidsaktivitetar.			
<b>Miljø og klima</b>	Avgrensa busstilbod, 45 min m buss til Straume, avhengig av bil.			
<b>Infrastruktur</b>	Smale vegar utan fortau. Offentleg vatn og avlaup.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
Skog/ lyngbrann	S5	YM-2, LH-1, MV-2	GUL	Fare for lyngbrann, om lag 20 min utrykkingstid for brannvesen. Risikoreducerande tiltak er god tilkomst for brannvesen, evt lokale beredskapstiltak.
Høg vasstand og bølger	S5	YM-2, LH-1, MV-2	GUL	Innspelet 432 og 184 ligg heilt nede i strandsona, og er difor ekstra usett ved stormflo. Risikoreducerande tiltak er å unngå bustader ned til sjøen, og å bygge naust robuste mot stormflo.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Føreslått bustadområde (124) ligg ikkje knytt til fleire hus, eller veg. Innspelet stimulerer ikkje til aktive eksisterande lokalsamfunn. Innspelet 184 gjeld endring frå LNF til LNF-spreidd og primært vegutløysing. Eksisterande bygg er fritidsbustad. Mykje av området ligg i funksjonell strandsona. Vegtilkomst til eksisterande bygg vert ikkje vurdert i KPA.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Innspelet 432 er forslag om næring, men per dags dato er det 6 private hytter, og ei hytte for utleige i området. Det er difor ikkje naudsynt å setje av til næring, dersom det er den same arealbruken ein ønskjer for området. Juvika ligg som eit rekreasjonsområde med langgrunn fjøre ved hyttene, og bør takast vare på. Vest for Juvika rører ein ved eitt nytt landskapsrom.
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Utviding av eksisterande naustområde gir god måloppnåing, der det ikkje er i konflikt med andre interesser.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
KU	Fleire av innspela har negative konsekvensar for friluftsliv, landskap, strandsona og landbruk.
ROS	Lyngbrann og høg vasstand. Risikoreducerande tiltak er føreslått.
Måloppnåing	Innspelet legg opp til både busetnad og næring på Algrøy. Det er stor bustadkapasitet i gjeldande planar og ein bør halde fram med å bygge opp under eksisterande byggemønster.
Fagleg tilråding	Tilrådd: 455  Tilrådd med endringar: 432 kan avgrensast geografisk til aust for Juvika. Innspelet kan gjerast om til område for fritidsbustad, i staden for næring.  Ikkje tilrådd: 124, 184, 224. (Vegtilkomst til 184 kan søkjast om uavhengig om det er fritidsbustad eller bustad på eigedommen.)

## 4.11 Eide

<b>Innspel nr 120, 297,298,</b>	<b>Eide</b>	
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	2+98+37	
<b>Eigedom</b>	Gnr 20 bnr 6 og 136	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF spreidd og LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Eide ligg på vestsida av Sotra. Eksisterande busetnad ligg langs fv 210 på innsida av nordre og søndre Eidesvågen som avgrensar halvøya Eide.</p> <p>Innspel 120 ligg ned mot nordre Eidesvågen. 297 strekker seg på austsida av fv210 og bebyggelse på Eide, delar av denne er uaktuell på grunn av VA-buffersone. 298 inneber ei utviding av eksisterande bustadområde i vest.</p> <p>Det er eit stor regulert bustadområde i sør-vest (Sekkingstad-Eide). Store delar av eksisterande bustader på Eide er elles LNF spreidd i gjeldande plan.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne i området.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdiar.
<b>Friluftsliv</b>	Middels			Delar av 297 ligg i nærterreng "Marka" (LNF-natur) inntil 298.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativ	Middels negativ	297 ligg oppå rygg, vanskeleg å landskapstilpasse. 298 ligg lågare i terrenget enn 297. Avbøtande tiltak er å unngå silhuettverknad.
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte skog- eller jordbruksverdiar
<b>Folkehelse</b>				Lett tilgjengeleg turterreng, avstand til andre fritidstilbod. Kan vere støy frå glattkøyringsbane sør i området.
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>				Langt frå skule på Ågotnes (4-5 km) og fritidstilbod. Trafikkfarleg veg.
<b>Miljø og klima</b>				Noko vindutsett, dårleg kollektivtilbod, kjøreavstand til dei fleste teneste- og servicetilbod. Ligg langs aksa (mindre enn 500 m frå hovudveg).
<b>Infrastruktur</b>				Smal veg utan fortau. Vegutbetring med gangveg er regulert. 297 og 298 krev ny vegtilkomst. Noko eksisterande VA-nett, planlagt ny avlaupsleidning gjennom Eide. Nordre del av 297 ligg i buffersone VA.

### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Skog og lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	<b>Gul</b>	Skog og lyng opp mot 297 og 298. Relativt nær Ågotnes brannstasjon. Risikoreduserande tiltak- god tilkomst for brannvesen.

**Måloppnåing:**

<b>Tema</b>	<b>Mål</b>	<b>Måloppnåing</b>
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Eide har lang avstand til tettstad og teneste- og servicetilbod, bør difor ikkje legge opp til stor utvikling av bustader her. Eksisterande bustadområde i sørvest gir god plass til dei som ønskjer å busetje seg. LNF-spreidd kvoten på Eide/Kårtveit er sprengd, vurdere å dele opp slik at dei to områda har separate kvoter, gir betre målstyring.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	-

**Oppsummering:**

	<b>Oppsummering</b>
<b>KU</b>	Små konflikhtar med KU-tema, delar av 297 er uaktuell pga buffersone VA, 297 også i konflikt med landskap.
<b>ROS</b>	Skog og lyngbrann, risikoreduserande tiltak er god tilgjenge for brannvesen.
<b>Måloppnåing</b>	Store bustadområde på Eide gir dårleg måloppnåing. Området har rom for bustader innafor gjeldande LNF-spreidd, og med godkjend regulert område i sørvest.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 120, 297, 298

## 4.12 Kårtveit

<b>Innspel nr:147/324, 199, 271, 273, 282, 288</b>		<b>Kårtveit</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, evt LNF-spreidd, noko naust i 282	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	1+36+1+1+17+1	
<b>Eigedom</b>	Gnr 21 bnr 158, 11, 271, 41, 200 m.fl, 159	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF (199, 271 og hovuddelen av 282) LNF- Spreidd bustadbygging (147/324, 273, 288 og delar av 282)	
<b>Områdeskildring</b>	<p>Kårtveit ligg på vestsida av Sotra langs fv 210, om lag 2 km til Ågotnes. Det er fleire hyller i terrenget ned mot Kårtveitpollen.</p> <p>Innspela til kommuneplanen er følgjande:            199: Større bustadområde nord på Kårtveit vest for fv 210 (Vestsidivegen) som ei utviding av eksisterande bustadfelt på Svehaugen.            282: Større bustadområde sør på Kårtveit ut mot Kårtveitvågen, i stor grad innafor funksjonell strandsone. Her er det og ønske om nokre naust.            288 og 147/324: Bustadområde, ligg inne i bustadfeltet på Svehaugen.            271 og 273: Bustadområde i utmark på austsida av Vestsidivegen.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne i områda med unntak av ein ruin i innspel 199. Innspel 282 grensar opp til område med fleire SEFRAK -bygg, blant anna eit naustmiljø. Potensiale for funn 199 og 282.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Innspel 199 ligg innafor LNF-natur i gjeldande kommuneplan som grøntkorridor mellom sjø og innmark og mellom to bygder. Vatn registrert som område for andefuglar aust for innspel 199 (100 m avstand).
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Store delar av område 199 ligg innafor LNF-natur i gjeldande kommuneplan som og er definert som viktig regionalt friluftsområde. Nordaustre del ligg og innafor registrert nærterreng. Det går ein sti midt gjennom innspel 199. Det går og ein sti gjennom innspel 282 ned til sjø/ naust.
	Middels (199)	Middels negativt (199)	Middels negativ (199)	
<b>Landskap</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	147/324 og 288 ligg inne i eksisterande byggefelt slik at dette vil utgjere fortetting. Ein bør likevel vere forsiktig ved utbygging av 147/324 då dette arealet utgjør ein liten kolle/ eit høgdedrag. 273 og 271 er enkelttomtar som strekker seg inn i Midtmarka, men 273 er ein eksisterande bustadomt utan rom for særleg meir utbygging. Innspel 199 ligg innafor LNF-natur i gjeldande kommuneplan der føremålet er å sikre levande og samanhengande natur- og kulturlandskap. Innspelet byggjer igjen landskapsrommet som skil Ågotnes og Kårtveit. Naust/kaianlegg like nord for innspel 282 registrert som "Viktige kai- og sjøhusanlegg" i landskapsanalyse. Analysen trekkjer særskilt fram det opne kuperte kystheilandskapet med vikar og pollar. Nesten heile innspel 282 ligg og innafor funksjonell strandsone.
	Middels (271)	Middels negativt (271)	Middels negativ (271)	
	Middels/ stor (282/ 199)	Stort negativt (282/ 199)	Stor negativ (282/ 199)	
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Større delar av innspel 282 registrert som skog med høg bonitet, noko myr (3 dekar) i innspel 199
<b>Folkehelse</b>	Område langs Fv 210 kan vere støyutsett. Turterreng i nærområdet. Gang/ sykkelavstand til idrettsanlegg på Ågotnes.			

<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Barne- og ungdomsskule og idrettsanlegg på Ågotnes, i gangavstand til alle innspela med unntak av 182 og 271. Trafikksikker skuleveg. Ikkje kjent om areala er i bruk av barn- og unge, men nærturterreng (innspel 199) vert truleg nytta.
<b>Miljø og klima</b>	Kollektivtilbodet er ikkje altfor godt (sjeldan oftare enn 1 gong i timen til/ frå Straume). Avstand til kollektivtraseen er mindre enn 500 m for alle innspela. Servicetilbod på Ågotnes, noko lang avstand, bilkøyning må påreknast. Likevel relativt kort køyreavstand (1,5- 2 km).Områda ved sjø 282 utsett for havnivåstigning. Gode soltilhøve.
<b>Infrastruktur</b>	Dei fleste innspela ligg langs fv 210 som har god standard med gang/ sykkelveg. Eksisterande adkomstveg til innspel 282 er smal og utan fortau, må utbetrast dersom det skal opnast for større bustadbygging. For innspel 271 må det leggjast ny veg i utmark.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S4	LH-2, YM-2, MV3	Gul	Område 282 ligg i strandsona. Avbøtande tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo.
<b>Skog og lynnbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog og lyng opp mot alle områda. Nær Ågotnes brannstasjon. Risikoreduserande tiltak- god tilkomst.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Få/ ingen tilbod på sjølve Kårtveit, utover båtliv/ turterreng. Ikkje langt til Ågotnes, men likevel ikkje del av Ågotnes- miljøet. Ca 270 busette på Kårtveit, nye innspel gjev ca 150 nye busette, ca 55% auke. Mykje potensiale innafor LNF-spreidd dersom vi ser bort frå kvoten. Innspel utanfor LNF-spreidd/ etablert bustadområde, dvs innspel 199, 271 og hovuddelen av 282, har dårleg måloppnåing, vil bidra til utflytande byggemønster. anbefaler ikkje store nye bustadområde eller omgjering av LNF- spreidd til bustad då området ligg adskilt frå Ågotnes (jf landskap). Utbygging tilknytt Ågotnes bør skje på sjølve Ågotnes og på Angelveit som kommunen har satsa på som eit større område for bustadbygging tilknytt Ågotnes. Kårtveit bør forbli meir spreidd-bygd.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta Perspektiv	-

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	199 middels negativ for friluftsliv, stort negativ for landskap. 282 stort negativ for landskap.
<b>ROS</b>	Alle utsatt for skog og lynnbrann, 282 utsatt for stormflo. Risikoreduserande tiltak: byggjekotegrense mot sjø og god tilkomst for brannvesen.
<b>Måloppnåing</b>	Innspel utanfor LNF-spreidd/ etablert bustadområde, dvs innspel 199, 271 og hovuddelen av 282, har dårleg måloppnåing, samanvoksing av bygdene kan vere konsekvensen og er ikkje tilrådeleg for utvikling av gode nærmiljø. 199 er i strid med strategi om å oppretthalde grønkorridorar mellom bygder. Landskapsrommet er ein viktig blå-grøn korridor.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 147/324, 273, 288 og delar av 282 ligg innafor LNF-spreidd og kan i prinsippet byggjast ut . 271- utviding av LNF-spreidd til å inkludere tomten. Ingen av desse områda vert tilrådd endra til bustadformål. Bør vurdere å auke kvota.  Ikkje tilrådd: 199 og 282

## 4.13 Angeltveit

<b>Innspel nr: 28, 367, 368, 441</b>		<b>Angeltveit</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	21+29+5+11	
<b>Eigedom</b>	Gnr 23 bnr 1,5,6,7	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	Innspela ligg på Angeltveit på begge sider av fylkesvei 211 (Landrovegen). Innspela på vestsida (28 og 367) gjeld utviding av eksisterande/ framtidig bustadområde på nordsida av Angeltveitvegen. Når det gjeld innspela på austsida av fv 211 inneber innspel 411 ei utviding av noverande bustadområde i kommuneplanen medan innspel 368, som ligg ned mot Angeltveitvatnet, ligg i noko avstand frå bustadområde som er satt av i kommuneplanen.	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	441 ligg tett inntil større automatisk freda kulturminne. Potensiale for ytterlegare funn.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	I Angeltveitvatnet v/ 368 er det registrert songsvane. Det er og hegrekoloniar på øyane i vatnet. Like nord for 368 og vest for 441 er det registrert vipe. Vipe er raudlista som nær trua.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	441 ligg inne i registrert nærturterreng ved Djupedalen, som kan vere ein naturleg innfallsport til turterreng. Avbøtande tiltak er å oppretthalde evt. opprett tilkomst til turterreng ved 441. Ingen registrerte stiar i eller ved dei andre områda, men truleg likevel stiar gjennom 28/ 367. 368 ligg ved Angeltveitvatnet og er egna til friluftsliv. Utbygging her vil punktere og privatisere tilkomsten til vatnet.
	Middels (368)	Middels negativt (368)	Middels negativ (368)	
<b>Landskap</b>	Middels	Lite/ middels negativt	Liten negativ	28 og 367 inneber utbygging opp på knausane/ inn i kystheilandskapet, unntak gjeld heilt i nord og heilt i sør. Utbygging av 367 b vil gi mest påverknad på landskapet då dette er ein haug (Steinhaugen). 441 grip inn i eit eige landskapsrom med kulturlandskap i Djupedalen. 368 endrar landskapsrommet rundt Angeltveitvatnet.
	Middels (368 og 441)	Middels/ stort negativt (368 og 441)	Middels negativ (368 og 441)	
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen særlege verdiar på vestsida av fv 211. For 441 er noko over halvparten registrert som fulldyrka jord eller overflatedyrka jord. 368 er registrert som innmarksbeite. 441 og 368 er del av kjerneområde for landbruk.
	Middels (441 og 368)	Lite negativt (441)	Liten negativ (441)	
<b>Folkehelse</b>	Område langs Fv 211 kan vere støyutsett. Turterreng i nærområdet, særleg på austsida av Fv 211. Gang/ sykkelavstand til idrettsanlegg på Ågotnes. 367b og 441 kan vere utfordrande i høve til universelt utforma tilkomst.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Under 2 km til barneskule på Landro, ca 2,5 km til ungdomsskule og idrettsanlegg på Ågotnes. Trafikksikker skuleveg langs fv 211 både til Landro og Ågotnes trafikksikker, fortau langs Angeltveitvegen er under utbygging, sjå nedanfor. Leikeplass like vest for 367a.			
<b>Miljø og klima</b>	Dei fleste innspela i gangavstand til kollektivakse langs fv 211, men 367a og b i noko lang avstand (meir enn 500 m). Busstilbod noko avgrensa på dagtid, ikkje buss på kveldstid. Servicetilbod på Ågotnes, noko lang avstand dit slik at bilkøyring må påreknast. Likevel relativt kort køyreavstand (ca 2 km). Greie soltilhøve (søraustvendte område).			
<b>Infrastruktur</b>	Fv 211 har fortau eller gang/ sykkelveg fram til Ågotnes. Angeltveitvegen v/ innspel 28 og 367 er tilknytt relativt mange bustader, men manglar fortau. Regulert fortau i ein gjeldande			

	reguleringsplan i området, vil ikkje rekke heilt fram til innspel 367 a og b. Fortau vidare langs vegen bør vurderast dersom det opnast for utbygging i desse felta. Det er offentleg vassleidning i Angeltveitvegen frå fylkesvegen og fram til innspel 367b og det er planlagt avlaupsleidning på same strekk (avlaupsleidning går i dag i fylkesvegen). Det er offentleg vass- og avlaupsleidning nær dei to innspela på austsida av fv 211 (innspel 441 og 368). Høgspenning (truleg 22 kv) ved 367a og b (15-20 m avstand) og midt gjennom 367c (nord-sør).
--	--

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
Skog og lyngbrann	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog og lyng på fleire sider av alle innspela. Nær brannstasjon på Ågotnes. Risikoreducerande tiltak- god tilkomst.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Angeltveit ligg i gang/sykkelaavstand til Landro og Ågotnes, men utgjer ikkje ein eigen stad med eigne tilbod, utover båtliv/ friluftsliv. Det er relativt lang avstand til servicetilbod på Ågotnes og dette gir utbygging noko dårleg måloppnåing. Ca 665 busette på Angeltveit per i dag. Det er i tillegg regulert/ under bygging ein god del fleire bueiningar, som grovt anslått vil gi ca 230 nye busette. Nye innspel vil gi ca 180 nye busette. Dette gir stor vekst på kort tid. Enno ein god del potensiale innafor avsett bustadområde i kommuneplanen, særleg på austsida av fv. 211.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta Perspektiv	-

#### Oppsummering:

	Oppsummering
KU	368 og 441 er middels negativt for landskap og vil og verke inn på friluftslivet. 441 ligg nær automatisk freda kulturminne og har potensiale for meir funn. I tillegg ligg områda innafor kjerneområde for landbruk. 368 og 441 bør difor utgå. 367b ligg opp mot ein knaus (Steinhaugen) og bør utgå av landskapsomsyn. 367a bør utgå då den kan utgjere ein grønkorridor og det berre er som tilkomstveg til 367b området er tenkt.
ROS	Alle områda utsatt for skog og lyngbrann. Risikoreducerande tiltak: god tilkomst for brannvesen.
Måloppnåing	Då det er lite tilbod på Angeltveit og noko avstand til servicetilbod på Ågotnes (lite truleg at folk går) gir utbygging på Angeltveit noko dårleg måloppnåing.
Fagleg tilråding	Tilrådd med endring: 367b - vert delvis tilrådd til berre å gjelde gnr 23/125 . 28 og 367c - vert redusert og delane som gjeld gnr 23/7 vert ikkje tilrådd. Tid for gjennomføring bør vurderast.  Ikkje tilrådd: 367a, 441 og 368.

## 4.14 Landro

<b>Innspel nr: 86, 161, 408/ 480, 420/ 421, 434</b>		<b>Landro - bustad</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	26+11+28+117+42	
<b>Eigedom</b>	Gnr 24 bnr 7,149,15,152,434	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF eller LNF Spreidd	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Landro ligg nordvest på Sotra, bygda har kyrkje, skule og ein del aktivt landbruk og spreidd bustadbygging.</p> <p>Innspela om bustadområde gjeld følgjande:</p> <p>420/ 421: Eit større område på austsida av vegen v/ skulen, noko høgt i terrenget.</p> <p>434: Større område nordvest for skulen</p> <p>86 a: Utviding av eit påstarta område for bustad i skråning.</p> <p>86b-d: Mindre område inne blant eksisterande bustader. 86 b og c og delar av 86 a ligg allereie i LNF spreidd, men det er fremma ønske om bustadområde i staden.</p> <p>408/ 480 og 161: Utviding av eksisterande bygningsmiljø ut mot/ i utmarka i aust. I hovudsak skog. Nesten heile 161 og søre halvpart av 408 ligg allereie i LNF- spreidd.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ein SEFRAC-registrert bygning innafor 408/480, men ikkje del av eit heilskapleg miljø. Ingen registrerte kulturminneinteresse i andre område.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte naturverdiar i områda. Registrert hjortetrekk og hjort i området Skjerhaugen, i nord-sør retning like aust for 86a og i aust- vest retning mellom 86a/ 834 og 420/421. Vadet, rik kulturlandskapssjø registrert som viktig naturtype nord for skulen, men i ferd med å gro att og miste kvaliteter.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	408/480 på grensa til nærterrenget. 161, 86a og 420/421 ligg nær opp til nærterrenget. Også turområde mellom sjø og 434. Det må oppretthaldast god tilkomst mellom busetnad på Landro og nærterrenget både mot sjø og aust for Landro.
	Liten/ middels (408/480, 420/ 421, 434)	Lite negativt (408/480, 420/ 421, 434)	Liten negativ (408/480, 420/ 421, 434)	
<b>Landskap</b>	Middels	Lite/ middels negativt	Middels negativ	I landskapsanalysen er peika ut to område der det kan opnast for fortetting på Landro, det eine er rundt skulen om lag der innspel 434, 86a og 420/ 421 ligg, det andre er lenger nord og omfattar delar av 408. Innspel 86 kan til dels vurderast å vere fortetting, men dei andre innspela er ikkje det. Dei grip inn i nye, i hovudsak ubygde, område og endrar landskapet.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Ingen vesentleg verdi for landbruk.
<b>Folkehelse</b>	Område langs fv 211 kan vere støyutsett. Turterrenget i nærområdet, særleg på austsida av fv. Sykkelaavstand til idrettsanlegg på Ågotnes. 408 noko utfordrande for universell utforming.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Under 2 km til barneskule på Landro, ca 3-4 km til ungdomsskule og idrettsanlegg på Ågotnes. Ikkje trafikksikker skuleveg til Landro skule for innspel 161, 408/ 480 og 86b, sjå nedanfor, elles trygg skuleveg.			
<b>Miljø og klima</b>	Innspela i gangavstand til kollektivtrasè langs fv 211. Busstilbod noko begrensa på dagtid, ikkje buss på kveldstid. Servicetilbod på Ågotnes, noko lang avstand dit slik at bilkøyring må påreknast, men			

	likevel relativt kort køyreavstand (2-4 km). Antatt solrikt (jf moglegheit for klimavenlege hus), kanskje med unntak av 434 b som til dels vender nordover.
<b>Infrastruktur</b>	Manglar fortau eller gang/ sykkelveg frå innspel 161, 408/ 480 og 86 b sørover langs fv 211 og fram til avkøyring Landrovågen like før Landro skule. Skulevegen er dermed ikkje trafikksikker. Det er berre fortau på delar av strekninga frå fv 211 og til innspelsområdet 86a langs vegen i Landrodalen. Ikkje kjent trafikkmengde på vegen så usikkert behov. Alle innspela, med unntak av 161 og 86a ligg nær vass- og avlaupsleidning. Det er planlagt vassleidning mot 161 og 86a, men ikkje planlagt avlaupsleidning. Høgspenning langs fv 211 (truleg 22 kv). I tillegg kjem avstandskrav til fv 211, slik at 86a er uaktuell dersom ikkje høgspenning kablast/ leggjast om.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Skog og lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	<b>Gul</b>	Skog og lyng på fleire sider av alle innspela. Innspel 161 ligg noko langt frå kommunalt vassuttak. Innspela nær brannstasjon på Ågotnes. Risikoreduserande tiltak: god tilkomst for brannvesen.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Landro er ei grend med fellesfunksjonar som skule og kyrkje. Fleire bustader, nær opp til fellesfunksjonane, vil kunne bygge opp om dette miljøet. 161 og 408/ 480 noko dårlegare måloppnåing enn dei andre. Ca 380 busette på Landro i dag. Godkjenning av alle innspel vil gje ca 600 nye busette. Det tåler ikkje grenda. Eit alternativ til bruk av LNF- spreidd på Landro kan vere bustadføre mål, der kommunen utarbeider ein områdereguleringsplan for å sikre ei heilskapleg utvikling. Særleg viktig for Landro si utvikling er området frå skulen og nordover til Landrovågen.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	-

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	161, 408/ 480 og 86b har ikkje trafikksikker skuleveg og bør difor utgå som bustadområde. Høgspenning (og byggeavstand til fv) utelukkar 86b dersom ikkje høgspenning kablast/ leggjast om.
<b>ROS</b>	Alle områda utsett for skog- og lyngbrann. Risikoreduserande tiltak: god tilkomst for brannvesen.
<b>Måloppnåing</b>	Utbyggingsområda nærast skule og kyrkje bør prioriterast.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 434b  Tilrådd med endring: 161, 408/480, 86 – delar av desse innspela ligg innafor LNF- spreidd, areala kan byggjast ut innafor kvoten. Bør vurdere å auke kvoten. 86d – utvide LNF- spreidd (evt og m/ tilgrensande område i aust- registrert som myr) 86 a – utvide LNF-spreidd for å utnytte vegen opp i området. 420, 421- delar kan setjast av til bustadområde. Området bør avgrensast mot aust. I sør bør ein berre tillate bygging inn mot fylkesvegen, ikkje oppe på bergknausane. I nord bør ein likeeins avgrensa området mot bergknausar/ - vegg i aust (for eksempel v/ kote 43).  Ikkje tilrådd: 434a

<b>Innspel nr: 25</b>	<b>Landro - Kyrkjegard</b>	
<b>Planlagt arealbruk</b>	Offentleg og privat tenesteyting – kyrkjegard	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	10	
<b>Eigedom</b>	Gbnr 24/7	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	Området ligg like nordaust for eksisterande kyrkjegard på Landro ut mot utmarka. Arealet er i dag dyrka mark.	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Ei SEFRAK- registrert løe innafor innspelet og ei like nord for innspelet. Avbøtande tiltak vil vere å ta vare på løa.
<b>Naturmangfald</b>	Liten til middels	Lite negativt	Liten negativ	Ingen registrerte naturverdiar i området. Registrert hjortetrekk, i nord-sør retning like aust for området og i aust- vest retning på vegen Landrodalen nord for området. Hjort som øydelegg blomsterbed på kyrkjegardar er eit problem.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Nærturterreng like aust for området. Ingen registrerte stiar gjennom området.
<b>Landskap</b>	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Ope landskapsrom langs vegen i Landrodalen. Landskapsrommet vil blir halde ope ved bruks om kyrkjegard.
<b>Landbruk</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Fulldyrka jord på flatt område, ca 4,5 daa.
<b>Folkehelse</b>	Går kraftleidning øst- vest over arealet.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	-			
<b>Miljø og klima</b>	-			
<b>Infrastruktur</b>	Manglar vass- og avlaupsleidning. Det er planlagt vassleidning mot/ til området, men ikkje planlagt avlaupsleidning.			

#### Ros- analyse:

- Ingen aktuelle farar

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	God, kyrkjegard kan fungere som møtepunkt i nærmiljøet.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	-

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Middels negativ konsekvens for landbruk og noko negativt for hjortetrekk. Sidan det er utviding av eksisterande gravplass vil utfordringane knytt til hjort truleg ikkje verte endra frå i dag.
<b>ROS</b>	-
<b>Måloppnåing</b>	God måloppnåing. Til tross for at innspelet er negativt for landbruk, vert innspelet tilrådd, fordi samfunnsinteressa/ behovet knytt til kyrkjegard er stor. Det synes ikkje å vere anna eigna areal i nærleiken som kan nyttast i staden.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 25

Innspel nr: 464 og 433		Landro- Næring/ kystkultur
Planlagt arealbruk	Småbåthamn	
Arealstorleik (daa)	4 + 6	
Eigedom	Gnr 24 bnr 14,11	
Gjeldande arealbruk	Sjø og vassdrag- Vassareal for allmenn fleirbruk	
Områdeskildring:	<p>Innspel 464 ligg yst i Landrovågen på sørsida av vågen. Det er ønskeleg å etablere molo/ småbåthamn som i tillegg til å gje innbyggjarane i kommunen tilbod om fleire småbåtplassar kan vere med på å verne det eksisterande naustmiljøet mot uver.</p> <p>Innspel 433 ligg sørvest på Landro i enden på Sørtdalen som går frå skulen og ned til sjøen. Hamna er ønska som ei småbåthamn til Oksen- området. For å få tilgang til 433 med veg og parkering må ein etablere veg ned Sørtdalen. Det vert foreslått at vegen kan vere ein turveg/ lysløype for ålmenta. I Sørtdalen går det i dag ein bekk.</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
Kulturminne og -miljø	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ikkje registrerte kulturminneverdiar ved innspel 433, men potensiale for funn i Sørtdalen. Landrovågen v/ 464 er eit av dei største og best bevarte naustmiljøa i kommunen. Sjøbruksmiljø A. Svært mange SEFRAK-registrerte naust. Etablering av molo/flytebrygger og parkering vil redusere den historiske lesbarheita til området. Tiltaket vert lagt i ytterkant av miljøet og vil dermed ikkje gripe inn i sjølve miljøet. Det vil likevel bryte den historiske samanhengen mellom miljøet og omgjevnadene.
	Middels / Stor (464)	Stort negativt (464)	Stort negativ (464)	
Naturmangfald	Liten/ middels	Lite negativt	Liten negativ	Våtmarksområdet ved Vadet der Sørtdalen tek til er registrert som viktig rik kulturmarksjø, men har grodd att. Bekk kjem ned Sørtdalen til sjø ved innspel 433. Bekk må leggjast i røyr for å få ned veg. Hjortetråkk ned delar av Sørtdalen før det svingar nordover ut på Skjerhaugen. Dyre og planteliv ved Landro kai er ein attraksjon for sportsdykkarar.
Friluftsliv	Liten	Middels negativt	Liten negativ	Kaien på Landro er ein av få plasser i Fjell for allmenta der ein kan køyre heilt til sjøen, fiske, bade og dykke.
Landskap	Middels (433)	Middels negativt (433)	Middels negativ (433)	Naustmiljøet saman med kystlandskapet i Landrovågen (v/ 464) gir til saman eit godt og relativt unikt totalinntrykk. Likevel ein del store nybygg og veganlegg i området rundt som trekkjer ned inntrykket. Småbåthamn og særleg etablering av parkeringsplass vil forringe landskapsinntrykket i begge områda. Ved 433 vil Sørtdalen bli fullstendig endra på grunn av framføring av veg. Arealbehov på land er ikkje vist i forslaget.
	Middels / stort (464)	Middels negativt (464)	Middels negativ (464)	
Landbruk	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Veg ned Sørtdalen til 433 må gjennom noko kjerneområde for landbruk, mogeleg at vegen må leggjast over mindre delar av areal med fulldyrka jord og noko skogsareal med sær s høg bonitet.
Folkhelse	-			
Barn og unge sine oppvekstvilkår	Kan gi færre område med tilkomst til sjø (bading).			
Miljø og klima	Noko lang avstand til bussline langs fv 211.			

<b>Infrastruktur</b>	Veg ned til Landrovågen (464) er smal og manglar fortau. Vert det opna for ei stor småbåthamn, bør ein vurdere utviding av vegen og etablering av fortau. Kommunalt vatn ned til hus i Landrovågen, ca 150 m frå innspel 464, avlaup til hus ca 250 m frå innspel 464. Ny veg må leggjast ned Sjørdalen til innspel 433 frå fylkesvegen som ligg ca 650 m aust. Kommunalt vatn og avlaup i fylkesvegen.
----------------------	---

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH1/YM1/ MV3	Gul	Gjeld 433 som er sørvestvendt og eksponert. Risikoreducerande tiltak er å utføre ei bølgevurdering i samband med reguleringsplan og dimensjonere småbåthamna etter konklusjonane i denne. Argument for molo i alternativ 464 er knytt til reell hending knytt til høg vasstand og uvær og tiltak vil redusere risiko.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Meir båtliv på Landro kan bidra til eit meir aktivt lokalsamfunn.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Småbåthamner i nærområdet kan styrkje evt. bevertning/ restaurantdrift på Oksen, men Oksen blir i dag driven som selskapslokale for større grupper. Dei vert frakta i større båtar og treng ikkje småbåthamn, berre ein kai for ilandstiging. Det er det allereie i Solsvik.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Småbåthamner er framtidsetta, men etablering i Landrovågen vil gå på bekostning av det historiske perspektivet.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Begge innspela har middels negativ konsekvens for landskap, 464 (Landrovågen) stor negativ konsekvens for kulturminne- og – miljø.
<b>ROS</b>	433 – Molo er risikoreducerande tiltak for hamna innafor. Båthamn i 464 utan molo er verutsett.
<b>Måloppnåing</b>	Positivt med småbåthamner i høve til måloppnåing, men vil gå på bekostning av det historiske perspektivet i Landrovågen, naturmiljø og friluftsliv.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 433,464

## 4.15 Solsvik

<b>Innspel nr: 170, 233/ 234</b>		<b>Solsvik bustad</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	2+5+14	
<b>Eigedom</b>	Gnr 25 bnr 41 og 4	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF-spreidd (170 og mindre delar av 234) og LNF (233 og 234)	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Solsvik ligg nord på Sotra, delar av grenda er sett av til bustadområde i gjeldande plan, i sør er det område for LNF-spreidd.</p> <p>Innspela gjeld område i sørleg del av Solsvik grend.</p> <p>170: På Utfall i enden på ein stikkveg frå fv 211 som er tilknytt nokre få bustader. Det ligg allereie eit bygg innafør innspelet.</p> <p>234 og 233: I enden på eit bustadfelt knytt til vegen Nedre Elvebakken.</p> <p>234: Gardstun med tilhøyrande innmark og beite, som ligg i direkte tilknytning til eksisterande bustader.</p> <p>233: Ligg på same eigedomen, men oppe på ein haug, med noko avstand til eksisterande bygningsmiljø.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Det ligg ein SEFRAK-registrert bygning innafør innspel 170, men den ligg i noko avstand til miljøet på Utfall og kan ikkje seie å vere ein del av miljøet. Det ligg fleire SEFRAK-registrerte bygg innafør innspel 234 som ser ut til å utgjere eit gardsmiljø i eit tun med kulturlandskap rundt. Det er imidlertid og mykje nybygg i området rundt 234.
	Liten-middels (233/234)	Middels negativt (233/234)	Liten til middels negativ (233/234)	
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Like aust for 233/234 er det ei registrert naturbeitemark – naturtype B. Inne i denne ligg det registrert ein raudlista sopp; trolljordtunge.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Lite negativt	Om lag 1/3 av 234 er innafør registrert nærturterreng. Ingen registrerte stiar innafør nokon av områda, men det ser ut til å gå sti frå sørleg del av 234 og sørover ut i utmarka. I nordleg del av 234 ser det ut til å gå ein traktorveg frå gardstunet og ut i beiteområda i aust. Nærturterrenget er delvis lagt inn på dyrka mark og beite, mindre truleg at områda er i bruk til friluftsliv, mulig tilgjenge til terrenget i sør frå vegen er det viktige. Denne moglegheiten kan bli broten dersom området vert nedbygd. Avbøtande tiltak vil vere å sikre stiar ut i nærturterrenget.
	Middels (233/234)	Middels negativt (233/234)	Middels negativ (233/234)	
<b>Landskap</b>	Middels (170)	Lite negativt (170)	Liten negativ (170)	234 og 233 ligg i eit flott kulturlandskap der landskapet og bygningsmassen (garden) til saman gir eit godt totalinntrykk. Ein vil ikkje kunne ta vare på desse kvalitetane ved bustadutbygging på området.
	Middels/stor (233/234)	Middels/stort negativt (233/234)	Stor negativ (233/234)	
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	234 og 233 ligg innafør kjerneområde landbruk. 234 inneheld noko overflatedyrka jord, noko innmarksbeite og noko fulldyrka jord. 233 inneheld innmarksbeite.
	Middels (233 og 234)	Middels negativt (233 og 234)	Middels negativ (233 og 234)	
<b>Folkehelse</b>	Turterreng i nærområdet, langt til idrettsanlegg.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Innspel 170 ligg i gangavstand til barneskule på Landro, men skulevegen er ikkje trafikksikker (sjå nedanfor). 233/ 234 ligg i ein avstand på 2,5- 3 km og dermed ikkje i gangavstand dersom ein ikkje lagar snarveg gjennom terrenget til fv 211. Sykkelavstand til ungdomsskule og idrettsanlegg på Ågotnes.			

<b>Miljø og klima</b>	Innspela i gangavstand til kollektivtrasé langs fv 211. Busstilbod noko begrensa på dagtid, ikkje buss på kveldstid. Busstilbod i fv 561 (Skjergardsvegen) alternativ, men noko lang avstand dit (600 m frå 233/ 234). Servicetilbod på Ågotnes, noko lang avstand dit slik at bilkøyring må påreknast, men likevel relativt kort køyreavstand (4-5 km). Sterkt vindutsett, antatt solrikt.
<b>Infrastruktur</b>	Fv 211 manglar fortau fram til Landro skule. Det manglar og fortau i Nedre Elvebakken som leier opp til innspel 233/ 234 frå Solsvika og frå fv 561 (Skjergardsvegen). Relativt mange bustader langs vegen. Det er og opna for større bustadbygging langs vegen i vedtatt reguleringsplan. Delar av vegen frå fv 561 og sørover er tatt med i nemnde reguleringsplan, men øvrige delar bør vurderast tatt med, for å sikre fortau/ løysing for gåande, dersom ein skal opne for utbygging på 233/ 234. Ikkje offentleg vatn og avlaup heilt fram til områda, men ligg avlaupsleidning i Nedre Elvebakken ca 150 m frå innspel 233/234. Planlagt vatn i fv 211, nær innspel 170. Høgspenteleidning mellom 170 og 234, truleg 22 kv. Høgspente forgreiner seg i to retningar ved 170.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
Vind	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Alle innspela i sterkt vindutsett område. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust for vind.
Skog og lyngbrann	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog og lyng på fleire sider av innspela. Relativt nær brannstasjon på Ågotnes. Risikoreduserande tiltak: god tilkomst

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Solsvik har lite fellestilbod, men er ei grend med eit veletablert miljø. Positivt med bustadbygging for å byggje opp om miljøet, men det er allereie opna for relativt mange bustader på staden gjennom vedtekne reguleringsplanar. 371 busette på Solsvik i dag. Nylig vedtekne reguleringsplanar vil gi omlag 200 busette. Innspela vil gi omlag 50 busette. Evt nybygging bør skje gjennom fortetting nede i sjølve Solsvik for å byggje opp om miljøet. Relativt dårleg måloppnåing.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Sjå busetnad.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
KU	233/ 234 stor negativ konsekvens for landskap, middels negativ konsekvens for landbruk og friluftsliv og liten/ middels negativ konsekvens for kulturmiljø.
ROS	Områda er utsatt for vind og skog og lyngbrann. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust for vind og sikre god tilkomst for brannvesenet.
Måloppnåing	Relativt dårleg måloppnåing. Evt nybygging bør skje gjennom fortetting nede i sjølve Solsvik for å byggje opp om miljøet.
Fagleg tilråding	Tilrådd med endring: 170 ligg allereie i LNF-spreidd, vert ikkje tilrådd endra til bustadområde.  Ikkje tilrådd: 233, 234

<b>Innspel nr: 171</b>	<b>Solsvik Naust</b>	
<b>Planlagt arealbruk</b>	Naust	
<b>Arealstorleik</b>	0,2 daa	
<b>Eigedom</b>	Gnr 25 bnr 290	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	Eksisterande naust m/ tilgrensande område på Kilebergsteinen like sør for Solsvik bru v/ brufestet på Solsvik-sida. Ønsker moglegheit for bygging av kai i front av eksisterande naust samt utbygging av to nye naust.	
		

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Ingen registrerte kulturminne eller- miljø innafør sjølve innspelsområdet, men gammalt sjøbruksmiljø både i Solsvik like sør for innspelet og på Misje på andre sida av sundet. Naustet som ligg innafør innspelsområdet kan vere gammalt, men utgjer uansett ikkje eit kulturminnemiljø i seg sjølv. Viktig at nye naust og kaianlegg ikkje blir for store og forstyrar inntrykket av eksisterande miljø.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Ingen registrerte verdiar, men naturtype B i sundet like utanfor: skjelsand.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Lite negativt	Solsviksundet del av svært viktig regionalt friluftsområde i sjø.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Flott kystlandskap i eit smalt sund med sjøbruksmiljø på begge sider. Viktig at nye naust og kaianlegg ikkje blir for store og dominerande.
<b>Landbruk</b>	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdiar.
<b>Folkehelse</b>	-			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	-			
<b>Miljø og klima</b>	Kort avstand til kollektivakse langs fv 561. Utsett for havnivåstigning			
<b>Infrastruktur</b>	Vanskeleg tilgjengeleg område. Ikkje mogeleg med tilkomst med bil utan store inngrep.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH1/YM1/ MV2	Gul	Risikoreducerande tiltak er å byggje robust for vatn og bølger.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Ligg for langt frå eksisterande miljø i Solsvika til at det vil ha særleg påverknad på dette miljøet. Einskilde naust utan tilknytning til miljø har dårleg måloppnåing.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Ubetydeleg eller liten negativ verknad for alle tema.
<b>ROS</b>	Området er verutsett.
<b>Måloppnåing</b>	Einskilde naust utan tilknytning til miljø har dårleg måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 171

## 4.16 Solsvik utmark og Vindeneskvarven

<b>Innspel nr:</b> 174, 180, 232, 348	<b>Solsvik utmark og Vindeneskvarven</b>	
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, næring	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	692+199+683+278	
<b>Eigedom</b>	Gnr 25, bnr 2,4,260 m.fl	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, utan føremål (Vindeneskvarven)	
<b>Områdeskildring:</b>	Området omfattar Vindeneskvarven og utmarka i Solsvik som går over til Vindenespollen. Vindenespollen er sentralt element. Området er i dag utan bebyggelse og inngrep med unntak av nokre få hytter og naust i Vindenespollen. Området er utmark med kystlynghei og nokre stader planta skog. Spesielt rikt på kulturminne.	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Stor	Stort negativt	Meget stor negativ	Det er svært mange automatisk freda kulturminne i område, steinalderbusetnad, øydegardar, tufter og gravrøyser. Utbygging av området vil øydeleggje kulturminna og den historiske samanhengen i landskapet sjølv om tiltaka vert lagt utanom dei freda lokalitetane.
<b>Naturmangfald</b>	Middels -stor	Stort negativt	Stor negativ	Saman med Fjellspollen er området ved Vindeneskvarven einaste område på Store Sotra med lengre strekk utan inngrep. Viktig naturtype kystlynghei registrert på Nordre Vindeneskvarven. Uglepollen registrert som viktig sjøområde. Hekkeområde for sjøfugl, hjortetrekk frå Askøy går gjennom området. Havrøyna registrert som LNF-natur.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Strandsona mot Uglepollen er avsett til LNF friluft i gjeldande KPA. Sjøområda inne i Vindenespollen er sett av til friluftsområde i sjø og er registrert som regionalt svært viktig friluftsområde i sjø. Vindeneskvarven som viktig regionalt friluftsområde på land.
<b>Landskap</b>	Middels / stor	Stort negativt	Stor negativ	Stor tidsdjupne i landskapet med omfattande dokumenterte spor etter bruk av området frå steinalder til notid.
<b>Landbruk</b>	Middels	Stort negativt	Middels til stor negativ	Heile Solsvik utmark er kjerneområde landbruk.
<b>Folkehelse</b>	Bustader: lang avstand til idrettsanlegg, gode muligheter for friluftsliv. Utbygging av både næring og bustad kan føre til støy og andre ulemper for bustadane, uheldig samlokalisering.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Langt frå skule på Landro, (Misje skule er nærare, men ikkje gangavstand). Langt frå fritidsaktivitetar.			
<b>Miljø og klima</b>	Ligg nær fv 561 som går vidare til Øygarden, men utanfor Fjell kommune sin akse for utbyggingsmønster. Lang avstand til servicetilbod, vil verte bilbasert bustadområde. Nedbygging av større område til næring, vil føre til auka CO2-utslepp pga transport og eventuelle utslepp frå verksemdar.			
<b>Infrastruktur</b>	Det er ikkje vegtilkomst til området. Bustadområde vil kunne kople seg på eksisterande fv 561 i vest. Særleg problematisk med vegtilkomst til nordre del av Vindeneskvarven. Privat vasskjelde (Pollsvatnet, Kleivavatnet, Tytesvatna), planlagt offentleg vassleidning gjennom Solsvik, avlaupsleidning i Solsvik, elles ingen VA-infrastruktur. Kraftleidning gjennom foreslått bustadområde (174).			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
Vind	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Vindeneskvarven og delar av Solsvik utmark er vindutsett, risikoreducerande tiltak er å bygge robust for vind.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Stort bustadområde utanfor utbyggingsaksen har dårleg måloppnåing, viser til mindre utbyggingsområde i eksisterande grender. Samlokalisering av bustad og næring er ikkje ønskjeleg.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Næringsområde på Vindeneskvarven og i Solsvik gir god måloppnåing for næring. Dårlige hamnetilhøve lenger inne vil krevje utbygging av delar av Vindeneskvarven om areala skal nyttast til sjøbasert næring. Områda er ikkje del av eksisterande klynge. Vil vere aktuelt for nye større etableringar.
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Næringsområde rundt Vindenespollen og på Vindeneskvarven gir dårleg måloppnåing for kystkulturen. Områda har store historiske og kulturelle verdiar som det er vanskeleg å bevare i kombinasjon med næring.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
KU	Utbygging av Solsvik utmark og Vindeneskvarven har store negative konsekvensar for dei fleste KU-tema, svært negativt for kulturminne. Dette er innspela med størst negativ konsekvens i denne rulleringa av KPA.
ROS	Vindutsett, risikoreducerande tiltak er robust utbygging.
Måloppnåing	Lav måloppnåing for bustad og kystkultur, høg måloppnåing for næring. Behovet for næringsareal må vurderast opp mot konflikten med KU-tema. Området er spesielt i regional målestokk, og nytt næringsområde må ha nasjonal betydning. Avgrensa næringsareal i Solsvik utmark utan sjøtilkomst ville vere mogleg, men neppe behov for denne type areal.
Fagleg tilråding	Ikkje tilrådd: 174,180, 232, 348.  Områda som er utan rettsverknad, "kvite" i gjeldande plan vert ikkje tilrådd som byggeområde, dette inneber at områda går tilbake til LNF. Dersom utbygging av områda rundt Vindenespollen skal verte vurdert som byggeområde på nytt, bør dette skje gjennom ei heilskapleg vurdering av områda heilt frå CCB og nordover og der behovsanalyse for næring inngår.

## 4.17 Vindenes

Innspel nr: 157, 447, 449		Vindenes - bustad
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustadområde	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	36 + 7 + 4,5	
<b>Eigedom</b>	Gnr 26 bnr 6,9	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, LNF-spreidd	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Området omfattar grenda Vindenes i aust og i sørvest neset i forlenginga av bustadområdet på Barneshaugen. Vindenespollen er sentralt element. Gamle Vindenes er tradisjonell jordbruks-grend med kulturlandskap, flekkar med skog i kantane og spreidd utbygging, i hovudsak knytt til gardstuna. På Barneshaugen er det etablert bustadområde ut til funksjonell strandsona. Hytteområde på neset nord for Barneshaugen, elles skog utan bebyggelse mot Vindenespollen. Naustmiljø inst i pollen.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Fleire SEFRAK-bygg på gamle Vindenes og i naustmiljøet i pollen. Bustadområde i nord (447 og 449) vil endre den historiske samanhengen i kulturlandskapet på Vindenes.
<b>Naturmangfald</b>	Stor (447)	Middels/stort negativt	Stor negativ	Naturbeitemark – Vassvikhaugane, (svært viktig). Nordre del av innspel 447 ligg inne i naturtypen.
	Liten/middels	Middels negativt	Liten negativ	Hegrekoloni på Buholmen, hjortetrekk over pollen.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Lite negativt	Ubetydeleg	Nordre del av 447 ligg i nærturterreng, 157 grensar til område med ein del hytter.
<b>Landskap</b>	Middels/stor	Stort negativt	Stor negativ	Ekspontert mot landskapsrommet rundt Vindenespollen, sårbart område for utbygging i strandsona.
<b>Landbruk</b>	Middels/stor	Stort negativt	Stort negativ	447 og 449 ligg i kjerneområde landbruk, overflatedyrka og fulldyrka jord.

	Liten	Middels negativt	Ubetydeleg/Liten negativ	157 ligg i granskog på middels til lav bonitet
<b>Folkehelse</b>	Bustadområde vil ha kort avstand til nærturterreng, organisert aktivitet, idrettsanlegg på Ågotnes.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Barneskule på Landro (buss), ungdomsskule på Ågotnes (fortau). Sykkellavstand til fritidstilbod (Ågotnes/Landro).			
<b>Miljø og klima</b>	Ligg ikkje innafor kollektivaksen, relativt lang avstand til tenestetilbod. 447 og 449 er sterkt vindutsett, men soleksponert.			
<b>Infrastruktur</b>	Ingen av områda har vegtilkomst i dag, krev påkopling på fv med låg standard, smale vegar utan fortau. Planlagt vass- og avlaupsleidning til gamle Vindenes. VA-nett på Barneshaugen.			

#### Ros- analyse:


Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
Vind	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Vindenes er sterkt vindutsett, risikoreduserande tiltak er å bygge robust for vind.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Bør bevare gamle Vindenes som grend med LNF-spreidd, unngå å blande inn bustadområde her. Lenger vest ligg det både ubygde og utbygde bustadområde i gjeldande plan. Behov for fleire bustader i dette området må sjåast i samanheng med KDP Ågotnes.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Bør bevare strandsona mot Vindenespollen med friluftsverdiar og naustmiljø. Bustadutbygging her vil vere i strid med dette.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	447 og 449 er i konflikt med verdiar for naturmiljø, landskap og landbruk. 157 ligg i funksjonell strandsona.
<b>ROS</b>	Vindutsett, risikoreduserande tiltak er robust utbygging.
<b>Måloppnåing</b>	447 og 449 har dårleg måloppnåing. 157 inneber utviding av eksisterande bustadområde og har gode kvalitetar, men er i strid med funksjonell strandsona og behovet fleire bustader er ikkje til stades.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 447, 449 – kan oppretthalde LNF-spreidd, men ikkje utvide eller endre til bustadområde.  Ikkje tilrådd: 157



<b>Planlagt arealbruk</b>	Naustområde, næring, småbåthamn
<b>Arealstorleik (daa)</b>	1,1 + 3,3 + 9,7 + 49,9 + 3,2 + 0,05
<b>Eigedom</b>	Gnr 26, bnr 3,7,9,289, Gnr 24 bnr 42
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, Naustområde, friluftsområde i sjø, kaste- og låssettingsplass
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Området omfattar grenda Vindenes i aust og i sørvest neset i forlenginga av bustadområdet på Barneshaugen. Vindenespollen er sentralt element, naustmiljø inst i pollen. Hjeltefjorden vest for Vindenes. Låssettingsplass i Austevågen - Skarvbugvika. Spreidd utbygging på gamle Vindenes, bustadområde ut til funksjonell strandsone på Barneshaugen. Gamle Vindenes er tradisjonell jordbruksgrænd med kulturlandskap, flekkar med skog i kantane. Hytteområde på neset nord for Barneshaugen, elles skog utan bebyggelse mot Vindenespollen.</p> <p>Innspela gjeld:  429: Næringsområde i LNF på Vindenes mot Hjeltefjorden  397a,b, 438: Småbåthamner  74 og 134, 450: Naust</p>

**Konsekvensutgreiing:**

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Mange Sefrak-bygningar på gamle Vindenes, mellom anna eit naust ved sida av innspel 450 og i grensa til 429. Næringsområde heilt inntil bygningsmiljøet på Vindenes (429), vil endre den historiske samanhengen og lesbarheten av kulturlandskapet på Vindenes. Avbøtande tiltak er å avgrense område med buffer mot bygningsmiljøet.
<b>Naturmangfald</b>	Liten-middels	Middels negativt	Liten negativ	Hegrekoloni på Buholmen, hjortetrekk over pollen.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Olsvika, Brevika og sjøområda kring Buholmen og bort til Gangstøa er avsett til friluftsområde i sjø. Friluftsområde på land i Olsvika.
<b>Landskap</b>	Middels-stor	Stort negativt		Eksponert mot landskapsrommet rundt Vindenespollen, og mot Hjeltefjorden, sårbart område

				for utbygging i strandsona. 429 og 438 ligg i funksjonell strandsone i eitt område utan utbygging.
<b>Landbruk</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Heile gamle Vindenes ligg i kjerneområde landbruk
<b>Folkehelse</b>	Næringsområde nær busetjing kan føre til støy og andre ulemper, uheldig samlokalisering.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Det er ikkje kjent om områda som er forslått til næring, småbåthamn og naust er nytta til leik. Vegtilkomst til 428 og 438 vil gå gjennom gamle Vindenes, vil føre til auka trafikk på smale vegar, redusert trafikktryggleik.			
<b>Miljø og klima</b>	Områda ligg ikkje langs kollektivaksen.			
<b>Infrastruktur</b>	Det er ikkje vegtilkomst til områda, krev påkopling på fv med låg standard, smale vegar utan fortau. Kraftleidning gjennom området, går like over 397a og b. Planlagt vass- og avlaupsleidning til gamle Vindenes. VA-nett på Barneshaugen. Det er eksisterande småbåthamner i Olsvika og Heimavågen.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
Vind	S4	LH-K2, YM-K2, MV-K3	Gul	Vindenes er sterkt vindutsett, risikoreducerande tiltak er å bygge robust for vind. Mindre vindutsett på austsida.


#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Næringsområdet som er foreslått, ligg utanfor klynga på Ågotnes, vil ikkje kunne nytte eksisterande infrastruktur.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Mindre justering av eksisterande naustområde og tilrettelegging for småbåthamn vil ha god måloppnåing.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	397a er i konflikt med friluftsverdiar, 429 og 438 ligg utanfor næringsklynga og treng vegtilkomst gjennom bygningsmiljø/kulturlandskap.
<b>ROS</b>	Vindenes er sterkt vindutsett, men inne i Vindenespollen er det noko skjerma og naust og småbåthamn er kurant her.
<b>Måloppnåing</b>	Utviding av to eksisterande naustområde og ei ny småbåthamn i Vindenespollen gir god måloppnåing, områda mot Hjeltefjorden vil opne opp eit nytt område for utbygging, det ligg utanfor næringsklynga på Ågotnes og har dermed dårleg måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 397 b, 450  Tilrådd med endring: 74 og 134 – eksisterande naustområde kan utvidast nordover til å omfatte eksisterande båtopptrekk, men må avgrensast i høve terreng, ikkje gå inn i hammaren som går langs sjøen.  Ikkje tilrådd: 397 a, 429, 438. Når det gjeld 429 bør heile området frå og med CCB til og med Vindeneskvarven sjåast i ein større samanheng. Sjå kommentar til innspel Solsvik utmark og Vindeneskvarven, behovsanalyse.

## 4.18 Spjeld

<b>Innspel nr: 239 og 321</b>	<b>Spjeld bustad</b>	
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad	
<b>Arealstorleik</b>	26 + 259	
<b>Eigedom</b>	28/1 og 2	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF/ LNF- natur	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Område 321 ligg på vestsida av fv 561 Skjergardsvegen opp mot Spjeldsfjellet. Område 239 ligg på austsida av fv 561 på Vindskarhaugen nord for Spjeldssundet. I hovudsak lyng og bergknausar.</p> <p>I gjeldande KPA er det sett av store område til bustad på Spjeld, nokre er regulert.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne- eller miljø i områda, men automatisk freda kulturminne like nord for 239. Generelt mange SEFRAK- registrerte bygningar på Spjeld, men ikkje i direkte tilknytning til innspela.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Lite negativt	Ingen registrerte verdiar innafor innspela, men 321 ligg delvis i LNF-natur (sjå nedanfor under friluftsliv). Ein bekk (Storelva) gjennom området. Det går og eit hjortetrekk over Fjæreidepollen og inn i marka sør for Spjeldsfjellet.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Stort negativt	Middels/ stort negativt	Nesten heile 321 ligg i registrert nærturterreng (Spjeldsfjellet), noko unntak heilt i sør. Store delar av området ligg i LNF-natur. Nordsjøløypa og fleire stiar mot Spjeldsfjellet går gjennom 321. 239 grensar mot LNF-natur og nesten heile området ligg innafor funksjonell strandsone. Heile området registrert som svært viktig regionalt friluftsområde (2008) – grøn/ blå korridor mellom viktig område i sjø og på land. Ingen registrerte stiar, men ser ut som det går sti gjennom området utfrå flyfoto.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels/ stort negativt omfang	Middels negativt	321: Eksisterande busetnad ligg allereie høgt i landskapet og ytterlegare busetnad oppover i fjellsida her vil få stor fjernverknad mot sjøområda kring Knappen. 239 ligg opp mot ein haug og vil og bli godt synleg frå sjø.
<b>Landbruk</b>	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdiar av betydning.
<b>Folkehelse</b>	Område langs fv 561 kan vere støytsett (ÅDT=9000). Turterreng i nærområdet. Om lag 3-4 km til idrettsanlegg på Ågotnes. Terrenget gjer det utfordrande med universell utforming.			
<b>Barn og unge sine</b>	Mellom 2,5- 3 km til barneskule på Knappskog, ikkje gangavstand. 3-4 km til idrettsanlegg på			

<b>oppvekstvilkår</b>	Ågotnes, sykkelavstand.
<b>Miljø og klima</b>	Innspela i gangavstand til kollektivakse langs fv 561. Busstilbod godt. Servicetilbod på Ågotnes, noko lang avstand dit slik at bilkøyring må påreknast, men likevel relativt kort køyreavstand (3-4 km). Austvendte område har dårleg med sol (jf moglegheit for klimavennlege hus)
<b>Infrastruktur</b>	Det er gang/ sykkelveg langs fv 561 både til Ågotnes og Knappskog. Det er behov for veg opp i områda, enten direkte frå fv 561 eller via eksisterande adkomstvegar. Dersom eksisterande vegar skal nyttast må dei truleg oppgraderast med fortau og evt breiare køyrebane, særleg gjeld dette for 321 som kan gi stor trafikkauke. Utfordrande å komma opp i områda med veg. For 239 må ein truleg utanfor innspelsområdet med adkomstveg. Vestre del av 239 og nordre del av 321 innafor VA-buffersone. Ein liten flik av 321 innafor nedslagsfelt til Hagarvatnet. Vassleidning og avlaupsleidning i fv 561 og vegen aust for 321. Høgspenning (truleg 22 kv) i nordre del av 321 parallelt med fylkesvegen.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Skog og lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog og lyng på fleire sider av begge områda. Nær brannstasjon på Ågotnes. Risikoreduserande tiltak - god tilkomst for brannvesen.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Lite tilbod/ møtestader i Spjeld i dag, men har grendehus og relativt kort veg (ikkje gangavstand) til Knappskog (skule) og Ågotnes (service). Det er 225 busette på Spjeld i dag. Nye område vil gi ca 750 busette. Dette er for stor auke på ein stad utan særlege fellestilbod. Dersom Spjeld skal vekse bør det dessutan skje ved å skape eit tettare miljø, ved å utnytte utbyggingsmoglegheiter innafor gjeldande planer og område sett av til bustad i kommuneplanen. Her er det meir potensiale, og det er ikkje behov for fleire bustadområde.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	-

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspela har middels negativ konsekvens for landskap og middels/ stor negativ konsekvens for friluftsliv.
<b>ROS</b>	Fare for skogbrann. God tilkomst for brannvesen er viktig.
<b>Måloppnåing</b>	Høg bustadvekst på ein stad utan særleg med fellestilbod gir dårleg måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 239, 321

<b>Innspel nr: 327</b>	<b>Spjeld kyst</b>		
<b>Planlagt arealbruk</b>	Småbåthamn		
<b>Arealstorleik</b>	12 daa		
<b>Eigedom</b>	Gnr 28 bnr 1,10,181		
<b>Gjeldande arealbruk</b>	Sjø og vassdrag- friluftsområde		
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Innspelet ligg i Spjeldsundet/ -pollen og strekkjer seg inn i ei lita vik ved neset Skipmannen. I/ ved innspelet ligg det ein del naust og flytebyggjer. Det er opna for fleire flytebyggjer til eksisterande bustader på vestsida av vika i ein gjeldande reguleringsplan. Ved fylkesvegen ligg eit grendahus. Det går veg ut til nausta/ flytebyggjene på begge sider av den nemnde vika. Det er vegen på austsida av vika som, i følge innspelet, skal gi tilkomst til småbåtanlegget. Parkering vil, i følge innspelet, bli lagt ved grendehuset like ved fylkesvegen ved å fylle ut i sjø. Det ligg føre eit forslag regulering av båthamn her frå 2009. Pga motsegn vart denne lagt til side i påvente av endring i overordna arealplan.</p>		

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Tiltak er vurdert i reguleringsplan. Det er ikkje funn av automatisk freda kulturminne. Fleire naust rundt innspeletområdet samt grendehuset er SEFRAK-registrerte. Naustmiljøet registrert som sjøbruksmiljø B. Ei stor småbåthamn her kan redusere den historiske lesbarheita til miljøet.
<b>Naturmangfald</b>	Liten til middels	Lite/ middels negativt	Liten/ middels negativ	Mudderbotn. Algen <i>Fucus cottonii</i> , som er raudlista som nær truga, er registrert på austsida av vika. Avbøtande tiltak er å ta nødvendige omsyn til arten ved regulering.
<b>Friluftsliv</b>	Liten/ middels	Middels negativt	Liten/ middels negativ	Området ligg i regionalt viktig friluftsområde i sjø (FM 2008). Ingen turstiar i området, men det går veg på begge sider av vika. Båtliv i området; naust, flytebyggjer. Mudderbotn så evt bading skjer truleg mest frå nes/ flytebyggjer, men moglegheit for leik i fjæra. Spjeld grendalag meiner tiltaket er positivt for nærmiljøet (ref.reguleringsplanforslag 2009). Tilgang til sjø for allmenta og etablering av badeplass i området må vere ein føresetnad.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Skjerma areal inst i Spjeldspollen. Kollar med lauvskog rundt, naustmiljø langs sjølina. Småskala landskapsrom i kontrast til fjordane og havet rundt. Det er allereie ei stor småbåthamn i Spjeldsundet. Enda ei småbåthamn her vil tette igjen landskapsrommet.
<b>Landbruk</b>	Ubetydeleg	Ubetydelig	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdiar av betydning,
<b>Folkehelse</b>	Moglegheiter for å få til universell utforming. Båtliv positivt for folkehelsa. Føresetnad at det vert allmenn tilgjenge.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	I reguleringsplanarbeidet har forslagstillar vore i dialog med Ungdommens kommunestyre for å sikre at barn og unge sine interesser vert ivaretekne			
<b>Miljø og klima</b>	Noko fare for forureining frå aktivitet i båthamn i noko lukka fjordsystem.			
<b>Infrastruktur</b>	Atkomst må utbetrast. Det ligg leidningar for vatn og avløp langs fv561. Det er opna for mange båtplassar (ca 70) i småbåthamn på austsida av Spjeldsundet. Tilkomst til Fjæreidepollen vil kunne verte redusert på grunn av flytebrygger og ankringsarrangement.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S3	LH1, YM2, MV3	<b>Gul</b>	Område med lite vind så sannsynlegheita er låg (noko sannsynleg). Risikoreduserande tiltak er å utføre ei bølgjevurdering i samband med reguleringsplan og dimensjonere småbåthamna etter konklusjonane i denne. Ved skade av båtar kan det bli utslepp til sjø som kan skade miljøet.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Oppgradering av området kring grendehus med parkering og betre tilkomst
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Kommersiell båthamn
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Båtliv positivt, men her er og eit naustmiljø og landskap som bør ivaretakast. Forslag til båthamn må ta omsyn til dette. Forslag til reguleringsplan viser god innpassing av eksisterande miljø.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspelet har liten til middels konsekvens for naturmangfald, middels negativ konsekvens for landskap og kulturmiljø og liten/ middels negativ konsekvens for friluftsliv.
<b>ROS</b>	Utsett for høg vasstand og bølger. anbefaler krav om bølgjevurdering i reguleringsplan.
<b>Måloppnåing</b>	God måloppnåing. Båtliv positivt
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 327 – utvide området inn på land slik at områda innafor reguleringsplangrensa (minus grendehus og friområde ved sida av) vert sett at til småbåthamn.

## 4.19 Fjæreide

Innspel nr: 144, 214 og 123/125 (vurderast samla)		Fjæreide
Planlagt arealbruk	Bustad, LNF-spreidd	
Arealstorleik (daa)	2,4 + 19,8 + 2 daa	
Eigedom	Gnr 29 bnr 8, Gnr 30 bnr 11,309, 675	
Gjeldande arealbruk	LNF	
Områdeskildring:	<p>Kupert landskap prega av lynchhei og barmark i sør og krattskog i nord mot Fjæreidepollen. Det er spreidde bustadar i området ved innspel 125/123 er eit lite felt med 6-8 bustadar. Tilførslevegen mot fv 561 er smal og svingete.</p> <p>Innspela gjeld: 144, 214: Bustadområde 123, 125: Utviding av LNF-spreidd</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konse- kvens	Merknad
Kulturminne og -miljø	Ingen	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK registrerte bygg i nokon av innspelområda.
Naturmangfald	Ingen	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte naturtypar, eller trua artar i området.
Friluftsliv	Liten	Liten negativt	Liten negativ	Utmarksområda der innspela ligg kan nyttast som område og friluftsliv og leik for bebuarane i området.
Landskap	Stor (144)	Middels negativt	Middels/stor negativ	144 ligg på ein knaus over Fjæreidepollen. Bygging av bustadar her vil ligge eksponert mot eit særprega landskapsrom kring pollen. Innspellet er i funksjonell strandsone.
	Middels (214 og 125/123)	Middels/stor negativt (214)	Middels/stort negativt (214)	214 Ligg langs ei skråning ned mor Fjæreidepollen slik at bustadar her vil ligge eksponert i landskapet.
		Lite negativt (125/123)	Lite negativt (125/123)	125/123 kan sjåast som ein naturleg utviding av busetnaden som ligg her i dag, og er såleis lite problematisk ut frå omsyn til landskapet.
Landbruk	Ingen	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte landbruksverdiar i nokon av områda
Folkehelse	Det er gode høve til friluftsliv i området, og kort veg til treningstilbod ved Knappskog skule. Avstanden til større idrettsanlegg er slik at det er naudsynt å nytte privatbil. Ny fv 561 kan føre til støyproblem særleg for innspel 144 og 214.			
Barn og unge sine oppvekstvilkår	Sjølv om det er kort veg til skulen er vegen av ein slik standard at han ikkje kan vurderast som trygg skuleveg. Det er positivt at det er gode tilhøve for utandørs leik i området. Ny fv 561 aust for områda kan danne ein barriere.			
Miljø og klima	Alle områda ligg gunstig til med omsyn til soltilhøve. Avstanden til kollektivtilbod med god frekvens (>1km) tilseier at bustadar her vil skape høvesvis mykje trafikk med privatbil. Det er heller ingen servicefunksjonar i gang/sykkelavstand			
Infrastruktur	Tilførslevegen mot rv561 er smal og svingete. Ein bør ikkje opne for større utbyggingar her utan at vegen vert utbetra.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
Skog og lyngbrann	S3	K3 (MV)	Gul	Arealet ligg i eit område som historisk har vore råka av lyngbrann. Gode rutinar for brannsikring, god tilkomst for brannvesen er risikoreduserande tiltak.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Innspele om bustadområde ligg i randsona kring grenda Fjæreide og vil såleis bidra til å utvide det bygde området snarare enn å bygge opp kring eksisterande grend. Vidare utvikling i grenda kan skje som utviding av LNF-spreidd.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	-

**Oppsummering:**

	Oppsummering
KU	Innspel 144 og 214 har negative konsekvensar for landskapet. Større utbygging i dette området vil måtte utløyse krav om forbetring av veg, eit urealistisk rekkefølgekrav med tanke på omfanget. Større utbygging vil også medføre at ein bygger bustader tett på ei framtidig barriere, ny fv 561, samt at ein går i mot prinsippet om å halde ny fv 561 som byggegrense mot vest.
ROS	Få utfordringar. Områda er noko utsett for lyngbrann.
Måloppnåing	Innspele bidreg ikkje i vesentleg grad til måloppnåing. Innspel 144 kan seiast å vere i strid med målet om god forvaltning av strandsona.
Fagleg tilråding	Tilrådd: 123 og 125 Ikkje tilrådd: 144 og 214

## 4.20 Knappskog


<b>Innspel nr: 15, 442, 27</b>	<b>Knappskog</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad (15), Småbåthamn (27), Naust (442)
<b>Arealstorleik</b>	15: 27daa 442: 0,6 daa 27: 8,3 daa
<b>Eigedom</b>	15: 30/677, 30/5 442: 30/28
<b>Gjeldande arealbruk</b>	15: LNF 442: LNF 27: Vatnareal for allment fleirbruk
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Småkupert kystlandskap dominert av relativt spreiddbygde bustadområde med einebustadar. Ubygd areal er kulturlandskap og lynghei i attgroing. Området vender hovudsakleg mot aust. Bratte stup mot Fjæreidpollen i vest.</p> <p>I gjeldande KPA er det sett av store byggeområde for bustad, nokre er regulerte. Det er skule på Knappskog.</p>

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminneverdiar i nokre av områda med innspel.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte naturmiljøverdiar i nokre av områda med innspel.
<b>Friluftsliv</b>	Middels (15)	Middels negativt (15)	Middels negativt (15)	15 og 442 ligg i sin heilskap i område som i gjeldande plan skal haldast ubygde på lang sikt som LNF-natur. For innspel 15 utgjer dette området eitt av få område som er sikra som ein korridor mellom Midtmarka og strandsona. Ny fv 561 er planlagt i dagen like vest for området. Denne vil danne ei barriere i denne korridoren når vegen vert bygt. 442 ligg i ein del av den allment tilgjengelege strandsona som har gode tilhøve for friluftslivsaktivitetar for dei mange som bur i området. Innspel 27 inneber at tilkomsten til sjøområda utanfor vert noko trongare for båtane som ligg sør for området.
	Stor (442)	Middels/stor negativ (442)	Middels/stor negativ (442)	
	Liten (27)	Lite negativt (27)	Liten negativ 27	
<b>Landskap</b>	Middels/ Stor (442)	Lite negativt (442)	Middels negativ (442)	Landskapsanalysen peiker på strandsona på Knappskog som variert og opplevingsrik. Innspel 442 ligg i bratt terreng, vil krevje stor inngrep. Ei stor småbåthamn i område 27 er vurdert å bryte med inntrykket av strandsona i området. 15 går inn ubygde område med kuppert og utfordrande terreng.
	Middels (15 og 27)	Middels negativt	Middels negativ	
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Delar av 442 er registrert som innmarksbeite.
<b>Folkehelse</b>	Innspel 15 ligg kloss inntil planlagt ny rv561. Dette kan gjere at området er mindre eigna som bustadområde med omsyn til støy.			

<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	For område 15 er det positivt at skulen ligg like ved. Ny rv561 kan vere negativ for barn og unge med tanke på barriereverknad, støy og trafikkfare. Innspel 442 er vurdert som noko negativt gjennom auka privatisering av eit areal med stort potensiale for leik og opphald.
<b>Miljø og klima</b>	Innspel 15 er gunstig med omsyn på samordna areal og transport gjennom nærleik til skule og gangavstand til godt kollektivtilbod. Temaet er lite relevant for dei andre områda
<b>Infrastruktur</b>	Innspel 15 har utfordringar knytt til infrastruktur. Ved evt. regulering av arealet må ein vurdere vegtilkomst med omsyn på trafikkfare for bebuarar, skuleområdet og påkopling til rv561. Vegtilkomst til 15 er i dag vanskeleg og vil medføre store naturinngrep.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger (27)</b>	S6	K2 (MV)		Utsett for sterk vind frå nord med bølger frå Hjeltefjorden. ROS analyse i eventuell reguleringsplan må vurdere om det er trong for fast eller flytande bølgebrytar.
<b>Akutt ureining/ Anna ureining (27)</b>	S5	K2 (YM)		Utslepp frå båtar som skadar miljøet. Gode rutinar for opprydding og varsling og sikring mot dårleg ver er aktuelle risikoreduserande tiltak.
<b>Skog og lyngbrann (15)</b>	S3	K3 (MV)		Arealet ligg i eit område som historisk har vore råka av lyngbrann. Gode rutinar for brannsikring, evakuering og generelt brannvet i periodar med tørt ver er risikoreduserande tiltak.


#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Det er god bustadkapasitet i gjeldande plan, det er ikkje behov for å ta i bruk nye bustadområde på Knappskog i denne rulleringa. Vidare utvikling kan skje som fortetting i eksisterande bustadområde.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Småbåthamna (27) har ei lite eigna lokalisering, og det er ein del eksisterande småbåthamner i denne delen av kommunen. Innspel 442 vil privatisere eit område som i dag er allment tilgjengeleg noko som ikkje er i tråd med god forvaltning av strandsona.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspelela har middels negative konsekvensar for landskap og friluftsliv. Foreslåtte bustadområde vil føre til store inngrep i nye område.
<b>ROS</b>	Det kan verte ei kostbar utfordring å sikre småbåthamna mot bølger og sterk vind frå nord.
<b>Måloppnåing</b>	Det er ikkje behov for fleire bustadområde. Innspel 27 med tilrettelegging for småbåthamn er i eit område som ikkje er direkte gunstig i høve til vind og ver og vil kunne krevje større inngrep i sjø. Utvikling av sjøområdet vil utløyse behov for regulering av eit større område, inkludert endring av tilgrensande RP, både i sjø og på land. Innspel 442 er ikkje vurdert å bidra til måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 15, 27 og 442

## 4.21 Morlandstø

Innspel nr: 216, 218, 243, 276, 309, 310ab, 311 og 313, 312, 314, 339c,d,e		Morlandstø
		
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, naust	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	1,2+97,6+0,3+41,4+0,1+12,4+3,8+19,3+7,5+1,8+19,3+9,3+1,6	
<b>Eigedom</b>	Gnr 33 bnr 3, 12, 24, 26, 586 Gnr 32 bnr 9, 12, 15, 22, 105, 106,	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, bustad, naust, friområde	
<b>Områdeskildring</b>	<p>Morland ligg nord for Kolltveit aust på Sotra. Fv 561 går gjennom området. Ny trase for fv 555 er regulert aust i området over Morlandsvatnet. Morland er eit relativt frodig område, men har også bergnabbar og lynchhei. Morlandsvatnet i vest, Storavatnet i sør. Morlandstø mot Råsundet. Dagens busetnad ligg spreidd langs lokalvegen, for det meste innafør område avsett til bustad i gjeldande KPA.</p> <p>Innspele gjeld ei rekke forslag til nye bustadområde som må vurderast i samanheng. Innspele ligg mellom fv 561 og ny fv 555. Det er også to innspel om utviding av eksisterande naustområde.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Delar av steingardar står att, og kan verte råka av nokre av innspela. Avbøtande tiltak er å ta vare på steingardane, avhengig av tilstand.
<b>Naturmangfald</b>	Liten/middels	Middels negativt	Liten til middels negativ	Naturbeitemark (viktig) i sør. Blågrønn korridor Morlandsvatnet, Storavatnet, sjøen (LNF-N). Hjortetrekk gjennom 276.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt Stort negativt (311 og 313)	Middels negativ Middels/stor negativ (311 og 313)	Nærturterreng i vest, (311 og 313, 312 og 314 ligg heilt eller delvis innafør). Planlagt sikring av friluftsområde ved Morlandsvatnet, badeplass. Markaområde (LNF-N) i sør, (276 og 218 ligg delvis innafør).
<b>Landskap</b>	Middels	Middels/stort negativt	Middels negativ	Landskapsrommet mot Morlandsvatnet ligg skjerma, kontrast mellom frodige område og ope heilandskap. Lite påverka av moderne utbygging. Utbygging i det omfanget som er foreslått vil føre til svært store

				endringar og bryte med landskapet.
<b>Landbruk</b>	Middels	Stort negativt	Middels negativ	Mesteparten av området ligg i kjerneområde landbruk. Dyrka mark i 216 og 310a. Utbygging i det omfanget som er foreslått vil gjere landbruksdrift vanskeleg.
<b>Folkehelse</b>	Kort avstand til turterreng. Kan bli støy ved framtidig vegtrase over Morlandsvatnet (339d og 276). 311 og 313 vil legge beslag på viktig friluftsområde.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Om kring 4 km til Kolltveit barneskule, avstanden kan verte noko kortare for 218. Fjell ungdomsskule på Bildøy. 311 og 313 vil ta viktig friluftsområde ved vatnet.			
<b>Miljø og klima</b>	Dei fleste innspela ligg innafor 500 m buffer langs hovudaksen, eller vil gjere det ved ny fv 555. Bra busstilbod langs fv 561, men noko lang avstand frå Morland. Morland og Morlandstø ligg såpass langt unna servicetilbod på Straume at nye bustadområde her i stor grad vil verte bilbaserte.			
<b>Infrastruktur</b>	Fv 561 i aust, lokalveg til Morland i vest. Regulert ny trase for fv 555 søraust i delområde. Dei fleste innspela ligg langs lokalvegen, men 218 kan få vegtilkomst via fv 561. Lokalvegen har fortau fram til Morlandshaugane. Offentleg vatn og avlaup. Kraftledning gjennom 218.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande tiltak
<b>Ekstrem nedbør og flaum</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Vassdrag i området. Ekstremnedbør vil auke faren for flaum i framtida. Potensiell flaumfare bør vurderast nærare. Gjeld 311 og 313, 339e, 314, 310b.
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.
<b>Skog/lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Både lynghei og skog i tilgrensande område. Risikoreducerande tiltak er å sikre god framkomst for brannvesen.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Behovet for nye bustader i kommunen er ikkje så stort at ein treng å satse på dette området. Relativt langt unna Straume. Dersom ein likevel veljer som grep å satse her, bør område 218 prioriterast på grunn av tilknytning til fv 561. Elles bør utviklinga skje som utviding av eksisterande område langs lokalvegen. 339e er i bruk som forsamlingshus.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Utviding av eksisterande naustområde er ok, men bør ikkje gå inn i bratt terreng (delar av 309). Greitt å utvide nordover og inkludere heile 243, pluss etablerte naust nordafor.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Utbygging i det omfanget som er foreslått vil føre til svært store endringar i landskapet. Innspela som er i konflikt med friluftsinnteresser, dyrka mark eller går inn i nye ubygde område bør avvisast.
<b>ROS</b>	Potensiell flaumfare langs vassdrag, bør undersøkjast nærare ved regulering. Skog/lyngbrannfare, risikoreducerande tiltak er å legge til rette for god tilkomst for brannvesen. Stormflo og bølger for tiltak ved sjø, avbøtande tiltak er å byggje robust.
<b>Måloppnåing</b>	Det vert vist til at det ikkje er behov for fleire bustader i denne rulleringa av KPA, difor har satsing på bustadbygging i dette området lav måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 216, 243, 314 Tilrådd med endring: 339c – avgrensast mot terreng, bør ikkje gå opp på høgdedraget. 309 – kan forlengje eksisterande naustområde nordaustover langs vågen, men avgrense mot terreng i bakkant av kaien. Ikkje tilrådd: 218, 276, 310ab, 311 og 313, 312, 339d, 339e

## 4.22 Geitanger

Innspel nr: 114, 115, 283, 152, 165, 166		Geitanger
		
<b>Planlagt arealbruk</b>	Steinuttak, molo, båthamn + naust/kai + bustad + småbåthamn etc.	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	71 + 2 + 0,3 + 1,3 + 3 + 4,7	
<b>Eigedom</b>	Gnr 31 bnr 3, 6	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, LNF spreidd, vassareal til allment fleirbruk	
<b>Områdeskildring:</b>	Geitanger er ei øy nordaust for Sotra, mellom Knappskog og Anglevik. Geitanger har ikkje fastlandsamband. Om lag 4 innbyggjarar. I gjeldande KPA er det sett av eitt område for LNF-spreidd.  Innspel 165 er i tråd med gjeldane plan og vert ikkje vurdert på nytt.	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Fleire registrerte SEFRAK bygg på Geitanger, men ikkje innanfor grensene til innspela.
<b>Naturmangfald</b>	Middels (115)	Middels negativt (115)	Middels negativ (115)	Innspel 115: Rullesteinstrand, verdi B –viktig. Hjortetrakk går gjennom innspel 165 og 166.
	Liten	Lite negativt	Liten negativ	
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Liten negativt	Liten negativ	Ingen registrerte friluftsområde på Geitanger. Innspel 115 og innspel 166 kan redusere tilkomst for ålmenta avhengig av korleis tiltaket vert gjennomført.

<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Innspel 115 ligg eksponert mot sjø, og vil endre eit elles urørt landskapsområde. Innspel 166 har eit omfang som bryt med lokal byggeskikk i forhold til storleik og plassering. Innspelet ligg og i FS. Innspel 114 ligg delvis i FS, og opp på høgda, difor eksponert.
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Noko dyrka mark og skog på Geitanger. Ingen registrerte verdiar innafor innspela.
<b>Folkehelse</b>	Geitanger har friluftskvalitetar med lett tilgjenge for ålmenta både ved sjø og land.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Skuleveg via båt + buss til Knappskog skule. Avhengig av båt for å delta på fritidsaktivitetar utanom skuletid.			
<b>Miljø og klima</b>	Lang avstand til dei fleste service- og tenestetilbod, bilkjøring er nødvendig.			
<b>Infrastruktur</b>	Høgspenline går gjennom 166 i vestre del av innspelet. Det går ein vassleidning til sørlege del av Geitanger i dag. Planlagt vassleidning vil gå til Keila.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
<b>Skog/ lynnbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-4	<b>RAUD</b>	Over 20 minutt utrykkingstid for brannvesen, og utan vegtilkomst.
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	<b>Gul</b>	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Bustadområde166 er omfangsrikt, og bryt med lokal bustadstruktur på Geitanger. Store delar av innspelet ligg også i FS. Ei avgrensing av området tilrådest å leggje som LNF-spreidd nær eksisterande busetnad, utanfor FS.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Område for privat tenesteyting (165) vert oppretthalde som før.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Ny hamn/kai i Keila (152)

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspel 283 er ynskje om molo frå Keila til holme mot vest, for å etablere småbathamn etc. Omfanget av tiltaket er stort i forhold til tal innbyggjarar på Geitanger. Innspel om ny kai/hamn (152) ligg skjerma i eksisterande hamneområde. Innspel 114 ligg i FS, området kan utvidast utanfor FS frå eksisterande LNF-spreidd område.
<b>ROS</b>	Vanskeleg tilgjengeleg område for brannvesenet, pga manglande vegtilkomst.
<b>Måloppnåing</b>	Tilrettelegging bustad, næring (165), og kystkultur på Geitanger.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 152  Tilrådd med endringar: 114: Utviding av eksisterande LNF-spreidd, trekke ut av FS 166: Redusere området til nær eksisterande busetnad, trekke ut av FS og setje av området til LNF-spreidd.  Ikkje tilrådd: 115, 283  Når det gjeld forslag om veg til Geitanger må eit slikt tiltak ha ein eigen planprosess og vert ikkje vurdert her.

## 4.23 Sekkingstad

Innspel nr: 140 og 371		Sekkingstad
Planlagt arealbruk	LNF spreidd, naust	
Arealstorleik (daa)	0,2 +0,2	
Eigedom	Gnr 17 bnr 30, 2	
Gjeldande arealbruk	Naust, LNF	
Områdeskildring:	<p>Området er småkupert med bratt strandline avløyst av små vikar med god tilgang til sjø. Vegetasjonen er krattskog med lynghei på dei mest eksponerte områda. Området er prega av spreidd bustadbygging. Mindre teigar med dyrka mark mellom busetnaden. Sør i området ligg det ei vik med mudderbotn som delvis ligg tørr ved fjære sjø.</p> <p>Innspela gjeld: 140: omgjerung av bustadtomt i naustområde til LNF spreidd. 371: naust i LNF</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konse- kvens	Merknad
Kulturminne og - miljø	Middels (140)	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Einebustaden i område 140 er registrert i SEFRAK og er ein del av eit kulturmiljø saman med sjøbua og naustet. Det er ein føresetnad for konsekvensvurderinga at det ikkje opnast for omfattande endringar av bygget.
	Liten (371)			
Naturmangfald	Ingen (140)	Lite negativt	Lite/middels negativt	Ingen registrerte naturtypar, eller truga artar i området, men den grunne vika kan reknast som lokalt viktig gruntvassområde.
	Liten/Mid dels (371)			
Friluftsliv	Liten	Liten negativt	Liten negativ	Begge områda er allment tilgjengeleg strandsone. Privatisering her vil redusere verdiane. Det er viktig at arealet kring einebustaden i innspel 140 haldast allment tilgjengeleg.
Landskap	Middels (144)	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen konsekvens
Landbruk	Ingen	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte landbruksverdiar i nokon av områda
Folkehelse	-			
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-			
Miljø og klima	-			
Infrastruktur	Eit naust ved innspel 371 har vanskeleg tilkomst frå land. I forslaget er det skissert bygging av veg i og langs gruntvassområdet.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
Ingen identifiserte farar				

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Dagens arealbruk ved innspel 140 ikkje er til hinder for bruk av bustaden. Det er fleire eksempel på bustadar i naust-eller andre byggeområde i kommunen. Det er ikkje tilrådeleg å endre funksjonell strandsone i området ettersom bygga her står saman i eit tradisjonelt sjøbruksmiljø.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	371: Ikkje aktuelt med eige arealformål på nye enkelståande naust som ikkje er ei utviding av eksisterande naustområde. Forslag til vegtilkomst i sjø er i konflikt med naturmiljøverdiar knytt til gruntvassvågen. 140: Sjå under busetnad.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspel 371 vil innebære privatisering av tilgjengeleg strandsone. Innspel 140 er del av sjøbruksmiljø, bør halde fram som naustområde, dette er ikkje til hinder for bruk av bustaden.
<b>ROS</b>	Ingen registrerte farar
<b>Måloppnåing</b>	Innspela har lav måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 140,371

## 4.24 Kolltveit

Innspel nr: 16, 122, 172ab, 243a, 350, 401, 425, 426, 427, 437, 452ab,		Kolltveit
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, bustad/næring, naust, "fleifunksjonelt område"	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	2,2+1,9+20,5+0,3+10+98,3+14,9+0,2+1,7+0,3+1,8+0,3	
<b>Eigedom</b>	Gnr 33 bnr 491,18,26,3,7,351,465,11,587,548,6 Gnr 34 bnr 2,3,5,348	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, bustad, knutepunkt (veg), offentlig tenesteyting,	
<b>Områdeskildring</b>	<p>Kolltveit ligg aust på Sotra, brua frå Bildøy kjem i land her og rv 555 går i tunnel under Kolltveit. Relativt tett utbygd, men også område med dyrka mark og skog. Kolltveit skule. Golfbane. Kolltveit har fleire bustadområde i gjeldande plan. Området ligg ca 4 km frå Straume.</p> <p>Innspelela gjeld fleire bustadområde og naust og ønskje om "fleifunksjonelt område" på gbnr 33/587.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten/ middels	Lite negativt	Liten negativ	Mange SEFRAC-bygg på Kolltveit, i eller nær 16,172a,427,437 og 243a. Avbøtande tiltak er å sjå nærare på kvalitetane i kulturmiljøet og ta omsyn til desse ved utbygging. Fleire automatisk freda kulturminne (steinalderbuplass og gravminne frå jernalder) sør i delområdet, nord for 425b.
<b>Naturmangfald</b>	Liten/ middels	Lite negativt Stort negativt (401,122)	Liten negativ Middels negativ (401,122)	Naturbeitemark (viktig) nordaust i delområdet, 401,122 ligg innafor denne, og 427 grensar til området. Hjortetrekk i sør (350).
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Nærturterreng i vest (401,122 innfallsport) og sør (350). Grønkorridor med snarveg (172a). Avbøtande tiltak er å avgrense områda i høve verdiane.

<b>Landskap</b>	Middels	Lite/ middels negativt	Liten negativ	Landskapet er i stor grad prega av utbygging, men med nokre grønkorridorar gir kontakt med Bildøystraumen og Storvatnet. Kolltveit har i følgje landskapsanalysen potensiale for foretting. Utbygging i alle foreslåtte områda vil totalt sett bety store endringar i landskapet, særleg 350 er omfattande.
<b>Landbruk</b>	Middels	Stort negativt	Middels negativ	Kjerneområde landbruk i nord (401,122). Dyrka mark i 172a og innmarksbeite i 243a. Avbøtande tiltak er å avgrense områda i høve kjerneområde landbruk og dyrka mark.
<b>Folkehelse</b>	Ny fv 561 kan gjere 401 og 122 utsett for støy. 401,122 og delar av 350 tar innfallsport til turområde, 172a tar grønkorridor.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Under 2 km til Kolltveit barneskule for alle innspela. Smal og svingete veg, manglar noko (200 – 300 meter) på trygg skuleveg til Fjell ungdomsskule på Bildøy. Fleire bustadområde kan legge beslag på leikeareal, registrering av barnetrakk kan gje opplysningar om korleis barn og unge brukar området.			
<b>Miljø og klima</b>	Alle innspela om bustad ligg i gangavstand til kollektivakse (500m), godt busstilbod. Må til Straume for dei fleste teneste- og servicetilbod.			
<b>Infrastruktur</b>	Lokalvegnettet på Kolltveit har fortau eller g/s-veg. Kolltveitvegen har ÅDT ca 1500. Ny fv 561 er regulert med kryss heilt nord i delområdet. Offentleg vatn og avlaup. Kraftleidning gjennom området. Småbåthamn i Kolltveitosen.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.


#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Bør ikkje setje av nye bustadområde mot fv 561 og inn i kulturlandskapet, gjeldande grense for LNF verkar fornuftig. 350 er eit stort potensielt utbyggingsområde, men er i dag ubygd og i nærturtereng. Det er ikkje behov for å legge ut store nye bustadområde i denne rulleringa.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	427 har god plassering langs fv 561, men har ikkje tilknytning til andre funksjonar. Lokalisering av service/næring utanfor eksisterande senter vil ikkje bygge opp under vedteken lokal og regional senterstruktur.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Endre føremål der det alt er eksisterande naust i tilknytning til naustmiljø gir god måloppnåing. Nye naust i LNF gir låg måloppnåing for allmenta.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Dei foreslåtte bustadområda på Kolltveit har negative konsekvensar for landbruk, landskap og friluftsliv. Når det gjeld områda i strandsona er desse mindre konfliktfylte, dei fleste er utbygde i dagens situasjon.
<b>ROS</b>	Høg vasstand for tiltak i strandsona, avbøtande tiltak er å bygge robust.
<b>Måloppnåing</b>	Vidare bustadbygging på Kolltveit bør skje innafor dagens bustadområde. Det er eit stort unytta potensiale i området og ikkje behov for større nye bustadområde i denne rulleringa. Utviding av eksisterande naustområde er ok.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 16, 172b, 437, 452a,  Ikkje tilrådd: 122, 172a, 243a, 350, 401, 425, 426, 427, 452b

## 4.25 Foldnes



<b>Planlagt arealbruk</b>	<b>Bustad</b>
<b>Arealstorleik (daa)</b>	17,7+15,2+2,5+1,6(ca)+0,8+0,9+1,9+3,5+3,5+3,5
<b>Eigedom</b>	Gnr 36, bnr 249, 70, 8,626, 474, 1020, 1036, 1031, 330, 185, 13
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, bustad
<b>Områdeskildring:</b>	Delområde omfattar halvøya Foldnes og bebyggelse mellom fv 209 og sjøen på Litlesotra. Ca 3 km til Straume, store delar av området er utbygd med bustader.  Innspele gjeld mindre justeringar av eksisterande bustadområde, og forslag til nye mindre bustadområde i LNF.

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Automatisk freda kulturminne, steinalderlokalitet Foldnes. Vert ikkje berørt av innspel.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen spesielle naturverdiar. Område som ikkje er sett av til utbygging er LNF-natur i gjeldande KPA som del av større samanhengande naturområde.
<b>Friluftsliv</b>	Stor	Stort negativt	Stort negativt	Nærturterreng på Foldnes og Foldnesmarka, LNF-natur i ubygde område, og LNF-friluft i delar av strandsona. Badeplass i Søre Foldnesvågen og i Gulffjellsvatnet. Fleire av innspela vil byggje igjen grønkorridorar og tilkomst til turterreng og strandsona.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Nordre og søndre Foldnesvågen som sentralt element. Markerte grenser mellom utbygd og ikkje utbygde område, Foldnes har mindre konsentrert utbygging enn elles på Litlesotra. Fleire av innspela er i strandsona.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg	Mindre område med dyrka mark, beite og skog på høg bonitet innimellom busetnaden på Foldnes. Liten konflikt med dyrka mark.
<b>Folkehelse</b>	Kort avstand til turterreng, støy frå fv 209 (ADT 2600).			

<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Det meste av området har meir enn to km til Foldnes skule, og lenger veg til idrettsanlegg på Straume. Ikkje trygg skuleveg, smal veg utan fortau. Nokre av innspela er i konflikt med badeplass og turområde.
<b>Miljø og klima</b>	2,5-3 km frå Straume. Busstilbodet er godt frå fv 209 mot Bergen. Ikkje gangavstand til servicetilbod på Straume.
<b>Infrastruktur</b>	Foldenesvegen (fv 209) og gamle Foldnesvegen har låg standard, smalt og utan fortau. Utbetring av fv 209 m gangveg er regulert. Offentleg vatn og avlaup,

#### Ros- analyse:


Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Fleire innspel ligg i strandsona, vil vere utsett for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Fortetting i tilknytning til eksisterande bustadområde gir god måloppnåing og nok rom for vekst i grenda. Område utanfor utbygde område og i konflikt med strandsona og friluftsliv gir låg måloppnåing.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Bustadområde i strandsona er privatiserande og byggjer ikkje opp under allmenta si tilgjenge til strandsona.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Ein del område er i konflikt med friluftsliv-, landskaps- og strandsoneverdiar, og ligg utanfor etablert utbyggingsmønster, desse vert frårådd. Mindre område utan særlege konflikter vert rådd til lagt inn i planen.
<b>ROS</b>	Område i strandsona er utsett for stormflo og bølger
<b>Måloppnåing</b>	God måloppnåing med fortetting, låg måloppnåing med bustader i strandsona, i friluftsområde og utanfor etablert utbyggingsmønster.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 92, 93 - Avgrensast mot vatnet og vegen. 146 - Justering nokre få meter av bustad mot LNF (funksjonell strandsona).  Ikkje tilrådd: 99, 173c, 198, 244, 289a, 436, 460



<b>Planlagt arealbruk</b>	<b>Naust, småbåthamn</b>
<b>Arealstorleik (daa)</b>	81+0,2+3,6+2+8+0,1+0,1+0,2+0,1+7,2+ 0,2
<b>Eigedom</b>	Gnr 36, bnr 1,2,7,10,102,131,349,478,830,973 m.fl.
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, bustad, naust, småbåtanlegg i sjø.
<b>Områdeskildring:</b>	Delområde omfattar halvøya Foldnes og bebyggelse mellom fv 209 og sjøen på Litlesotra. Kort avstand til Straume, store delar av området er utbygd med bustader, store delar av strandsona i tilknytning til bustader er privatisert gjennom naust og kaifrontar. Innspela gjeld mindre naustområde og eit større område for småbåthamn.

**Konsekvensutgreiing:**

<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Merknad</b>
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Automatisk freda kulturminne, steinalderlokalitet Foldnes. Vert ikkje berørt av innspel.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte naturverdiar. Område som ikkje er sett av til utbygging er LNF-natur i gjeldande KPA.
<b>Friluftsliv</b>	Stor	Stort negativt	Stort negativt	Nærturterreng på Foldnes og Foldnesmarka, LNF-natur i ubygde område, og LNF-friluft i delar av strandsona. Badeplass i Søre Foldnesvågen og i Gul fjellsvatnet.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Nordre og søndre Foldnesvågen som sentralt element. Markerte grenser mellom utbygd og ikkje utbygde område. Store delar av strandsona er privatisert. Fleire av innspela er i utbygd strandsona, eller vil tette igjen lommer av tilgjengeleg strandsona.
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen av dei kyst-relaterte innspela er i konflikt med landbruksverdiar.
<b>Folkehelse</b>	Fleire naust og småbåthamn vil redusere allmeinta sine muligheter for bading og friluftsliv ved sjøen.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Nokre av innspela er i konflikt med badeplass og turområde.			
<b>Miljø og klima</b>	Ligg skjerna mot vind, for det meste gode soltilhøve.			

<b>Infrastruktur</b>	Foldenesvegen (fv 209) og gamle Foldnesvegen har låg standard, smalt og utan fortau. Utbetring av fv 209 m gangveg er regulert. Offentleg vatn og avlaup, hovudavlaupsleidning kjem inn i Søre vågen.
----------------------	---

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Fleire innspel ligg i strandsona, vil vere utsett for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Småbåthamn og fleire naust gir god måloppnåing, må vegast opp mot redusert tilgjenge til strandsona for allmenta.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
<b>KU</b>	Ein del område er i konflikt med friluft-, landskaps- og strandsoneverdiar, og ligg utanfor etablert utbyggingsmønster, desse vert frårådd. Område utan særlege konflikter vert rådd til lagt inn i planen.
<b>ROS</b>	Område i strandsona er utsett for stormflo og bølger
<b>Måloppnåing</b>	God måloppnåing for kystkultur der småbåthamn og naust ikkje reduserer kvalitetane for allmenta.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 317  Tilrådd med endring: 26 – sette av areal til småbåthamn på land nord for Gamle Foldnesvegen, gbnr 36/11 og skogen ovanfor Nordrevågsvn (36/7). Småbåthamn på sjø i Nordre vågen. Søre vågen må vere tilgjengeleg for allmenta, evt sette av som friluftsområde.  Ikkje tilrådd: 101, 131, 132, 173 a og b, 213, 287, 289b

## 4.26 Anglevik

Innspel nr: 150, 154a, 156, 388 a,b		Anglevik
Planlagt arealbruk	Bustad, naust, småbåthamn	
Arealstorleik (daa)	0,2+53,7+3,7+16,8+1,8	
Eigedom	Gbr 37, bnr 115, 3, 254 mfl.	
Gjeldande arealbruk	LNF, fritidsbustad, naust, sjøareal(fleirbruk),	
Områdeskildring:	<p>Anglevik ligg nord på Litlesotra. Bebyggelsen er konsentrert på austsida av halvøy mot Notholmsundet.</p> <p>I gjeldande plan er det avsett ein del område for fritidsbustader, bustader og naust.</p> <p>154a: RAN seilforening er eit idrettslag for segling og har anlegg på Anglevik. Innspel 154a gjeld utviding av noverande aktivitet på RAN.</p> <p>388 ab: Bustadområde</p> <p>150, 156: Naustområde</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
Kulturminne og – miljø	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Naustmiljø og gammalt gardstun i og sør for 156.
Naturmangfald	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Kystlynghei i utmarka.
Friluftsliv	Middels	Lite/middels negativt	Liten negativ	Nærturterreng i vest. Sjøområda er registrert som svær viktig regionalt friluftsområde Tilgjengeleg strandsone for ålmenta og fiskeplass ved 156. Småbåthamn kan privatisere tilgjengelege kvalitetar i strandsone og sjøområde for busette og hyttefolk.
Landskap	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Småbåthamn vil endre landskapsrommet i Anglevika, området er i dag prega av utbygging, men i mindre skala. Bustadområde i nord (388b) ligg eksponert til i FS. Bustadområde (388a) ligg delvis på hylle og delvis ned mot veg i ubyggd område.
Landbruk	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg	Noko skog på høg bonitet (388a), noko overflatedyrka mark ved 156.
Folkehelse	Gode høve for friluftsliv, lang avstand til idrettsanlegg. Kuppert terreng kan gje utfordringar i høve universell utforming.			
Barn og unge sine oppvekstvilkår	4,5 km til Foldnes skule, lenger avstand til ungdomsskule og idrettsanlegg. Eksisterande bustadområde ligg lenger sør enn føreslått småbåthamn, hamna vil difor ikkje ta tilgjengeleg strandsone frå born og unge.			

<b>Miljø og klima</b>	Ligg ca 5 km frå Straume, og er ein av Skyss sine prioriterte bussaksar på Sotra.
<b>Infrastruktur</b>	Vegtilkomst via Anglavikveien, smal veg utan fortau. Utviding av småbåthamn vil auke trafikken på utfartsdagar. Ikkje offentleg VA-nett i nærleiken av føreslåtte bustadområde. Kraftleidning gjennom 388 a.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Det er sett av bustadområde i gjeldande plan, det er rom for vidare utvikling av grenda innafor desse. Dei føreslåtte bustadområda ligg lenger nord, i område med fritidsbustader.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Småbåthamn i Anglavik vil føre til auka aktivitet.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	156: Gjeld utviding av eksisterande naustområde for båttopplag og slipp, det vert vist til eksisterande båthamn, samt foreslått utviding.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Fleire av innspela er i konflikt med landskap og strandsona.
<b>ROS</b>	Høg vasstand for tiltak i strandsona. Risikoreduserande er føreslått.
<b>Måloppnåing</b>	Småbåthamn gir god måloppnåing, bustadområde bygger ikkje opp om eksisterande busetting i grenda.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 150  Tilrådd med endring: 154a – avgrense areal for småbåthamn, ta ut areal langs land inntil eksisterande naustmiljø.  Ikkje tilrådd: 156, 388a,b

## 4.27 Våge

<b>Innspel nr: 91, 118, 137, 185, 440,451a,b</b>		<b>Våge</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustadområde, naust	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	0,1 +2,5+1,2+ 0,5+ 201+0,1+0,2	
<b>Eigedom</b>	Gnr 38 bnr 216,196,17,12,6,3 m.fl	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, bustad, naust.	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Våge ligg nord på Litlesotra. Busettinga er konsentrert mot Austevågen ute på Eidet og på Vågo. Vestsida av Vågo er skogkledd og går over til Vågen mot Anglavik.</p> <p>Våge har to eksisterande bustadområde og fleire naustområde i gjeldande plan.</p>	
	 <p><b>Utsnitt: Inst i Vågen.</b></p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og – miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Funnstad frå yngre steinalder på Våge. Ligg i LNF og vert ikkje råka av nokre av innspela.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Liten	Ubetydeleg	Ingen spesielle verdiar.
<b>Friluftsliv</b>	Middels/ stor	Stort negativt	Stor negativt	Badeplasskvalitetar inst i Vågen. Tilgjengeleg strandsoner. Naustområde her kan gjere badeplass utilgjengeleg. Avbøtande tiltak er å sjå området samla og inkludere friluftsområde/badeplass. "Marka"-område og nærturterreng aust og sør for busetnaden. Bustadområde 91 går inn i markaområde.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Utbygging inst i Vågen vil endre landskapet, men området er alt prega av utbygging (veg, avløpsanlegg mm). Bustadområde (91) bryt inn i markaområde.
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Noko dyrka mark og skog med høg bonitet.
<b>Folkehelse</b>	Kort avstand til turterreng. Badeplass inst i vågen ligg nær veg og har potensiale for opparbeiding til universell utforming.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	3,5 km til Foldnes barneskule, lenger til ungdomsskule og idrettsanlegg. Trafikkfarleg skuleveg (ÅDT 2600).			
<b>Miljø og klima</b>	Våge ligg utanfor hovudaksen for kollektivtrafikk, men har likevel bra busstilbod. Anglevik har god dekning, gangavstand til 20 min intervall. Ligg ca 4 km frå Straume.			
<b>Infrastruktur</b>	Fv 209 går ut til Våge, smal og svingete veg, kommunal/private(?) vegar vidare, noko grusveg Offentleg vatn og avlaup.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserende tiltak
Høg vasstand og bølger	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Store delar av eksisterande busetnad på Våge er sett av til bustadområde i gjeldande plan, vidare utvikling bør skje som fortetting.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Område inst i Vågen er ei av dei få plassane med tilgjengeleg strandsone nær veg. Opning for private naust her vil vere i strid med allmenne interesser. Område kan evt opparbeidast som friluftsområde. Utviding av eksisterande naustområde gir god måloppnåing.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
KU	Innspelet om naust inst i Vågen er i konflikt med tilgjengeleg strandsone. Bustadområde går inn i ubygd markaområde.
ROS	Høg vasstand for tiltak i strandsona. Risikoreduserende tiltak er føreslått.
Måloppnåing	Bevare tilgjengeleg strandsone, utvide eksisterande naustområde og fortetting innafor eksisterande bustadområde gir god måloppnåing.
Fagleg tilråding	Tilrådd: 137, 185  Ikkje tilrådd: 91, 118,440,451a,b

## 4.28 Tona Valen

<b>Innspel nr: 109, 109a, 246, 346</b>		<b>Tona Valen</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, naust/småbåthamn/friluftsområde	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	26,7+75,9+10,3+27,3	
<b>Eigedom</b>	Gnr 41 bnr 15, 20, 64 m.fl	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, Bustad	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Tona og Valen ligg aust på Litlesotra, sør for fv 555, om lag 3 km frå Straume. Området er ei halvøy med relativt tett busetnad. Innspela omfattar nokre av dei siste områda som er LNF på Valen.</p> <p>I gjeldande plan er det sett av store bustadområde, dei fleste er regulert. Det er også nokre naustområde, barnehage, Valen næringspark, eit industriområde ved sjø og ei lita småbåthamn. Større småbåthamn i Arefjordstraumen.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten/middels	Lite negativt	Liten negativ	SEFRAK-bygningar knytt til den eldste bebyggelsen på Valen. To SEFRAK naust i austlege del av 109 mot industriområdet, men er ikkje del av eit større naustmiljø. Automatisk freda steinalderlokalitet på søre Tona, 109a grensar mot denne. Avbøtande tiltak er å legge inn buffer mot automatisk freda kulturminne på Tona, og ivareta gamle naust ved utbygging. Potensiale for at det fins automatisk freda kulturminne i området.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen spesielle verdiar.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Stort negativt	Middels/stort negativ	Nærturterreng i sørleg del, innspel 109a går inn i dette. LNF-friluft i strandsona vest for industriområdet, 109 går inn i dette. Viktig å oppretthalde rekreasjonsområde som ikkje er utbygd for å oppretthalde bukvalitet for heile området.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Liten negativ	Landskapet er sterkt prega av utbygging. I landskapsanalysen er Valen peika på som eit område som kan fortettast. Strandsona og rekreasjonsområde har stor verdi for bukvaliteten i området. Avbøtande tiltak er å avgrense mot FS.
<b>Landbruk</b>	Liten	Stort negativt	Liten negativ	Områda som er foreslått til bustadområde er dei siste områda med dyrka mark på Valen. Teigane er små, og driftstilhøva vanskelege pga nærleiken til bustadområde.
<b>Folkehelse</b>	Nærturterreng i sør, lenger avstand til idrettsanlegg på Straume (ca 3 km)			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Gangavstand til Liljevattnet barneskule (<2 km), Fortau langs Valavegen må vere eit rekkefølgjekrav. Lang veg til Fjell ungdomsskule, Danielsens barne- og ungdomsskule og idrettsanlegg på Straume. Barnehage like ved Valen næringspark. Tettare utbygging vil føre til tap av leikeområde, kartlegging av barnetrakk kan gi fleire opplysningar om korleis barna brukar nærområdet.			

<b>Miljø og klima</b>	Forslag til bustaområde ligg ca 0,4 til 1 km frå hovudkollektivaksen Bergen - Straume. Avstand til servicetilbod er såpass lang at ein del køyring må påreknast. Gode soltilhøve (jf moglegheit for klimavenlege hus)
<b>Infrastruktur</b>	Vegtilkomst via Valavegen, lokalveg delvis med fortau. Offentleg vatn og avlaup. Småbåthamn i Arefjordstraumen, og ei lita nedanfor Huldrahaugen. Valen næringspark ligg langs vegen, og industriområde med hamn i enden av vegen. Hovudleis går forbi på autsida, problem med bølgjer som gjer skade på anlegg.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Høg vasstand og bølgjer</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølgjer. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Det er god kapasitet i området og det er ikkje behov for fleire bustader i den neste planperioden. Ved denne rulleringa er det naturleg å sikre dei viktigaste grønne områda i eit langsiktig perspektiv. Dette kan vere dei områda som idag er jordbruksareal., Grønstrukturen gir nærmiljøkvalitet til heile området. 246 grensar til Valen næringspark og tar ikkje grønstruktur av verdi, ved utbygging av denne må det sikrast tilstrekkeleg buffer, dette kan truleg avklarast i reguleringsplan.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Strandsona på Litlesotra er i stor grad privatisert. Småbåthamn og tilrettelagt friluftsområde ved sjø på Valen gir god måloppnåing. Utbygginga bør knytast til eksisterande infrastruktur, og avgrensast mot LNF-friluft. Vestlege del av 109 bør halde fram som LNF. Avgjerande at tiltak skal vere retta mot allmenta dersom det skal opnast for meir utbygging ved sjø. Det bør ikkje opnast for fleire naust her.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Sørlege delar av innspel 109a er i konflikt med strandsone og nærturterreng, desse områda har meir enn 500 m til kollektivaksen, og noko lang skuleveg +/- 2 km. 109 er i konflikt med strandsone og LNF-friluft.
<b>ROS</b>	Høg vasstand for tiltak i strandsona, avbøtande tiltak er å bygge robust.
<b>Måloppnåing</b>	Det er ikkje behov for å avsette nye store bustadområde, vidare utvikling bør skje om mindre justering og fortetting i eksisterande bustadområde. Småbåthamn og friluftsområde ved sjø gir god måloppnåing for kystkultur, men unngå ytterlegare privatisering, konsentrere til eksisterande infrastruktur.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 246  Ikkje tilrådd: 109, 109a, 346.

## 4.29 Arefjord

<b>Innspel nr: 240,242,382</b>		<b>Arefjord</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, naust	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	2,2+0,3+1,8	
<b>Eigedom</b>	Gnr 41 bnr 7,380,300	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNf, bustad	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Arefjord ligg på Litlesotra ved Arefjordpollen, ca 2 km frå Straume via fv 209.</p> <p>Det er ein del bustader i området, dei fleste innafor regulert felt. Det er også nokre naustområde, og det er sett av område til framtidig småbåthamn sør for Arefjordstaumen. Arefjord har eit grønt preg, det er flekkar med dyrka mark og skog mellom bygde område.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Automatisk freda steinalderlokalitet i Skitnepollen, men det er bygd hus på denne. Det er fleire SEFRAK-bygningar i Arefjord, men ingen innafor innspela.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	240: Gruntvassområde som må mudrast dersom det skal byggast naust her.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Arefjordpollen er lokalt viktig friluftsområde på sjø.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Området er prega av utbygging og i landskapsanalysen er dette peika på som eit område som kan fortettast.
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Det er flekkar med dyrka mark og skog i Arefjord, men ikkje negative konsekvensar i høve innspela.
<b>Folkehelse</b>	Noko avstand til større turterreng. Gangavstand til Straume på fortau.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Ca 2 km til Danielsen barne- og ungdomsskule på Straume, omtrent like langt til Brattholmen barneskule, men ikkje trygg skuleveg. Lenger avstand til Fjell ungdomsskule. Om lag 2 km til idrettsanlegg.			
<b>Miljø og klima</b>	Dårleg busstilbod, må gå/sykle/køyre til Straume. Avstanden frå Arefjord til Straume reknast ikkje som akseptabel gangavstand. Gode soltilhøve (jf moglegheit for klimavenlege hus)			
<b>Infrastruktur</b>	Smal veg utan fortau opp til 382, ytterlegare utbygging av bustader her vil krevje opprusting til trafikkisikker standard. Kraftlinjer går gjennom området, men truleg ikkje i konflikt med 382 (avhengig av spenningsnivå). Offentleg vatn og avlaup i regulert felt i sør, må evt utvide nordover.			

### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggast robust mot høg vasstand.

**Måloppnåing:**

<b>Tema</b>	<b>Mål</b>	<b>Måloppnåing</b>
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Vidare utbygging nord i Arefjord krev ein del investering i infrastruktur, både VA og trafikksikker veg. Fortetting på Straume som har betre infrastruktur og tilgang på tenestetilbod gjev betre måloppnåing
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Store delar av strandsona på Litlesotra er privatisert, unngå ytterlegare privatisering. Utviding av eksisterande naustområde i Skitnepollen er likevel mogleg dersom ein stiller krav til å minimere store inngrep i terrenget. I ein reguleringsplan kan utbygging av naust gjerne sjåast i saman med badeplass/område for allmenta.

**Oppsummering:**

	<b>Oppsummering</b>
<b>KU</b>	382 bør utgå pga dårleg/manglande infrastruktur.
<b>ROS</b>	Høg vasstand for tiltak i strandsona. Risikoreducerande tiltak er å bygge robust.
<b>Måloppnåing</b>	Vidare utbygging på Litlesotra bør skje som fortetting i område med kort avstand til kollektivtilbod og tenestetilbod. Unngå ytterlegare privatisering av strandsona.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 240 – avgrense i sør i høve gruntvassområde.  Ikkje tilrådd: 242, 382

#### 4.30 Ekerhovd nord

<b>Innspel nr: 96, 169, 357, 376ab (353,377)</b>	<b>Ekerhovd nord</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, naust, næring, allmenntyttige føremål
<b>Arealstorleik (daa)</b>	0,05+0,7+27,7+92,5+95,8
<b>Eigedom</b>	Gnr 46 bnr 129, 128, 2,5,7
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, LNF spreidd, naust, fleirbruk i sjø
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Ekerhovd ligg på austsida av Sotra mot halvøya Hovden. Det er om lag 5 km til Straume. Fv 206 går gjennom grenda. Spreidd bebyggelse langs veg og sjø.</p> <p>I gjeldande plan er det sett av område for LNF spreidd bustad, ingen bustadområde. Kvoten for LNF spreidd er overoppfylt i perioden.</p> <p>Næringsområde på Døsjeneset ønskjer utviding (utfylling i sjø). Innspela gjeld elles nye bustadområde og naust.</p>
	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Naustmiljø.
<b>Naturmangfald</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Hjortetrekk, gråhegre. Edellauvskog mellom eksisterande busetnad og sjø. Strandsone definert som LNF-N og LNF -F.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Turområde på Hovda, LNF-N i vest og sør (delar av 376b). Tilgjengeleg strandsone.
<b>Landskap</b>	Middels	Stort negativt	Middels/stort negativt	Store bustadfelt vil sprengje skalaen i landskapet på Ekerhovd.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg	Skog på høg bonitet, noko dyrka mark.
<b>Folkehelse</b>	Gode tilhøve for friluftsliv.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Ca 3 km til Kolltveit barneskule, noko lenger til Fjell ungdomsskule.			
<b>Miljø og klima</b>	Ekerhovd ligg utanfor hovudaksen, dårleg busstilbod. Må køyre til dei fleste teneste- og servicetilbod.			
<b>Infrastruktur</b>	Fv 206 har fortau i den sørlege delen av delområdet. Elles smal og svingete veg. Vegutbetring er regulert. Planlagt vassleidning, avlaupsbuffer mellom næringsområde og nordre del av 376a. Kraftleidning gjennom området.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.
<b>Ekstrem nedbør og flaum</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Bekkar gjennom 376a. Ekstremnedbør vil auke faren for flaum i framtida. Potensiell flaumfare må vurderast nærare.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Det er ikkje behov for store nye bustadområde i denne rulleringa. Framtidig utbygging bør skje ovanfor fv 206. Dersom ein skal satse på bustadbygging på Ekerhovd, bør det skje i dei delane av 376b som ikkje er LNF-N. Vurdere omgjering av LNF-spreidd til bustadområde i neste rullering.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Utfylling i sjø framfor bustad gbnr 46/44 vil har stor innverknad for denne bustaden. Bør avgrense utfyllinga noko. Utviding av eksisterande næringsområde har elles god måloppnåing.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta Perspektiv	Vurdere å utvide naustområde sør til 46/114.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
<b>KU</b>	Stor bustadutbygging på Ekerhovd mellom eksisterande bustader og sjø er i konflikt med strandsona, landskap og friluftsliv, og er problematisk i høve infrastruktur.
<b>ROS</b>	Høg vasstand og potensiell flaumfare. Risikoreduserande tiltak er foreslått.
<b>Måloppnåing</b>	Det er ikkje behov for store nye bustadområde, vidare utvikling kan skje som spreidd utbygging. Utviding av eksisterande naustområde er ok. Utviding av næringsområde gir god måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 96 – utvide eksisterande naustområde sør til og med naust på 46/114 357 – vurdere om området bør avgrensast i høve bustad eller om det er aktuelt å innløyse bustaden. 376b – mindre utviding av LNF-spreidd.  Ikkje tilrådd: 169 (den delen som ligg mellom 46/119 og 129 er foreslått til naustområde) 376a

### 4.31 Ekerhovd sør

<b>Innspel nr: 362</b>		<b>Ekerhovd sør</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Naust	
<b>Arealstorleik</b>	1,1 daa	
<b>Eigedom</b>	GNr 47 bnr 78	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	Innspelet gjeld ønskje om naust på Søre Ekerhovd.	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdier.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdier.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Naust vil privatisere eit lite område, men truleg ikkje i bruk til friluftsliv.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Området er ikkje utbygd i dag. Bratt ned til sjøen, vanskeleg å bygge naust utan betydelege terrenginngrep.
<b>Landbruk</b>	Ingen	Ubetydeleg	Ubetydeleg	
<b>Folkehelse</b>	-			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	-			
<b>Miljø og klima</b>	-			
<b>Infrastruktur</b>	Sti ned til sjø frå bustadhus.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo, i tillegg bølger frå båtar som passerer i leia. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand og bølger.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Gjeld utbygging av naust langt frå andre bygningar i strandsona.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Naust vil endre landskapet, bratt.
<b>ROS</b>	Høg vasstand og bølger, må byggje robust.
<b>Måloppnåing</b>	Lav måloppnåing for kystkultur.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 362

## 4.32 Li Liaskjeret

<b>Innspel nr: 167,183,190,235,236,268a-c,300,301,302ab,431,</b>		<b>Li/Liaskjeret</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	LNF spreidd, bustad, næring, hamneområde i sjø	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	50,1+4,6+4,4+1,1+5,1+4+2,5+35,1+1,3+7,3+2,9+ 28,1	
<b>Eigedom</b>	Gnr 48 bnr 15 Gnr 49 bnr 1, 5, 2, 31, 16, 37, 46,14 mfl.	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, LNF spreidd, næring, naust, fleirbruk i sjø	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Li og Liaskjeret ligg heilt søraust i Fjell kommune, grensar mot Sund. Fv 206 endar her. Ca 9 km til Straume. Spreidd bebyggelse langs vegen og sjøen. Har hamneområde og næringsområde ved sjø. (Fiskerihamn, Libasbruket)</p> <p>I gjeldande KPA er det sett av fleire område for LNF spreidd. Kvoten er ikkje oppfylt for perioden.</p>	
	<p>Utsnitt: Li, gbnr 48/15</p> <p>167 gjeld ønskje om fjerning av retningslinje friluftsliv i LNF (LNF-F).</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Steingard i 431, bør ivaretakast.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Hjortetrek (183,268b)
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Lite negativt Middels negativt (167)	Liten negativ Middels negativ (167)	Nærturterreng og LNF-N i vest, LNF-F ved sjøen (167). LNF-F er langsiktig prioritering av friluftslivinteresser, uheldig å ta bort denne.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Utbygging i så stort omfang som innspela tilseier vil bryte med landskapet og totalt endre inntrykket i grenda. Bevare grønne strukturar og spreidd utbygging.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Noko dyrka mark (183,190), og overflatedyrka areal (268a)
<b>Folkehelse</b>				Støy frå næringsverksemd? Uheldig samlokalisering med bustad (235,236). Gode tilhøve for friluftsliv.
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>				Lang veg til skule og truleg også til organiserte fritidsaktivitetar.
<b>Miljø og klima</b>				Dårleg busstilbod, lang avstand til dei fleste service- og tenestetilbod. Store, nye bustadområde vil føre til auka biltrafikk.
<b>Infrastruktur</b>				Fv 206 har dårleg standard, men utbetring er regulert. Planlagt vassleidning, ikkje offentleg avlaup. Kraftleidning gjennom området.

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
Høg vasstand og bølger	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Li og Liaskjeret ligg for langt unna service- og tenestetilbod og manglar teknisk infrastruktur, det er difor ikkje tilrådd å satse på bustadbygging i stor skala. Identiteten i området vert best ivaretatt ved å halde fram med spreidd utbygging.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Det er positivt å opne for utviding av eksisterande næringsområde, dersom det ikkje er i konflikt med nærmiljøet. Buffer mot bustad er nødvendig. Unngå ytterlegare busetting i nærleiken i framtida.
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta Perspektiv	Sjå næring

**Oppsummering:**

	Oppsummering
KU	Bustadbygging i stor skala vil føre til store endringar i landskapet. Infrastruktur manglar og lang veg til teneste- og servicetilbod. Noko konflikt med dyrka mark og friluftsliv. Bør ikkje utvide LNF spreidd på dyrka mark.
ROS	Høg vasstand for tiltak i strandsona. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust mot stormflo og bølger.
Måloppnåing	Storstilt bustadbygging gir dårleg måloppnåing, grenda kan utvikle seg vidare innafor rammene av LNF spreidd. Utviding av eksisterande næringsområde legg til rette for vidare utvikling.
Fagleg tilråding	Tilrådd: 302ab, 268c Tilrådd med endring: 235 – endre frå næring til LNF 431 – avgrense mot vest, ca halve området er ok. Ikkje tilrådd: 167,183,190, 236, 268a,b, 300, 301

### 4.33 Haganes

Innspel nr: 95, 104, 105, 106, 143, 336 a-b, 347		Haganes		
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, naust			
<b>Arealstorleik (daa)</b>	1,6 + 1,6 + 1,9 + 2,3 + 0,3 + 4,9 + 0,4			
<b>Eigedom</b>	Innspel nr 95: Gnr 52 bnr 231, Innspel nr 104: Gnr 52 bnr 267 Innspel nr 105: Gnr 52 bnr 268, Innspel nr 106: Gnr 52 bnr 262 Innspel nr 143: Gnr 52 bnr 5, Innspel nr 336: Gnr 52 bnr 282 m.fl.(små areal) Innspel nr 347: Gnr 52 bnr 68 m fl.			
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF (Unntak 95 kor brorparten av arealet er fritidsbustadområde)			
<b>Områdeskildring:</b>	Sørvendt dal som ender i våg, berg/fjell til begge sider, kor ein større del i vest fell under delområdet. Fire innspel om bustad i utkant av LNF-område danner eit lite dalsøkk mot sør, og grenser til eksisterande fritidsbustadområde i vest, og regulert bustadområde i aust. Innspel 336 gjeld bustad i skråning ned mot parkarealet på Haganes. Arealgrensar til LNF spreidd i nord og regulert bustadområde i aust. Skråninga er attgrodd og delt av ein veg (336 a og b), men omfattar noko parkareal i sør, og opparbeidd plen i nordaust. Innspel om naust i Haganesvika og i mellom Mjelkevika og Kjerringvika.			
<b>Konsekvensutgreiing:</b>				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten / middels	Lite negativt	Ubetydeleg	Steinalderlokalitet (automatisk freda) nord for 143, Sjøbruksmiljø B samt SEFRAK-registrerte bygningar. 143 ligg i sjøbruksmiljø og nytt naust her vil avhenge av utforming.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Eit hjortetråkk. Heile 336b ligg i lokalt viktig strandeng og strandsump. Ytste del har redusert verdi på grunn av parkmessig opparbeiding, men nordre del er framleis intakt i overgang til skog med og bekkefar.
	Middels (336b)	Middels negativt (336b)	Middels negativ (336b)	

<b>Friluftsliv</b>	Liten / middels	Lite negativt	Liten negativ	Park på Haganes, markaområde i aust av delområde, nærturterreng i nordaustre område. Innspelsområda rører ikkje desse og hindrar ikkje tilgang. Innspel 336b grensar til/overlappar parkområdet. Badeplass nær 347.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Inngrepa verkar i liten grad på landskapet, men representerer noko fortetting/utviding. Naust på svaberg, vil krevje handsaming av terreng.
<b>Landbruk</b>	Lite	Lite negativt	Liten negativ	Skogbruksareal av høg og særskild høg bonitet, men ikkje større drivverdige areal.
<b>Folkehelse</b>	Nærleik til marka-område og sjø, men avstand til idrettsanlegg/organisert fritidsaktivitet. 336 og 95 ligg i bratt terreng som kan gje utfordringar i høve universell utforming.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Meir enn 2 km til skule på Tellnes, ungdomsskule på Ågotnes. Ikkje trafiksikkert, men relativt lav ÅDT (600). Truleg same avstand til organiserte fritidstilbod. Utbygging vil ikkje ta viktige område som er i bruk av barn og unge. Badeplass nær 347.			
<b>Miljø og klima</b>	Bilbasert, innspelsområda ligg ca 600 m frå busshaldeplass (336 like attmed). Få bussavgangar. Sørvendt og truleg gode soltilhøve.			
<b>Infrastruktur</b>	Smal veg, ingen fortau, reknast ikkje som trafiksikkert, men relativt lav ÅDT (600). Innspelsområda ligg fleire 100 meter frå offentlig vatn og avløp (Unntak:336). Slamavskiljar i Hagavik.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Ekstrem nedbør og flaum</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Bekk i nedre ned av innspel 336. Flaumfare må vurderast nærare.
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Fleire innspel ligg i strandsona, vil vere utsett for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Haganes ligg relativt langt frå service- og tenestetilbod. Det er god kapasitet for vidare utvikling av bustadtilbodet innafor regulerte bustadområde og LNF-spreidd. Utviding av bustadområda gir dårleg måloppnåing.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Gjenbruk av eldre kai (innspel 143) positivt i høve til eksisterande miljø, men krev føringar i høve til gjenoppbygging. Har lite behov for tilrettelegging. Innspel 347 krev tilrettelegging av infrastruktur .

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspela har små negative konsekvensar for KU-tema. 143 krev føringar i høve sjøbruksmiljø B.
<b>ROS</b>	Potensiell flaumfare for innspel 336, må vurderast nærare. Høg vasstand for tiltak i strandsona, må bygge robust.
<b>Måloppnåing</b>	Langt frå service- og tenestetilbod, god kapasitet i eksisterande bustadområde.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 143 – med føringar om utforming ift sjøbruksmiljø.  Ikkje tilrådd: 95,104, 105, 106, 336 a og b, 347.

#### 4.34 Tellnes

<b>Innspel nr: 197, 217, 331, 459</b>		<b>Tellnes</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, småbåtanlegg i sjø, m/ naust og molo	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	36,4 + 18,9 + 27,4 + 2,5	
<b>Eigedom</b>	Innspel nr 197: Gnr 53 bnr 16 Innspel nr 217: Gnr 53 bnr 6 (del av) Innspel nr 331: Gnr 53 bnr 4 Innspel nr 459: Gnr 53 bnr 1, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 15, 16, 17, 18	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, LNF spreidd	
<b>Områdeskildring:</b>	Sørvendt hellande område rundt den nord-sørorienterte Pollen, frå Gardatjørnet i nord, Slettene i vest, og Ravnafjellet og Liafjellet i aust. Ligg langs Fv 204 som går ut frå Fv 555, men vil kome langs ny Fv 555 (på austsida av denne). Tre innspel om bustad i tilknytting til LNF-spreidd, samt småbåtanlegg i sjø (evt. naust/molo) ved utløpet av Pollen. Tellnes har fleire område med LNF-spreidd og eit mindre bustadområde som ikkje er utbygd ved sidan av skulen.	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Middels	Ubetydeleg	Ubetydelig	Naustmiljø med SEFRAK-registrerte bygg i innløpet til Pollen. Sjøbruksmiljø B. Nokre SEFRAK-registrerte bygg ovanom naustmiljøet, nær innspel 197. Innspela råkar ikkje kulturminneverdiane direkte. Småbåtanlegg kan redusere lesnaden av sjøbruksmiljøet noko, men vil samstundes være ut forbi dette, kanskje og gje positiv merksemd på det opphavlege miljøet.
<b>Naturmangfald</b>	Middels	Ubetydeleg	Ubetydelig	Viktig naturtype registrert innerst i Pollen (Strandeng og strandsump).
<b>Friluftsliv</b>	Liten til middels	Ubetydeleg	Ubetydelig	Nærturterreng vest for delområde, marka-terreng i aust. Friluftsområde og sikra friluftsområde i vik heilt sør i delområde. Utbygging kan bidra til auka bruk. Innspel 331 bryt funksjonell strandsone, men held seg aust for veg langs sjøen. Sjøområda registrert som regionalt friluftsområde i sjø.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Innspel 331 opnar for bustader i urørt område. Belte med skog frå sjø til veg gjennom 197. Småbåthamn med molo vil føre til store endringar i landskapet.
<b>Landbruk</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Kjerneområde landbruk i delar av grenda. Skog med høg bonitet. Innspel 217 har dessutan fulldyrka jord og ligg i kjerneområde landbruk. 217 dreier seg om ein bustad i tilknytting til eksisterande gardstun. (Ynskjer nærområdet omgjort til LNF spreidd)

<b>Folkehelse</b>	<b>Nærleik til marka-område og sjø. Gode forhold for friluftsliv. Avstand til idrettsanlegg.</b>
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Mindre enn 2 km til Tellnes skule (heilt på grensa for innspel 331). 501-1000 ÅDT langs Fv 204 (5001 -10000 ÅDT langs Fv 555 ved skulen), manglar fortau. 80 sone ved innspel 331. Badestrand i Tellnesvågen.
<b>Miljø og klima</b>	Berre innspel 217 er delvis innfor 500 m buffer til veg. Få bussavgangar.
<b>Infrastruktur</b>	Alle innspelsområda nær/ved fv 204, men denne har låg standard. Areal for opparbeiding av parkering/snuplass ved innspel 459 (småbåtanlegg / naust – molo). Ny fv 555 vil gå på vestsida av heile dette delområdet. Nord-sørgående vassleidning gjennom delområde, med nærleik til innspelsområda. Kraftleidning går gjennom området, ikkje i konflikt med nokon av innspela.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
<b>Ekstrem nedbør og flaum</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Fleire bekkar i området. Ekstremnedbør vil auke faren for flaum i framtida. Potensiell flaumfare må vurderast nærare.
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.
<b>Ras og skred</b>	S3	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Aktsemdsområde for skred, 331 ligg delvis innfor. Reell skredfare må vurderast nærare.
<b>Skog/lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Både lynghei og skog i området. Skogskiftet – Tellnes ≤ 10 min

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Tellnes ligg relativt langt frå dei fleste service- og tenestetilbod, men har eigen skule. Bør bygge opp under eksisterande busettingsmønster med spreidd utbygging innfor grenda. Nye bustadfelt vil bryte med dette.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Småbåthamn har god måloppnåing dersom den vil vere tilgjengeleg for allmenta, utbygging vil bygge ned kvalitetar i strandsona.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Bustadområda har noko konflikt med landskap og landbruk. Småbåtanlegg med naust og molo vil gjere store endringar i landskapet i vågen.
<b>ROS</b>	Flaumfare og rasfare må vurderast nærare der det er aktuelt, tiltak i strandsona må byggjast robust for høg vasstand. For å redusere skadar på materielle verdiar ved skog- og lyngbrann, må det vere god framkomme for brannvesen.
<b>Måloppnåing</b>	Noko utviding av LNF spreidd og vidare utvikling av eksisterande busettingsmønster gir god måloppnåing, nye bustadområde bryt med dette.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 217 - Justering av LNF-spreidd etter nærare vurdering, og eventuelt auke kvota.  Ikkje tilrådd: 197, 331, 459

## 4.35 Dala

<b>Innspel nr: 361, 462</b>		<b>Dala</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, naust	
<b>Arealstorleik</b>	33,9 + 2,2	
<b>Eigedom</b>	Innspel nr 361: Gnr 54 bnr 6 (del av) Innspel nr 462: Gnr 52 bnr 3 (del av)	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF /LNF spreidd	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Sør-austvendt hellande område frå Dalafjellet og Høgevarde mot Dalaneset mellom Dalavågen og Angskotvågen. Delområdet grenser mot Sund og må sjåast i samanheng med arealbruk på andre sida av kommunegrensa. Ligg langs dagens fv 555, regulert ny fv 555 går over vågen søraust frå grenda. Avstand frå Skogsvågskiftet er kring 2,5 km.</p> <p>361: Endring frå LNF og LNF spreidd til bustad i tilknytning til eksisterande bustader 462: Endring frå LNF til naustområde, ev. hytteområde/fritidsbustader</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten til middels	Ubetydeleg	Ubetydelig	Naustmiljø med SEFRÅK-registrerte bygg inst i Dalavågen. SEFRÅK-registrert miljø sør på Dalaneset. Innspela råkar ikkje desse.
<b>Naturmangfald</b>	Liten til middels	Lite negativt	Liten negativ	Fleire hjortetrekk i området, eit av dei kryssar innspel 361 heilt i nord.
<b>Friluftsliv</b>	Liten til middels	Ubetydelig	Ubetydelig	LNF-natur nord og vest for delområde, nærturterreng aust i og for delområde, LNF friluft (lita strand) inst i Dalavågen. Innspela vil ikkje direkte råke desse områda, eller hindre tilgang, Kan bidra til auka bruk.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Utbygging på austvendt bergrygg kor nedre del er utbygd frå før (361). Naust/Fritidsbustad gir noko fortetting i Dalevågen (462)
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydelig	Ubetydelig	Innspela ligg utanfor kjerneområde landbruk og dyrka mark
<b>Folkehelse</b>	Gode forhold for friluftsliv, ballbane som driftast av velforening. Noko avstand til idrettsanlegg i Sund (mindre enn 10 min køyring).			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Mindre enn 2 km til skule (Tellnes). Farleg skuleveg, ny veg er regulert. Badestrand i Dalavågen.			
<b>Miljø og klima</b>	Innafor 500 m avstand til veg. Kollektivtilbodet er godt, god frekvens, kvart 20. min i rushet.langs kollektivakse Skogsvåg-Bergen.			
<b>Infrastruktur</b>	Ved planlagt vassleidning (361). Fv 555 like ved begge innspela. Begge har areal for opparbeiding av parkering/snuplass. Ny fv 555 vil gå på austsida av heile dette delområdet. Kraftleidning gjennom området.			

### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.
<b>Skog/lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Både lynghei og skog i området. Skogsskiftet – Tellnes ≤ 10 min

**Måloppnåing:**

<b>Tema</b>	<b>Mål</b>	<b>Måloppnåing</b>
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Dala har eit område for LNF-spreidd og innspelet om bustadområde overlappar delvis dette. Bør bygge opp under eksisterande busettingsmønster med spreidd utbygging innafor grenda, evt vurdere å utvide spreiddområde noko.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Inneber nyetablering av naust ved sidan av to eksisterande naust.

**Oppsummering:**

	<b>Oppsummering</b>
<b>KU</b>	Små konsekvensar for KU-tema.
<b>ROS</b>	Høg vasstand og lyngbrann, risikoreduserande tiltak er å bygge tiltak robust i strandsona, og gje god tilkomst til brannvesen.
<b>Måloppnåing</b>	Bør bygge opp under eksisterande busettingsmønster i grenda, bustadområde vil bryte med dette.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 361 - Utviding av LNF-spreidd kan vurderast i særleg del.  Ikkje tilrådd: 462

## 4.36 Tellnes næringspark

<b>Innspel nr: 333, 360</b>		<b>Tellnes Næringspark</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Næring	
<b>Arealstorleik</b>	423,6 / 77,9 (innspelsområda er overlappande)	
<b>Eigedom</b>	Delar av gnr 53 bnr 5, 11, 17, 87 gnr 54, bnr 6, 3	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Fjell og heilandskap med skråstilte små dalgangar ned i Fjellspollen i vest. Del av samanhengande naturområde mellom Fjellspollen og fv 555.</p> <p>To innspel om næringsområde i noverande LNF-område, i stor grad overlappande. Det største grensar til eksisterande næringsområde.</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Det er ikkje kartfesta kulturminne innafor innspelsområda eller delområdet, men delområdet grensar mot Fjøremannsanlegg i Bjørnavågen, automatisk freda.
<b>Naturmangfald</b>	Liten til middels	Middels negativ	Middels negativ	I nordre del av delområdet ligger Oldervadet, registert som viktig naturtype – kystmyr og med oppgang av sjøaure. Innspel 333 grensar nær dette. Fleire hjortetrekk i delområdet, desse går og inn i innspel 333. Vil dele opp større samanhengande naturområde og vestre del er synleg frå Fjellspollen. Fjellspollen er saman med Vindeneskvarven dei to områda som har mest urørt strandområde på Store Sotra. Innspela vil komme som ein kile inn i dette området.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels / stor negativ	Middels negativ	Innspela ligg i eit større samanhengande markaområde kring Fjellspollen, det gjeld mest heile delområdet. Innspelet bryt det samanhengande marka-området frå Fjellgard til Dalseidet.
<b>Landskap</b>	Middels/ stor	Middels / stor negativ	Stor negativ	Kontrastrikt men lukka område, frå skogkledd dal og åssider langs Kolafjellet og Fossvatnet, til fjell og heilandskapet med karakteristiske skråstilte dalgangar, som vidar seg ut mot Fjellspollen. Fleire vatn i området. Utbygging av næring vil føre til svært store endringar og være dårleg tilpassa linjene i landskapet.
<b>Landbruk</b>	Lite	Lite negativt	Liten	Kystlynghei i attgroing.
<b>Folkehelse</b>	Legg beslag på urørt område med friluftslivsverdi.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	-			
<b>Miljø og klima</b>	Område er utviding av eksisterande næringsområde som ligg langt frå busetting og andre funksjonar. Ligg langs fv 555, bra busstilbod.			
<b>Infrastruktur</b>	Ved fv 555, regulert ny 555 ligg like ved. Planlagt vassleidning langs fv 555. Kraftleidning gjennom området.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
Ingen identifiserte farar				ROS- vurdering må gjerast ved regulering, risiko vil vere avhengig av type verksemder det evt vert lagt opp til.

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Næringsområdet vil ikkje ha sjøtilgang og ligg ikkje i tilknytning til andre funksjonar enn fv 555. Det inneber utviding av eksisterande område, men det ligg unyttta areal innafor gjeldande reguleringsplan. Fjell kommune arbeider med KDP for næringsområde på Eide.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	-

**Oppsummering:**

	Oppsummering
<b>KU</b>	Negativ konsekvens i høve til alle tema.
<b>ROS</b>	Nærare vurdering ved eventuell regulering.
<b>Måloppnåing</b>	Relativt låg måloppnåing pga lokalisering.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd 333,360  Noko utviding av gjeldande næringsområde sørover langs veg kan tilrådest, men dette omfattar ikkje areala som er spelt inn til planarbeidet.

## 4.37 Fjell gard

Innspel nr: 191, 207/208, 209, 210, 328, 391, 416		Fjell Gard
<b>Planlagt arealbruk</b>	191: LNF- spreidd 209: Kombinert bygg og anlegg Øvrige: Bustad	
<b>Arealstorleik</b>	2+5+6+12+19+7+14	
<b>Eigedom</b>	57/105, 58/9 og 16, 57/5, 57/1 (innspel 209 og 210), 57/2, 57/101	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	Offentleg og privat tenesteyting: Innspel 191 og om lag halvparten av 416. Øvrig er LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Fjell gard ligg på begge sider av fv 555 med ein markant fjellskråning/ vegg i aust. I vest er det eit meir ope landskap med blant anna Kolavatnet før ein kjem inn i skogsområde. Fjell gard er det gamle administrasjonssenteret i kommunen. Det er framleis å rekne som ei jordbruksbygd med kulturlandskap og dyrka mark. Den sentrale delen av tettstaden ligg ved kryss mellom fv 555 som går nord/ sør på Sotra og 559 som går vestover mot Møvik. Her finn vi mellom anna kyrkje, bensinstasjon, daglegvare og klesbutikk. Tettstaden Fjell gard er i kommuneplanen sett av til (ulike) byggeområde, avgrensa mot dei reine LNF-områda rundt. Det er vedtatt ein eigen reguleringsplan for sentrum av Fjell gard frå 1998.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innspel 191, 328 og 416 ligg på dyrka mark i lia aust for sentrum. 191 og delar av 416 er allereie frigjeve til utbygging i kommuneplanen til offentleg/ allmennyttig føremål. Grunneigar ynskjer omgjort til bustad.</li> <li>• 209 ligg på dyrka mark sør for sentrum.</li> <li>• 207/208 ligg på eit lite skogkledd område nordvest for sentrum. 208 er ein del av ein eksisterande bustadtomt.</li> <li>• 210 ligg inne i skogsområde vest for Fjell gard/ Kolavatnet på nordsida av fv 559 (veg til Møvik) og vil krevje vegtilkomst utanfor området, truleg frå sør/ sørvest.</li> <li>• 391 ligg i skog i ytterkant av byggefelt på Kvednhaugen, ned mot Kolavatnet</li> </ul>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten/ Middels	Middels negativt	Liten/ Middels negativt	Ein god del SEFRAK-registrerte bygg. Det er i hovudsak bustadhus, der eitt ligg inne i 209. I 328 ligg det ein låve. Sentralt i Fjell gard ligg kyrkja frå 1874 som står på freda grunn. Alle innspela, med unntak av 391 og 210, ligg tett opp mot kulturminnemiljøet på Fjell gard. I søraustre del av Fjell gard, mot 209, 328 og 416 er det i hovudsak gammalt gardsmiljø som vert påverka. I nordre del mot 191 og 207 (og delvis 416) er det meir eldre bustadstrukturar. Fjell gard har og ein god del nyare bygg slik at det gamle bygningsmiljøet alt er noko fragmentert. Nedbygging av jordbruksland kan likevel redusere den historiske lesbarheita til
	Liten (210 og 391)	Ubetydelig (210 og 391)	Ubetydeleg (210 og 391)	

				tettstaden då staden har ei lang historie som jordbruksbygd og kyrkjestad.
<b>Naturmangfald</b>	Liten/middels	Middels	Liten til middels negativ	Kolavatnet er ein vegetasjonsrik innsjø og inngår i Fjellvassdraget. Det er oppgang av sjøaure i elva oppstaums Kolavatnet. Vatnet er og registrert som viktig leveområde for songsvane som tidlegare var raudlista. Tilstøytande naturområder fungerer som viktig buffer mot busetnad. Austre del av 416 og 328 kjem i berøring med eit stort område med viktig naturtype - rik edelløvsskog. Området er ein del av eit større samanhengande naturområde (LNF-natur). Det er og mykje hjort i området. Avbøtande tiltak vil være å avgrense utbygginga, slik at dei verdifulle områda ikkje vert nedbygd.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	210 delvis innafor nærturterreng, 416 og 328 delvis i større markaområde som er vurdert som svært viktig regionalt friluftsområde like utanfor nærturterreng. Registrert traktorveg aust for 210. Det verkar naturleg at område 391 ved Kolavatnet er i bruk til leik/friluftsliv. Utbygging i 328 vil kunne legge til rette for at det gamle vegfaret frå Fjell gard til turområda kring Fjell festning igjen vert tilgjengeleg for allmenta.
	Middels (210, 391)	Lite/middels negativt (210, 391)	Middels negativt (210, 391)	
<b>Landskap</b>	Middels	Middels/stort negativt	Middels/ stort negativt	Bygging i områda på austsida (191, 209, 328 og 416) vil byggje ned jordbrukslandskapet, men 191 (og delar av 328/ 416) ligg gøymd bak sentrumsbygga på Fjell gard. Austre delar av 328 og 416 grip inn i edellauvskogen i lia på austsida. Når det gjeld områda på vestsida av Fjell gard så ligg 207 noko eksponert, toppane her bør det ikkje byggjast på. 391 og delar av 207 vil gripe inn i landskapsrommet rundt Kolavatnet. 210 vil gje ei bustadklynge inne i eit skogsområde.
		Middels negativt (191, 207)	Middels negativ (191, 207)	
<b>Landbruk</b>	Liten/middels	Lite/middels negativt	Liten/middels negativ	Alle innspela ligg i kjerneområde – landbruk. Delar av 191 og 209 er fulldyrka mark, resten overflatedyrka. 328 og 416 er overflatedyrka. 391 og 210 del av større skogsområde med varierende bonitet.
<b>Folkehelse</b>	Områda langs fv 555 kan vere støyutsett, turterreng i nærområdet, om lag 5 km til idrettshall på Bildøy. 207/ 208 noko utfordrande med universell utforming.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	210 har gangavstand til barneskule (Ulveseth), dei andre ikkje. Gang/ sykkelveg frå Fjell gard og fram til skulen. Om lag 5 km til ungdomsskule og idrettsanlegg på Bildøy- ikkje trafiksikkert.			
<b>Miljø og klima</b>	Alle innspela, med unntak av 391 og 210, i gangavstand til kollektivakse i fv 555. Det går buss langs fv 559 nær 210 med noko dårlegare tilbod. 391 og 210 noko lang avstand til servicetilboda på Fjell gard, må pårekne køyring. Gode soltilhøve for alle (jf moglegheit for klimavenlege hus).			
<b>Infrastruktur</b>	Noko utfordrande adkomsttilhøve for alle innspela. Må truleg via eksisterande vegar som ikkje er dimensjonert for den nye trafikken. Utfordrande terreng for 391. Stort sette trafiksikkert langs eksisterande vegar. Vatn og avlaup nær alle områda. Høgspenning gjennom søndre del av 391.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Vind</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	391 og auste del av 328 og 416 kan vere svært sterkt vindutsett. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust for vind.
<b>Ras og skred</b>	S3	LH4, YM-1, MV-4	Raud	191, 416 og 328 i aktsemdsområde for skred, og er potensielt skredfarleg. Reell skredfare må avklarast i neste planfase.
<b>Skog og lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog på fleire sider av alle innspela med unntak av 209. Innspela nær brannstasjon på Skogsskiftet (< 20 min). Risikoreduserande tiltak: god tilkomst for brannvesen.

**Måloppnåing:**

<b>Tema</b>	<b>Mål</b>	<b>Måloppnåing</b>
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Positivt med utvikling på Fjell gard med bustader som kan byggje opp om forretningsdrift og andre felles funksjonar . Innspel utanfor Fjell gard og etablerte bustadområde, dvs innspel 210 har låg måloppnåing, bygger ikkje opp om tettstaden. Dersom område som i plan er avsett til offentleg føremål vert endra til bustadområde vil det redusere offentleg areal i Fjell sentrum.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Positivt med meir forretning på Fjell gard, jf 209, men lokalisering i utkanten byggjer ikkje opp om tettstaden, bør heller sjå på område innafor det som er byggeområde i sentrum.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta Perspektiv	-

**Oppsummering:**

	<b>Oppsummering</b>
<b>KU</b>	<p>Dei austre innspela 209, 416 og 328 har middels negativ konsekvens for landbruk og middels/ stor negativ konsekvens for landskap. 191 som ligg i same område har same konsekvens for landbruk som dei andre, men noko mindre for landskap. I tillegg har 416 og 328 middels negativ konsekvens for naturmangfald på grunn av edellauvskog i aust.</p> <p>207/208 har middels negativ konsekvens for landskap, men har elles lite konsekvensar for KU-tema Områda i vest; 210 og 391, har begge middels negativ konsekvens for friluftsliv og landbruk og middels/ stort negativt for landskap medan 391 i tillegg har middels negativ konsekvens for naturmangfald.</p>
<b>ROS</b>	391 og auste del av 328 og 416 kan vere svært sterkt vindutsett. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust for vind. 191, 416 og 328 i potensielt skredfarleg område, reell skredfare må undersøkjast. Alle områda har fare for skog og lynnbrann. Risikoreduserande tiltak: god tilkomst for brannvesen.
<b>Måloppnåing</b>	Positivt med utvikling på Fjell gard. Innspel utanfor Fjell gard og etablerte bustadområde, dvs innspel 210 har dårleg måloppnåing, bygger ikkje opp om tettstaden. Endring av offentleg område til bustadområde 191/416 synes ikkje å vere i tråd med måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	<p>Tilrådd: 208</p> <p>Tilrådd med endring: 207- avgrensning, ikkje ta med område som vender seg mot vatnet. Ein liten del av arealet som vender seg mot vegen kan setjast av til bustadområde.</p> <p>191,416,328 – dei delane av områda som ikkje er edellauvskog kan setjast av til sentrumsføremål saman med dei andre byggeområda i sentrum. Tilrå utarbeiding av områdereguleringsplan for Fjell gard der ein ser nærare på korleis staden bør utvikla seg vidare. Primært bør fellesfunksjonar og forretning lokaliserast ut mot fylkesvegen som er den sentrale gata på staden. Det kan imidlertid vere behov for arealkrevjande fellesfunksjonar som td. barnehage og det bør i områdereguleringsplan avklårast om 191 og 416 framleis bør sikrast til dette og eventuelt utvidas til å gjelde 328. Ved bruk av 191, 328 og 416 til bustad bør dei utnyttast godt (konsentrerte bustader), men med ein relativt moderat skala som tar omsyn til kulturminnemiljøet på staden og haldast utanfor område med naturverdiar.</p> <p>Ikkje tilrådd: 209, 210, 391</p>

## 4.38 Fjell gard sør

<b>Innspel nr: 293a og 279</b>		<b>Fjell gard sør</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Næring, LNF-spreidd	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	5 + 4,7	
<b>Eigedom</b>	Gnr 56 bnr 62, 61, 9	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	Erverv, LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Området ligg i dalføret mellom Liatårn-massivet og lynchheia i vest og er prega av jordbruksareal med innslag av småskog og vatn. Det er nokre gardstun og spreidde bustadhus i området.</p> <p>Innspela gjeld:                  279: Utviding av næringsområde                  293a: Utviding av LNF spreidd</p>	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Ingen SEFRAC eller automatisk freda kulturminne. Gardstunet like aust for innspel 293a er eit kulturmiljø som ligg delvis i opphavleg kontekst.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Naturmiljøet er typisk for området.
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	279 ligg delvis innanfor LNF-natur og regionalt viktig friluftsområde.
<b>Landskap</b>	Middels	Lite/middels negativt	Liten/middels negativ	Innspel 279 ligg gunstig til med omsyn på eksponering og ligg inntil eit område med småskala næring i dag. 293 ligg på ei høgde og er eksponert inn i eit nytt landskapsrom. Samstundes som det legg beslag på eit kulturlandskap med gode kvalitetar.
<b>Landbruk</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Innspel 293a ligg i kjerneområde for landbruk og dekker i sin heilskap eit areal med innmarksbeite. I tråd med gjeldande føresegner for LNF-spreidd er det ikkje høve til å bygge bustadar på jordbruksareal.
<b>Folkehelse</b>	-			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	-			
<b>Miljø og klima</b>	-			
<b>Infrastruktur</b>	Påkoplinga mot fv555 er uoversiktleg og i ein strekning med relativt høgulukkefrekvens, jf. Nasjonal Vegdatabank			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
Ingen identifiserte farar				ROS- vurdering må gjerast ved regulering, risiko vil vere avhengig av type verksemdar det evt vert lagt opp til (279).

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Bustadbygging på dyrka mark har låg måloppnåing.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Det er positivt at innspel 279 legg opp til styrking av næringslivet ved Fjell gard. Innspelet legg ikkje opp til særleg mange nye arbeidsplassar.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	-

**Oppsummering:**

	Oppsummering
<b>KU</b>	Noko konflikt med kulturmiljø, landskapsbilde og landbruk. Det er problematisk at 279 strekk seg inn i LNF-naturområdet. 293a gjeld dyrka mark.
<b>ROS</b>	ROS vurdering i seinare planfase (279).
<b>Måloppnåing</b>	Innspel 279 bidrar til styrking av næringslivet ved Fjell gard.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 279 – Avgrense arealet mot LNF-natur. Føresegnene må sikre risikovurdering  Ikkje tilrådd: 293a

## 4.39 Misje

<b>Innspel nr: 182, 149ab, 354, 31</b>	<b>Misje</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Naust, bustad, næring
<b>Arealstorleik</b>	25 + 57 + 2 + 49 + 9 daa
<b>Eigedom</b>	Gnr 59 bnr 18,138, 169, 168, 171, 13, 2
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, LNF Spreidd
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Misje ligg nord for Sotra. Misje har brusaband til Toftøy i nord, og Sotra i sør. Misje har noko bratt strandline. Busetnaden er i hovudsak lokalisert aust for vegen.</p> <p>I gjeldande plan er det sett av eit stort område for LNF-spreidd og nokre mindre bustadområde og naustområde.</p> <p>Innspel:</p> <p>182: Bustadområde 149a: Naustområde 149b: Spreidd bustadområde 354: Bustadområde 31: Småbåthamn</p>
	

### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	SEFRAK naust ved Innspel 31
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ingen registrerte verdiar
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Nærturterreng og LNF-natur på heile vestsida av Misje. Sjøområda vest. nord og sør for Misje registrert som svært viktig regionalt friluftsområde i sjø. Strandlinja heilt i sør i 149b har også gode fiskeplassar og opphaldsplassar på land og er registrert som LNF-friluftsliv.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Områda lengst mot sjø, i FS er eksponert, bratt terreng i innspel 149b.
<b>Landbruk</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdiar.
<b>Folkehelse</b>	Gåavstand til nærturterreng og regionalt viktig friluftsområde.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Misje skule er lagt ned frå skuleåret 2015, elevane skal overflyttast til Landro skule. Trygg skuleveg (buss).			
<b>Miljø og klima</b>	Går bussar jamt heile dagen, ein del bilkøyring må likevel påreknast pga av avstand til Ågotnes og Straume med hyppigare bussfrekvens.			
<b>Infrastruktur</b>	Planlagt vassleidning til Misje. God vegstandard på fylkesveg 561, med g/s veg.			

### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Høg vasstand/bølgjer</b>	<b>S4</b>	<b>K3</b>	<b>GUL</b>	Innspel 182 og 149 ligg like i strandlina. Tiltak i strandsona er sårbar for stormflo og bølgjer. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

**Måloppnåing:**

<b>Tema</b>	<b>Mål</b>	<b>Måloppnåing</b>
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	182 ønskjer å legge til rette for eit variert butilbod på Misje. Forslaget set fokus på behov for varierte butilbod også i grendene som ikkje nødvendigvis kan løysast innafor LNF-spreidd. 354 legg opp til ei auke i bustadutbygging som ikkje samsvarer med utbyggingstakt som LNF-spreidd legg opp til . 182 og 149 ligg begge eksponert i nord og i sør på Misje. Desse innspela er spesielt eksponert, og bryt med eksisterande utbyggingsmønster. Meir bustadbygging på vestsida av FV er uheldig i fht trafikktryggleik. Innspel 149 ligg i tillegg i FS, og innanfor kartlagt nærterreng på Misje.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Foreslått område for småbåthamn (31) er lite eigna. Naustområde 149a vil føre til privatisering av ubygd strandsone.

**Oppsummering:**

	<b>Oppsummering</b>
<b>KU</b>	Innspel 182 ligg både innanfor FS og LNF-natur. Forslag om naustområde (149 a) ligg i nærleik til område for ålmenta, og strandområdet fungerer som ein buffer mellom to rekker med naust. Innspel 354 legg til rette for bustadbygging som utviding av eksisterande felt. Den sørlege delen av 182 ligg knytt til eksisterande bustad. I FS tilrår ein ikkje vidare utbygging. Innspel 31, småbåthamn, ligg nær eit SEFRAK registrert naustmiljø og farlei, i tillegg kan straum i sundet gje utfordringar. 149b er i stor konflikt med friluftsiresser.
<b>ROS</b>	Innspela er noko utsett for vind og lyngbrann, risiko vert vurdert som liten.
<b>Måloppnåing</b>	Grenda kan utvikle seg vidare innafor LNF-spreidd. Bør sjå nærare på korleis behovet for variert bustadtilbod kan løysast, til dømes gjennom ein heilskapleg reguleringsplan.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 354 kan utvide eksisterande LNF-spreidd mot sør innafor forslaget si avgrensing. Det vert ikkje tilrådd endring til bustadformål.  Ikkje tilrådd: 182, 149 a + b, 31

#### 4.40 Turøy

Innspel nr: 294a, b + 98a, b, c, d, e + 296 + 127		Turøy
<b>Planlagt arealbruk</b>	LNF spreidd + utviding av naustområde	
<b>Arealstorleik</b>	8 + 1,8 + 4 + 2,5 + 4 + 5,2 + 1,7 + 0,2 + 1 daa	
<b>Eigedom</b>	Gnr 60 bnr 6, 3, 143, 142	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Turøy ligg nordvest for Sotra, og har fastlandsamband via Øygarden til Misje og vidare til Solsvik. Turøyna er kuppert og har til dels bratt terreng mot sjø. Busetnad ligg i hovudsak på austsida, langs hovudvegen mot sjø. Nyare busetnad ligg og på vestsida. Busetnaden ligg i hovudsak innafor LNF-spreidd i gjeldande plan. Det er sett av eit større framtidig område for fritidsbustader på Turøy, reguleringsplan er under arbeid.</p> <p>Innspela gjeld:            294 a +b: Naustområde            98 a-d: Spreidd bustadbygging            98e: Småbåtanlegg            127: Spreidd bustadbygging            296: Bustadbygging</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ligg ein steingard aust for innspel 127, denne må takast omsyn til ved eventuelle tiltak.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite	Ubetydelig	Innspel 127 ligg i kanten av viktig kystlyngheiområde

		negativt		
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten	Innspel 127 ligg heilt i kanten av regionalt viktig friluftsområde og i nærturterreng.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Sett innspela under eitt er dei lokalisert fleire plassar på Turøy, eksponert i landskapet. Innspela 294 a+b for naust ligg i bratt terreng. Vegtilkomst og bygging av naust vil føre til mykje utsprenging, og vil såleis gje negative landskapskonsekvensar. Innspel 127 ligg høgt i terrenget, og difor eksponert i landskapet. Innspel 98e har bratt strandline, som må sprengast for å få til utviding av småbåthamna.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydelig	Ingen registrerte verdier
<b>Folkehelse</b>	Langt frå sentrumsfunksjonar, lite utbredt kollektivtilbod.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Elevane i dag går på Misje skule. Men frå hausten 2015 er Misje skule lagt ned, og elevane høyrer då til skulen på Landro – om lag 8 km.			
<b>Miljø og klima</b>	Få bussavgangar til sentrumsområde frå Turøy. Ein må difor pårekne bilkøyring til dei fleste aktivitetar andre stader enn Turøy.			
<b>Infrastruktur</b>	Områda 98 b c d + 296 ligg i nærleiken til eksisterande veg. Smale vegar. Planlagt vasseleidning til Turøy.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande til tak
<b>Skog/ lyngbrann</b>	S5	LH-1, YM-2, MV-2	Gul	Fare for lyngbrann. Mindre enn 20 min utrykningstid. Liten fare for liv og helse, men kan resultere i skadar på ytre miljø, og materielle verdier kan gå tapt.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Nye område for bustad legg til rette for å oppretthalde liv i grendene. Bustadbygging i mange små felt på begge sider av vegen kan framstå som rotete i landskapet, og lite samstillt i fht kvarandre. Som fortetting vil 98c og d + 296 dekke behov for ein del busetnad i åra framover, i nærleik til eksisterande hus på Turøy.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Naustområde i LNF utan eksisterande naust vil føre til tap av kystkvalitetar for allmenta. Store terrenginngrep i bratt terreng i strandsona forringar kvaliteten.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspel 127 + 98 a, b går inn i landskapsrom utan særleg utbygging. Innspel 294 ligg i bratt strandline.
<b>ROS</b>	Fare for lyngbrann. Relativt kort uttrykkingstid. Delar av området er utsett for vind, men er ikkje vurdert særleg risiko i fht til dei vurderte innspela.
<b>Måloppnåing</b>	Legg til rette for busetnad i grendene
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endringar: 98 c + d, 296 kan inngå som del av eksisterande LNF-spreidd område.  Ikkje tilrådd: 98 a b e + 127 + 294 a b

#### 4.41 Oksen

<b>Innspel nr: 435a og b</b>	<b>Oksen</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Båthamn, Næring (fritids- og turistformål)
<b>Arealstorleik (daa)</b>	8+8
<b>Eigedom</b>	Gnr 59 bnr 65
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, privat tenesteyting og vassareal for allment fleirbruk
<b>Områdeskildring:</b>	Lita øy vest for Solsvik med svaberg og noko lyng. Einaste bygning er Oksen Selskapslokaler.  Innspela gjeld ønskje om småbåthamn og område for rorbuer i tilknytning til eksisterande turistverksemd.



#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten/mid dels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Opprinneleg klippfisktørkeri i dagens selskapslokale.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdiar
<b>Friluftsliv</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativt	Ingen registrerte verdiar
<b>Landskap</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Småbåthamna er tenkt i ei bukt som i dag er nytta til hamn for verksemda. Rorbueene er tenkt på andre sida av bukta i høve selskapslokala i eit nokså slakt område. Inngrepa vil har lokal verknad.
<b>Landbruk</b>	Ingen	-	-	
<b>Folkehelse</b>	-			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår -</b>				
<b>Miljø og klima</b>	-			
<b>Infrastruktur</b>	Auka aktivitet på ein liten holme gjev utfordringar når det gjeld både VA og straum. Vil skape behov for meir parkering på land (Solsvik). Tilkomst er ikkje optimal for tilreisande. Dårlig tilkomst for brannvern.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
<b>Vind og bølgepåverknad</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Vind og verutsett område. Risikoreducerande tiltak er å bygge robust og riktig plassert for vind og ver.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Vil kunne gje næringsverksemda på Oksen fleire bein å stå på.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Vil kunne byggje opp under eksisterande aktivitet og utvida tilbod for tilreisande.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Ingen påviste konflikhtar
<b>ROS</b>	Vind og verutsett
<b>Måloppnåing</b>	God måloppnåing dersom tiltaket blir gjennomført i samsvar med formålet næring/kystkultur
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd med endring: 435ab - heile Oksen bør setjast av til fritids- og turistformål, med krav om reguleringsplan som også inkluderer tilrådd område for båthamn.

## 4.42 Brattholmen Snekkevik

Innspel nr: 113, 148ab, 204, 262, 263, 343(155), 349 (97), 387, 404, 406 (153) (Nummer i parentes er del av, eller identisk med, innspelsnr før.)		Brattholmen Snekkevik		
		 <p>Utsnitt Skagholmen (sør i delområdet)</p>		
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, naust			
<b>Arealstorleik</b>	81kvm + 2,2 daa + 4,1 daa+ 29 kvm + 9 kvm + 98 kvm+ 7daa + 5,5daa + 3,7daa +2,1daa			
<b>Eigedom</b>	Gnr 42 gnr 3,9,18 mfl. Gnr 43 bnr 7,62,178,151,293,749,57,5 mfl.			
<b>Gjeldande arealbruk</b>	Bustad, LNF			
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Brattholmen og Snekkevika ligg på austsida, sør på Litlesotra. Området er relativt tett utbygd, hovudsakleg med einbustader. Sør i Snekkevika er det meir spreidd utbygging og mange eldre hytter. Frå nordre del av Brattholmen er det om lag 2 km til Straume, medan det langt sør i delområdet (enden av Snekkevikvegen) er 3,5 km til Straume.</p> <p>I gjeldande KPA er store delar av området sett av til bustadområde, mykje er regulert eller er under regulering.</p> <p>Dei fleste innspela gjeld mindre justeringar av bustadområde og ønskjer om naust eller bustad i strandsona.</p>			
<b>Konsekvensutgreiing:</b>				
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Merknad</b>
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Automatisk freda bautasteinlokalitet på Brattholmen, i 406. Funnstad frå steinalder i Snekkevika. Fleire SEFRAK-registrerte bygningar, m.a. naust nord i 349, elles lite konflikt med innspel.

<b>Naturmangfald</b>	Liten	Ubetydeleg, Stort negativt (148a)	Ubetydeleg, liten negativ (148a)	148a går ned i våtmark i sørenden av Arefjordvatnet.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Nærturterreng i vest. LNF friluft inst i Pollen (Snekkevika). Liten konflikt med innspel.
<b>Landskap</b>	Middels			Landskapet er sterkt prega av utbygging, viktig å ta vare på grønstruktur og strandsone.
<b>Landbruk</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Mindre teigar med dyrka mark.
<b>Folkehelse</b>	Bustader nær fv 233 kan vere støyutsette (148b, 406). Nærleik til turterreng.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Kort avstand til Brattholmen skule, men skuleveg utan fortau. Lang avstand til Fjell ungdomsskule, Danielsen ungdomsskule på Straume. Planlagt idrettsanlegg (406), men dette er ønskt endra. Elles idrettsanlegg på Straume.			
<b>Miljø og klima</b>	Ligg utanfor hovudaksen, dårleg busstilbod, må gå/sykle/køyre til Straume. Brattholmen/Snekkevika ligg litt for langt unna Straume til at folk vil gå, må rekne med at dei fleste køyrer.			
<b>Infrastruktur</b>	Smale og svingete vegar, for det meste utan fortau. Offentleg vatn og avlaup. Kraftleidning i delar av området.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsone er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Mindre justeringar av eksisterande bustadområde er kurant. Bør ikkje legge ut nye bustadområde, men bevare grønne lommer og ubygd strandsone som kvalitet for heile området. Det er ikkje behov for å setje av nye store bustadområde i denne rulleringa.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	Store delar av strandsone på Litlesotra er privatisert, unngå ytterlegare privatisering. Endring frå bustadområde til naustområde i Snekkevika gir god måloppnåing i høve eksisterande naustmiljø, men bør ikkje opne for fleire naust.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Nokre område er i konflikt med grønstruktur og ubygd strandsone.
<b>ROS</b>	Høg vasstand for tiltak i strandsone. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust.
<b>Måloppnåing</b>	Mindre justeringar av bustadområde og endring frå bustad til naust i eksisterande naustmiljø gir god måloppnåing. Unngå å bygge ut grønstruktur og ubygd strandsone.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 113, 148b, 204  Tilrådd med endring: 349 – sette av til bestemmelsesområde for naust, men ikkje opne for nye naust (kun gjenoppbygging) 406 – delar av område kan setjast av til bustad, delar til offentleg eller privat tenesteyting. Delar av området har verdi som grønstruktur, kan evt legge inn omsynssone.  Ikkje tilrådd: 148a, 262, 263, 343, 349, 387, 404

#### 4.43 Ebbesvik

Innspel nr: 265, 364, 374, 375		Ebbesvik
Planlagt arealbruk	Bustad, naust, småbåthamn	
Arealstorleik	18,2 + 20,1 + 70,2 + 48,5	
Eigedom	Gnr 45 bnr 1,11,120 mfl	
Gjeldande arealbruk	LNF, bustad, fritidsbustad, naust	
Områdeskildring:	<p>Ebbesvik ligg på vestsida av Litlesotra, sør frå Straume. Vegtilkomst er fv 233 via Brattholmen.</p> <p>I gjeldande KPA er det sett av fleire område til bustad, nokre er regulert. Det er regulert ny veg med fortau frå Straume på vestsida av Ebbesvikvatnet, dette vil korte avstanden til Straume, og gje trafikksikker tilkomst.</p> <p>Innspela gjeld fleire bustadområde i LNF og i fritidsbustadområde.</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
Kulturminne og -miljø	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Nokre SEFRAK-bygningar i Ebbesvik, men ikkje i konflikt med innspela.
Naturmangfald	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Kystlynghei. Rik kulturlandskapssjø (lokalt viktig), i sørenden av Ebbesvikvatnet. Fleire hjortetrekk over frå Store Sotra.
Friluftsliv	Middels	Liten negativt, Stort negativt (375,265)	Liten negativ, Middels negativ (375,265)	Nærturterreng og LNF-natur frå Straume og sørover, utgjer grønkorridor mellom Ebbesvik og Brattholmen. Avbøtande tiltak er å avgrense innspela, slik at dei ikkje kjem inn i turterreng.
Landskap	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Utviding av bustadområde inn i sårbare område i høve vatnet, sjøen og grønkorridor.
Landbruk	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Noko dyrka mark og beite i 363. Noko skog på høg bonitet.
Folkehelse	Nær turterreng og idrettstilbod på Straume (ny veg). Nokre bratte område kan gje utfordringar i høve universell utforming.			
Barn og unge sine oppvekstvilkår	I underkant av 2 km til Brattholmen barneskule, men ikkje trygg skuleveg. Danielsen barne- og ungdomsskule på Straume, lenger avstand til Fjell ungdomsskule. Idrettsanlegg mm på Straume.			
Miljø og klima	Ligg utanfor hovudaksen, dårleg busstilbod, må gå/sykle/køyre til Straume. Ebbesvik ligg litt for langt unna Straume til at folk vil gå, må rekne med at dei fleste køyrer. Solrikt, (jf moglegheit for klimavenlege hus).			
Infrastruktur	Dagens veg er smal og svingete og utan fortau, ny veg vil ha fortau og avstanden til Straume vil verte under 2 km. Planlagt utbygging av offentleg vatn og avlaup.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
Høg vasstand og bølger	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona er sårbare for stormflo og bølger. Anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.

**Måloppnåing:**

<b>Tema</b>	<b>Mål</b>	<b>Måloppnåing</b>
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Det er ikkje behov for nye store bustadområde i denne rulleringa. Dersom behov i neste rullering bør områda nær den nye vegen prioriterast for utbygging. Bevaring av nærturterreng og LNF-N på lang sikt som kvalitet for heile Straumeområdet.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Bevaring av tilgjengeleg strandsone gir god måloppnåing.

**Oppsummering:**

	<b>Oppsummering</b>
<b>KU</b>	Negative konsekvensar for friluftsliv og grønkorridor.
<b>ROS</b>	Høg vasstand for tiltak i strandsona. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust.
<b>Måloppnåing</b>	Det er ikkje behov for store nye bustadområde i denne rulleringa, det vert vist til bustadområde avsett i gjeldande planar.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 265, 364, 374, 375

#### 4.44 Ulveset

Innspel nr: 179, 187, 212, 304, 370, 399, 419		Ulveset
<b>Planlagt arealbruk</b>	LNF- spreidd, bustad	
<b>Arealstorleik</b>	32+2+208 (område 322 inkl 212) + 68 + 7+4+359	
<b>Eigedom</b>	10/3, 8/15, 60, 7/32, 57/ 143, 7/1, 8/9, 8/4, 57/1	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF, allmennyttig føremål (187), LNF- spreidd (søndre delar av 322 )	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Ulveset ligg langs fv 559 mellom Fjell gard og Møvik. På Ulveset ligg Ulveset skule, nokre mindre bustadfelt og elles spreidd bustadbygging/ gardar. Ulvesetvatn er sentralt element.</p> <p>Innspela gjeld nye bustadområde og LNF-spreidd område.</p> <p>187, 370 og 399 ligg til dels inne blant eksisterande bygningar/ gardsmiljø, 370 og 399 a i liten blandingsskog, 399 b og c på beitemark, 187 er ein eksisterande bustadtomt som i eksisterande KPA er sett av til offentlig føremål. Dei øvrige innspela (179, 212/322, 304 og 419) ligg i utmarksområde, i hovudsak i område med lyng, bart berg og myr. Mellom 399 b og 322 ligg eit område med LNF-spreidd. Det ligg og eit område med LNF- spreidd mellom 187 og 370. Dette går også over til sørsida av vegen.</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg	På Ulveset ligg det ein god del SEFRAK-registrerte bygg, truleg knytt til gammalt gardsmiljø. Ingen registreringar innafor innspela. 370 ligg opp mot fleire tun på kvar side av fv som kan seie å utgjere eit kulturmiljø. Kulturlandskap med restaurert steinhus rett aust for 399a.

<b>Naturmangfald</b>	Liten	Liten negativt	Liten	Hjortetrekk nord-sør gjennom 179 og vestre del av 322 (2 stk). 399a grenser i vest mot svært viktig naturtype – naturbeitemark med raudlista beitemarksopp. Det ligg eit tilsvarande område mellom 419a og 304. Verdien er knytt til aktiv skjøtsel med beite. 304 ligg inne i eit større samanhengande naturområde, Midtmarka LNF-natur. Utbygging her vil utgjere ein kile inn i større samanhengande naturområde. 419a større område med kystlynghei og myrområde, grensar til vatn, bekk gjennom området, opplysningar om hjortetrekk (ikkje registrert). 419b ligg mellom elv og veg og bør ikkje byggast ut.
	Middels (304 og 419a)	Middels negativt (304 og 419a)	Middels negativ (304 og 419a)	
<b>Friluftsliv</b>	Liten/ middels	Middels negativt	Liten/ middels negativ	304 ligg som ein kile inn i Midtmarka, eit større samanhengande friluftsområde som er registrert som regionalt viktig. 322 og 419a grenser opp mot LNF natur. 370 potensiale som 100-meters skog.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Landskapsanalysen trekkjer fram kysthei/ kystlynghei samt jordbrukslandskapet vest for Ulvesetvatnet (slake enger og beitemark med spreidde gardstun). Landskapsryggen aust for vatnet (v 419) er peikt på som ei avgrensing av landskapsområdet på Møvik. Analysen anbefalar fortetting/ utbygging vest for skulen.
<b>Landbruk</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Alt er kjerneområde landbruk. Deler av 370 overflatedyrka, med hovuddelen skog. Heile 399 c overflatedyrka, del av større område. Øvrige innspel ikkje på dyrka mark.
<b>Folkehelse</b>	Områda nærast fv 559 kan vere støyutsett. Turterreng i nærområdet. Om lag 7-8 km til idrettshall på Bildøy.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Gangavstand til Ulveset skule for alle innspela. Trafikksikker skuleveg- sjå infrastruktur. Om lag 8-9 km til ungdomsskule og idrettsanlegg på Bildøy- ikkje trafiksikkert. Det er og fotballbane med internasjonale mål på Skålvik, ca 4 km nordvestover – ikkje trafiksikkert. 187 del av areal satt av til almennyttig føremål, det er bygd barnehage på nabotomta.			
<b>Miljø og klima</b>	Buss i fv 559 med relativt god frekvens. For dei søndre delar av 322 og 419a samt dei nordre delar av 304 er det ikkje gangavstand til kollektivaksen. Daglegvare på Møvik og Fjell. Gangavstand til daglegvare Møvik for dei vestre innspela; 179, vestre delar av 322, 399 a og b. Soltilhøve relativt gode (jf moglegheit for klimavenlege hus)			
<b>Infrastruktur</b>	Gang/ sykkelveg eller fortau langs fv 559 frå innspel 179 og austover til skule/ barnehage og til Fjell gard (ikkje gang/ sykkelveg eller fortau vestover frå 179). Vegtilkomst direkte frå fv 559 for dei fleste av innspela. 399 b må ha ny tilkomst via dyrka mark eller via eksisterande avkøyrsløse, 399 c må ha tilkomst via ein eksisterande veg (men berre plass til ei buening på 399c så ikkje stor belastning). 304 må ha vegtilkomst enten via bustadfeltet Litlakvilet eller i utkanten av feltet. Vegane i Litlakvilet- feltet er truleg ikkje dimensjonert for dette og oppjustering må påreknast dersom desse vegane skal nyttast. Vass- og avlaupsleidning i fv 559 som områda kan koplust til. Høgspenning gjennom nordre del av 419a. Byggegrense langs veg (+ byggegrense vassdrag) ved 419b gjer at det vert lite att av arealet til utbygging.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
<b>Vind</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Nordre del av 304 kan vere sterkt vindutsett. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust for vind.
<b>Skog og lyngbrann</b>	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog og lyng på fleire sider av alle innspela med unntak av 187 og 399. Innspela nær brannstasjon på Skogskiftet (< 20 min). Risikoreduserande tiltak: god tilkomst for brannvesen.

#### Måloppnåing:


Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Bustad nær skule og barnehage positivt, men behovet for nye bustader i kommunen er ikkje så stort at ein treng å satse på Ulveset i denne planperioden. Det har

		og nyleg vore bygd, og er under bygging bustader i området. På sikt kan det vere ønskjeleg å konsentrere bustadvekst nær skule/ barnehage. Men ikkje byggje i områda nærast Møvik då dei to stadane ikkje bør byggjast saman .
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta Perspektiv	-

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Utbygging i det omfanget som er foreslått vil føre til store endringar i landskapet. Innspela som er i konflikt med natur- og friluftsiinteresser og går inn i nye ubygde område bør avvisast, særleg gjeld dette 304 og 419a. Landskapet på sørsida av vegen er spesielt med slake enger og beitemark med spreidde gardstun og ein bør difor unngå utbygging her. Nordsida har og sine kvalitetar, men dei viktigaste av desse vil kunne avdekkjast og evt sikrast i ein reguleringsplan.
<b>ROS</b>	Nordre del av 304- kan vere sterkt vindutsett. Skog/ lyng på fleire sider av alle innspela, unntatt 187 og 399. Risikoreduserande tiltak er å byggje robust for vind og sikre god tilkomst for brannvesen.
<b>Måloppnåing</b>	Det er ikkje behov for fleire bustader i denne rulleringa av KPA, difor har satsing på bustadbygging i dette området lav måloppnåing.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 187  Ikkje tilrådd: 179, 212, 304, 322, 370, 399abc, 419ab

#### 4.45 Møvik

<b>Innspel nr: 247, 248, 249, 250, 251, 290a, 405</b>	<b>Møvik</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad
<b>Arealstorleik (daa)</b>	35+5+41+31+32+27+205
<b>Eigedom</b>	10/7(247), 10/6 (248 og 290a), 11/4 (249, 250, 251),
<b>Gjeldande arealbruk</b>	Bustad, offentleg og privat tenesteyting, LNF
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Innspela ligg på Møvik på begge sider av fv 559 og fv 210. Når ein kjem langs fv 559 frå aust stig terrenget opp på begge sider av fv 559 med 247 på nordsida av vegen og 290a på sørsida.</p> <p>Landskapet opnar seg så ut mot sjøen og sjølve Møvik kai som ligg lågare i terrenget. På området like sør for Møvik kai ligg innspel 249. Dei andre innspela ligg vidare nordover langs fv 210 i eit meir ope landskap; 250 på vestsida og dei andre på austsida. Områda i sør har noko skog og lyng og opnare områder med dyrka mark, medan områda i nord er meir opne lyngområder.</p> <p>Dei sørlege områda ligg elles i tilknytning til noverande byggeområde medan dei nordlege områda ligg meir i utmark.</p>
	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Generelt mykje SEFRAK-bygg i Møvik. Innafor 249 ligg det eit lite gardsanlegg med våningshus, løe, vedhus som alle er SEFRAK-registrert. Det ligg og kanonstillingar frå 2.verdenskrig her. Avbøtande tiltak er å ta vare på viktige kulturminne.
<b>Naturmangfald</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Kystlynghei og naturbeitemark. Bekk aust- vest gjennom 405 og nord sør gjennom 251. Midtmarka; større samanhengande naturområda som delvis kjem i konflikt med 405 og 251.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Heile 251, store delar av 405, halve 247 og nordre del av 248 innafor registrert nærterrenng. Halve 250 og storparten av 249 innafor funksjonell strandsone. LNF- friluftsliv ved eigna badevik i 249. Registrerte stiar/ traktorveggar gjennom alle områda med unntak av 247, men kan ikkje utelukkast at det går sti her og (ligg like bak leirtunet Skogly).
<b>Landskap</b>	Middels Middels/ stort (249, 250, 251 og 405)	Lite negativt Middels/ stort negativt (249, 250, 251 og 405)	Lite negativt Middels/ stort negativt (249, 250, 251 og 405)	Landskapsanalysen trekkjer fram at ny utbygging bør skje på skånsam måte som varetek landskapet i sundet og opplevinga av det. Særleg 249, 250, 405 og til dels 251 er eksponert mot sjø/ sundet.
<b>Landbruk</b>	Liten	Liten	Liten	249 gjeld bustadbygging på hovudteigen til bruk 11/4. 10 dekar innmarksbeite.
<b>Folkehelse</b>	Områda langs fv 559 og fv 210 kan vere støyutsett. Turterrenng i nærområdet. Om lag 8 km til ungdomsskule og idrettsanlegg på Bildøy. Det er og fotballbane med internasjonale mål på Skålvik, ca 3 km nordvestover.			
<b>Barn og unge</b>	Gangavstand til Ulveset skule for 247, 249 og 290a. Trafikksikker for 290a- for dei øvrige ikkje			

<b>sine oppvekstvilkår</b>	trafikksikker, sjå infrastruktur. Om lag 8 km til ungdomsskule og idrettsanlegg på Bildøy - ikkje trafikksikkert. Det er og større fotballbane på Skålvik, ca 3 km nordvestover – ikkje trafikksikkert.
<b>Miljø og klima</b>	Buss i fv 559 og fv 210 med relativt god frekvens. Gangavstand. Butikk på Møvik, men ligg i søndre del så køyring må påreknast for dei nordre områda. Noko meir servicetilbod på Fjell gard. Soltilhøva relativt gode (jf moglegheit for klimavenlege hus).
<b>Infrastruktur</b>	Gang/ sykkelveg eller fortau til Ulveset skule frå 290 a og austover, vestover langs fylkesvegen manglar system for gåande. System for gåande er delvis regulert inn i gjeldande plan, men planane er ikkje gjennomført og det manglar og eit strekk som står uregulert utan system for mjuke trafikantar. Rækkefølgekrav bør inn dersom innspela skal godkjennast og manglande parti bør regulerast. Adkomst 249 via Møvik kai- oppgradering av eksisterande veg nødvendig ved større utbygging . Adkomst 248 og 251 via eksisterande veg med dårleg standard – oppgradering nødvendig. Dei øvrige har relativt direkte adkomst via fylkesvegen. 251 og 248 kan evt koplast til adkomst gjennom 405 dersom denne skal byggjast ut. Vatn og avlaup i fv 559 frå aust og ned til Møvik kai. Det er og vatn- og avlaup opp til 248. Dei nordlege områda; 250, 405 og til dels 251 ligg i noko avstand frå vatn- og avlaupsleidningar. Høgspont som går over ein mindre del av 250 i nord og ein mindre del av 405 i sør. Den berører vidare sørleg del av 247 og kryssar over store delar av 290a. Områda er så store at dei kan byggjast ut sjølv om ein held seg unna faresona.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
Vind	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	248 og delar av 251 og 247 – kan vere sterkt vindutsett. Risikoreduserande tiltak er å bygge robust for vind.
Ekstrem nedbør og flaum	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	250, 251 og delvis 405 utsatt pga bekkar og myrområde. Ekstremnedbør vil auke faren for flaum i framtida. Potensiell flaumfare må vurderast nærare.
Høg vasstand og bølger	S5	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Tiltak i strandsona sårbar for stormflo og bølger. Evt. anlegg ved sjø må byggjast robust mot høg vasstand.
Skog og lyngbrann	S4	LH-2, YM-2, MV-3	Gul	Skog og lyng på fleire sider av alle innspela. Innspela nær brannstasjon på Skogsskiftet (< 20 min). Risikoreduserande tiltak: god tilkomst for brannvesen.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
Busetnad	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Bustadutvikling på Møvik er positivt då dette er ein stad med klår identitet, fleire fellesfunksjonar og kort veg til skule, men behovet for nye bustader i kommunen er ikkje så stort at ein treng å satse på Møvik i denne planperioden. Det har og nyleg vore bygd, og er under bygging bustader i området. På sikt kan det vere ønskeleg med fleire bustader her- då bør ein byggje opp om områda som ligg nær kaien (sentral del av Møvik) og som og har gangavstand til skulen. Dette kan avklarast i ein områdeplan i løpet av planperioden.
Næring	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
Kystkultur	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsretta perspektiv	-

#### Oppsummering:

	Oppsummering
KU	Utbygging i det omfanget som er foreslått vil føre til store endringar i landskapet, gjeld særleg dei som er eksponert mot sjø. Mange av innspela er og i konflikt med friluftsliv og større samanhengande naturområde.
ROS	Flaumfare må vurderast nærare der det er aktuelt, tiltak i strandsona må byggast robust for høg vasstand og tiltak i vindutsette område robust for vind. For å redusere skadar på materielle verdiar ved skog- og lyngbrann, må det vere god framkomme for brannvesen.
Måloppnåing	Det er ikkje behov for fleire bustader i denne rulleringa av KPA, difor har satsing på bustadbygging i dette området låg måloppnåing.
Fagleg tilråding	Ikkje tilrådd: 247, 248, 249, 250, 251, 290a, 405 Vi tilrår utarbeiding av ein off. områdeplan som har fokus v/ Møvik kai (for eksempel frå 249 til Leirvika)

og austover på begge sider av fv 559 om lag til Skogtun leirtun (sør for 247).

#### 4.46 Åse - Skoge

Innspel nr: 141 og 290b		Åse
Planlagt arealbruk	LNF-spreidd	
Arealstorleik	12,9 daa	
Eigedom	Gbr 9 bnr 75,59,63,9	
Gjeldande arealbruk	LNF	
Områdeskildring:	<p>Innspel 141 ligg i eit småkupert landskap prega av einebustader. Strandsona er bratt og vanskeleg tilgjengeleg med unntak av vågen som for ein stor del er bygd ned og privatisert. Det er noko beitemark mellom bustadane og i randsona kring desse.</p> <p>I gjeldande KPA er det innafor delområdet sett av to område for LNF-spreidd, dei eine på Skoge er mindre utbygd enn det på Åse i sør.</p> <p>Innspel 290b:                      Dette innspelet inneber å endre funksjonell strandsona innanfor eit byggeområde i gjeldande plan. Funksjonell strandsona skal vurderast i regional plan, innspelet er ikkje vurdert vidare her.</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
Kulturminne og -miljø	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Naustmiljøet i vågen er eit kulturmiljø, men det ligg ikkje i opphavleg historisk samanheng.
Naturmangfald	Liten/mid dels	Lite negativt	Liten negativ	Vanleg førekommande naturmiljø, noko høgare verdi knytt til vatnet og strandsona kring dette.
Friluftsliv	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Innfartsportar til friluftsområde ved vatnet og sørover i utmarka er delvis privatisert i dag. Innspelet opnar for bustadbygging og dermed ytterlegare privatisering i funksjonell strandsona og ytterlegare redusert tilgjenge for ålmenta.
Landskap	Liten/mid dels	Lite negativt	Liten/middels negativ	Endringa inneber at ein opnar for bygging på eksponerte koller i landskapet mellom vågen og vatnet, eventuelt fjerning av desse. Eit slikt inngrep kan verte skjemma og endre landskapsbilete.
Landbruk	-	-	-	-
Folkehelse	Bustader i dette området vil ligge langt frå fritidstilbod. Tilgang til friluftsområde er bygd igjen/stengd av bustader.			
Barn og unge sine oppvekstvilkår	Skuleskyss er naudsynt for elevar i dette området. Det er få tilbod for born og unge i nærmiljøet, men gode høve for leik og utandørs aktivitetar.			
Miljø og klima	Dårleg busstilbod. Lang avstand (> 1km) til sentrale kollektivtilbod og servicefunksjonar gjer at bebuarar i området er avhengig av privatbil for transport.			
Infrastruktur	Tilkomstvegen frå Åse til fv559 er smal og svingete. Innspelet er så lite i omfang at trafikktryggleiken ikkje vert forverra.			

**Ros- analyse:**

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreduserande tiltak
Ingen identifisert farar				

**Måloppnåing:**

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Vidare utvikling av grenda kan skje innafor gjeldande LNF-spreidd område. Det er ikkje behov for å utvide desse områda.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	-
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	Innspelet legg opp til privatisering i strandsona og bidrar såleis ikkje til måloppnåing.

**Oppsummering:**

	Oppsummering
<b>KU</b>	Konfliktfylt i høve landskaps- og friluftslivsverdiar. Knytt til tilkomst til friluftsområde og privatisering av funksjonell strandsona.
<b>ROS</b>	-
<b>Måloppnåing</b>	Utviding av LNF-spreidd har låg måloppnåing då det er plass i gjeldande område.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 141 290 b Funksjonell strandsona skal vurderast i regional plan, innspelet er ikkje vurdert vidare her.

#### 4.47 Nese – Nordvik - Bratten

<b>Innspel nr: 116,281a,281b,281c,400,422,448</b>		<b>Nese-Nordvik-Bratten</b>
<b>Planlagt arealbruk</b>	Bustad, LNF-spreidd, naust, kombinert føremål	
<b>Arealstorleik</b>	123,2+26,9+138,8+2,2+26,7+75,1+0,7	
<b>Eigedom</b>	Gnr 4 bnr 2, 6, 9, 27 Gnr 5 bnr 1, 9, 11 mfl. Gnr 6 bnr 2, 6, 9,25 mfl	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	LNF og LNF-spreidd bustad	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>Området er eit småkupert lynghei- og jordbrukslandskap med spreidde einestader. Dalføret frå sjøen mot Ulvesetvatnet er prega av kulturlandskapet og lauvskog. Busetnaden er noko meir konsentrert ved Nese. Strandsona er relativt godt tilgjengeleg og er prega av spreidde naust og båtfester.</p> <p>I gjeldande KPA er det sett av fleire område til LNF-spreidd og nokre naustområde og næring.</p> <p>Innspela gjeld nye store bustadområde, utviding av LNF-spreidd, naustområde og eit område med blanda føremål (mediesenter, seniorbustader mm).</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Ingen av innspela rår særleg verdifulle kulturmiljø i området. Innspel 281b må ta omsyn til steingarden som avgrensar området mot vest. Innspela vil endre samanhengane i kulturlandskapet i området. Området grenser mot areal regulert til spesialområde vern ved Nordvik-kverna.
<b>Naturmangfald</b>	Liten/ Middels	middels negativt	Liten/middels negativt	Hovudsakleg vanleg førekommande naturmiljø, med lynghei og skog. Noko edellauvskog – rikt hasselkratt. Innspel 281 grenser til sjø der Nordvikelva renn ut i sjøen. Hjortetrekk gjennom 116 og 281b. Hekkeområde for fiskemåle rett nord for 448 og beiteområde for songsvane i Ulvesetvatnet.
<b>Friluftsliv</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativt	Sjøområda kring Nese og Nordvik er viktig regionalt friluftsområde i sjø. Delar av landareala er LNF-natur og regionalt viktige friluftsområde. 402 er i konfliktmed registrert nærterreng. Innspel 400 og 448 har marginale konsekvensar for friluftsliv.
<b>Landskap</b>	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Større byggeområde vil bryte vesentleg med landskapet som er dominert av lynghei og jordbruksmark saman med spreidde bustader. Konsekvensar av innspel 400 er mindre, men det er problematisk å utvide bustadområdet på eit anna terrengnivå utover i urørt utmark.
<b>Landbruk</b>	Lite/middels	Middels negativt	Lite til middels negativt	Innspel 422 legg opp til nedbygging av 10 dekar dyrka mark og 10 dekar innmarksbeite. Dei andre innspela er mindre konfliktfylte.

<b>Folkehelse</b>	Det er gode tilhøve for friluftsliv i område, men relativt lang avstand til idrettsanlegg.
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Avstand til Ulveset skule er kring 2,5 km langs veg utan gang-sykkelveg i eige felt eller fortau. Dette må utbetrast før ein kan tilrå større utbygging i området. God tilgang til leikeareal teller positivt, men trafikkfarlege vegløyseringar er eit problem.
<b>Miljø og klima</b>	Innspela inneber monaleg trafikkvekst. Innspel 400 er mindre i omfang og konsekvensane er dermed mindre negative.
<b>Infrastruktur</b>	Det er problematisk å opne for større byggeaktivitet i dette området før vegen vert utbetra. Kapasitet på drikkevatn og avlaup må sikrast.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande tiltak
<b>Vind (116 og 400)</b>	S5	K2 (MV)	Gul	Risiko er her knytt til skadar på bygg og lausøre som følge av periodar med sterk vind. Risikoreducerande tiltak er gunstig plassering av bygg, gode rutinar for sikring og eventuelle vinddempande konstruksjonar.
<b>Ekstrem nedbør og flaum (281 c))</b>	S3	K2 (MV)	Gul	Risiko er vurdert for 200 års flaum i Nordvikelva.
<b>Skog og lyngbrann (alle innspel)</b>	S3	K3 (MV)	Gul	Arealet ligg i eit område som historisk har vore råka av lyngbrann. Gode rutinar for brannsikring og god tilkomst for brannvesen er risikoreducerande tiltak.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	Det er ikkje behov for nye store bustadområde i denne rulleringa. Vidare utvikling i grenda kan skje innafør allereie avsette område til LNF spreidd. Vurdere å auke kvota.
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Innspel 116 legg opp til næringsverksemd i eit område som ikkje har noko liknande aktivitet i dag.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta Perspektiv	Innspel 448 legg opp til privatisering i ubygd strandsone og bidrar såleis ikkje til måloppnåing.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Innspel 116, 281 og 422 har kvart for seg og særleg totalt sett eit utbyggingspotensial som er konfliktylt for fleire tema. 281c inneber privatisering av allmenn tilgjengeleg og ubygd strandsone. Innspel 400 vil kunne medføre bustadbygging som ein kile inn i eit større samanhengande naturområde.
<b>ROS</b>	Fare for vind, flaum og brann, risikoreducerande tiltak er foreslått.
<b>Måloppnåing</b>	Det er rom for vidare bustadutvikling av grenda innafør avsette område for LNF spreidd, vurdere å auke kvota.
<b>Fagleg tilråding</b>	Ikkje tilrådd: 116, 281abc, 400, 422 og 448

#### 4.48 Sjøområda

Innspel nr: 475 a, b, c		Turøy, Oksen, Haverøy
Planlagt arealbruk	Akvakultur	
Arealstorleik (daa)	1160 + 608 + 495	
Eigedom	Sjøområde	
Gjeldande arealbruk	Akvakultur, fiskeriområde, kaste- og låssetting, friluftsområde, allmenn fleirbruk	
Områdeskildring:	<p>475a ved Turøy og Oksen, gjeld utviding av eksisterande ak-område, slik at fortøyningar vert omfatta. Det er to lokalitetar innafor dette området som ligg nær kvarandre.</p> <p>475b vest for Turøy, gjeld utviding av framtidig ak-område, slik at det vil vere plass til fortøyningar. Det er ikkje gitt konsesjonar i dette området.</p> <p>475c ved Haverøy, gjeld utviding av eksisterande ak-område, slik at fortøyningar vert omfatta.</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
Kulturminne og -miljø	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdier. Skjergarden i Fjell har stort potensiale for funn av marine kulturminne, avklarast på tiltaksnivå.
Naturmangfald	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Gyteområde (Toftevik – torsk og sild) i 475 b. Marine naturtypar; større tareskogførekomst (viktig) rundt Mågøyna og Sandøyna, Turøyna og Havrøyna, og skjelsand (viktig) ved Turøyna, Mågøyna og Sandøyna. 475 b ligg i eit område med urørt preg, i god avstand til næraste større inngrep. Øyene vest for Angeltveit er yngle-, beite- og rasteområde (viktig) for ei rekke sjøfuglartar.
Friluftsliv	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Skjergarden vest for Sotra er regionalt viktig friluftsområde. Øyane er vist som LNF natur/markaområde (retningslinjeområde).
Landskap	Middels	Lite negativt	Liten negativ	Synlege installasjonar på vassflata er mindre enn flata som er foreslått sett av til akvakultur. Anlegga ligg innimellom øyar, er ikkje eksponert i større landskapsrom, lokal verknad på landskapet.
Fiskeri	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Fiskeriområde (aktive og passive reiskap) i delar av området vest for Turøy (475b). I gjeldande plan er det meste av området sett av til fiskeri. Låssettingsplassar i vikene rundt Turøy. Fiskeriområde (aktive reiskap) sør for lokalitet på Haverøyna, i gjeldande plan går fiskeriområdet lenger nord og inn i lokaliteten.
	Middels (475 b)	Middels negativt	Middels negativt	
Folkehelse	Evt nytt anlegg vest for Turøy vil ligge langt frå busetnad, og støy og lys frå anlegg vil ikkje			

	påverke folkehelsa. Eksisterande anlegg ligg i skjerma eller i god avstand til busetting.
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Ikkje relevant
<b>Miljø og klima</b>	Området vest for Turøy er sterkt vindutsett. Eventuell ny lokalitet vest for Turøy og utviding av eksisterande lokalitetar dei andre stadane vil føre til auka trafikk på sjø, med tilhøyrande CO <sub>2</sub> -utslepp.
<b>Infrastruktur</b>	Ingen av lokalitetane er i konflikt med farleier (hovud- eller bilei). Det er ikkje kjent om det er sjøkablar i området. Det er ikkje infrastruktur på land tilknytt ak-områda, all transport må skje på sjø.

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	<b>S5</b>	<b>LH-2, YM-3, MV-3</b>	<b>Raud</b>	Området vest for Turøy er sterkt vindutsett, hendingar med høge bølger kan føre til skade på anlegg og rømming av fisk. Risikoreducerande tiltak er å bygge robuste anlegg. Anlegg skal gjennom lokalitetsklassifisering i henhold til NYTEK-forskrifta og NS 9415:2009, bølgepåverknad er del av slik klassifisering.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Staten ønskjer vekst i oppdrettsnæringa, og tilgang til lokalitetar er kritisk faktor. Lokalitetar med liten konflikt med andre interesser har god måloppnåing. Det må avklarast i kva grad det kan byggast anlegg med forsvarleg drift i verharde område.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidsetta perspektiv	Områda som er foreslått er i liten grad i konflikt med kystkulturen i Fjell.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	475 b har middels negative konsekvensar for fiskeri og naturmangfald. Dei andre områda har eksisterande anlegg og er mindre konfliktfylte.
<b>ROS</b>	Vest for Turøy er det verhardt. Risikoreducerande tiltak er å bygge robuste anlegg for å unngå skade på anlegg og rømming av fisk.
<b>Måloppnåing</b>	God måloppnåing for område som ikkje er i konflikt med andre interesser.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 475a og c  Ikkje tilrådd: 475b

Innspel nr: 305, 475 d, e, f		Langøyvika, Dyrøyna, Skorposen, Lokøyosen
Planlagt arealbruk	Akvakultur, "vanleg, fritt sjøområde"	
Arealstorleik (daa)	275+615+581+926	
Eigedom	Sjøområde	
Gjeldande arealbruk	Akvakultur, fiskeriområde, kaste- og låssetting, friluftsområde, allmenn fleirbruk	
Områdeskildring:	<p>305 – kaste- og låssettingsplassen i Skorpevågen er ønskt redusert til berre å gjelde vika mellom Algroy og Skorpa.</p> <p>475 d mellom Dyrøyna og Djupålsøyna, gjeld utviding av framtidig ak-område, slik at fortøyingar vert omfatta. Det er to ak-område innafor dette området. Det er ikkje gitt konsesjonar i nokon av desse.</p> <p>475 e Skorposen, gjeld utviding av eksisterande ak-område, slik at fortøyingar vert omfatta.</p> <p>475 f Lokøyosen, gjeld forslag om nytt ak-område.</p> <p>475g ligg for det meste i Sund kommune og vert ikkje vurdert her.</p>	

#### Konsekvensutgreiing:

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Merknad
Kulturminne og -miljø	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte verdier. Skjergarden i Fjell har stort potensiale for funn av marine kulturminne, avklarast på tiltaksnivå.
Naturmangfald	Middels	Middels negativt	Middels negativ	Gytefelt for torsk aust for Djupålsøyna og i Lokøyosen. Skjelsandførekomstar (viktig) i 475 d og e. Tareskog vest for Dyrøyna (svært viktig) og i Lokøyosen (viktig/svært viktig). Området utanfor Dyrøyna er yngle-, beite- og rasteområde (viktig) for ei rekke sjøfuglartar. Yngleområde for gråhegre på Geitarøyna (nær Lokøyosen).
Friluftsliv	Stor	Lite negativt	Liten negativt	Skjergarden vest for Sotra er regionalt svært viktig friluftsområde. Øyane er vist som LNF-N (retningslinjeområde). Lokøyosen er brukt som utfartsområde for fritidsbåtar, fritidsfiske. Mykje av Hitsøy er statleg sikra friluftsområde og ei regional satsing frå BOF. Etablering av nye anlegg vil gje restriksjonar for ferdsel og fiske.
		Stort negativt (475f)	Stor negativ (475f)	
Landskap	Middels	Lite negativt	Liten negativ Middels	Synlege installasjonar på vassflata er mindre enn flata som er foreslått sett av til akvakultur. Ved Dyrøyna og

		Middels negativt (475f)	negativ (475f)	Skorposen vil anlegga ligge inimellom øyar, og vil ha lokal verknad på landskapet. Anlegg i Lokøyosen vil vere eksponert i eit større landskapsrom.
<b>Fiskeri</b>	Liten	Lite negativt	Liten negativ	Kaste- og låssettingsplassen i Skorpevågen vert ikkje nytta inst i Lokøyvågen. Kaste- og låssettingsplassen nord på Dyrøyna kan få redusert framkomme frå nord pga oppdrettsanlegg, men truleg tilstrekkeleg med tilkomst frå sør. Fiskeplass for aktive reiskap i Lokøyosen, kaste- og låssettingsplassar mellom øyane sør for 475f.
	Middels /stor (475f)	Stort negativt	Stor negativ	
<b>Folkehelse</b>	Foreslåtte og eksisterande anlegg vil ligge skjerma eller i god avstand til busetting.			
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Ikkje relevant			
<b>Miljø og klima</b>	Nye ak-område vil føre til auka trafikk på sjø, med tilhøyrande CO <sub>2</sub> -utslepp.			
<b>Infrastruktur</b>	Ingen av lokalitetane er i konflikt med farleier (hovud- eller bilei). Det er ikkje kjent om det er sjøkablar i området. Det er ikkje infrastruktur på land tilknytt ak-områda, all transport må skje på sjø.			

#### Ros- analyse:

Fare	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar og risikoreducerande til tak
<b>Høg vasstand og bølger</b>	<b>S4</b>	<b>LH-2, YM-3, MV-3</b>	<b>Gul</b>	Hendingar med høge bølger kan føre til skade på anlegg og rømming av fisk. Risikoreducerande tiltak er å bygge robuste anlegg. Anlegg skal gjennom lokalitetsklassifisering i henhold til NYTEK-forskrifta og NS 9415:2009, bølgepåverknad er del av slik klassifisering.

#### Måloppnåing:

Tema	Mål	Måloppnåing
<b>Busetnad</b>	Stimulerer til aktive og levande lokalsamfunn der trivsel, helse, miljø og kultur vert sett i samanheng.	-
<b>Næring</b>	Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv.	Staten ønskjer vekst i oppdrettsnæringa, og tilgang til lokalitetar er kritisk faktor. Område med liten konflikt med andre interesser har god måloppnåing.
<b>Kystkultur</b>	Definera bruk og forvaltning av kysten i Fjell i eit historisk og framtidretta perspektiv	475d og 475e er i liten grad i konflikt med kystkulturen i Fjell. 475f ligg i eit område som vert mykje nytta av andre interesser og vil vere i konflikt med tradisjonell bruk. Endring av 305 frå låssetting til fleirbruksområde vil vere i tråd med faktisk bruk av området.

#### Oppsummering:

	Oppsummering
<b>KU</b>	Alle foreslåtte AK-område har middels negativt konsekvens for naturmangfald. 475 f har middels til store negative konsekvensar for fiskeri og friluftsliv. Det ligg ikkje anlegg i 475d, men to mindre ak-område er avsett i KPA, dette innspelet bør avgrensast i sør, slik at det ikkje legg beslag på heile sundet mellom dei to øyane.
<b>ROS</b>	Fare for skade på anlegg ved høge bølger. Risikoreducerande tiltak er å bygge robuste anlegg for å unngå skade på anlegg og rømming av fisk.
<b>Måloppnåing</b>	God måloppnåing for område som ikkje er i konflikt med andre interesser.
<b>Fagleg tilråding</b>	Tilrådd: 305, 475e  Tilrådd med endring: 475d – avgrensning området i sør.  Ikkje tilrådd: 475f, g

Innspele nr: 154 b		Ettersundosen
<b>Planlagt arealbruk</b>	Område for idrettsarrangement	
<b>Arealstorleik (daa)</b>	970	
<b>Eigedom</b>	Sjøområde	
<b>Gjeldande arealbruk</b>	Allmenn fleirbruk, gyteområde	
<b>Områdeskildring:</b>	<p>RAN seilforening ønskjer å få avsett eit område i Ettersundosen for idrettsarrangement.</p> <p>Det er ikkje nødvendig med eige arealføremål, då aktiviteten vil falle innunder det generelle føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag.</p> <p>Det er eit gyteområde og fiskeplass for aktive reiskap her, men seilforeninga sine arrangement vil ikkje vere i konflikt med dette.</p> <p>Det er ikkje behov for ytterlegare konsekvensutgreiing av dette innspelet.</p>	

## 5

### **SAMLA KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET**

#### **Kulturminne og-miljø**

Det er ikkje foreslått utbygging som rår automatisk freda kulturminne. Det er mange SEFRAK-registerte bygg i Fjell, og nokre av desse ligg innafor foreslåtte LNF-område for spreidd utbygging og naustområde. Det er også foreslått utviding av eksisterande naustområde der det er registrert verdifulle sjøbruksmiljø (Fjell kommune si registrering). Her er det i KU gjort ei særskilt vurdering av om nye naust let seg innpasse. For spreidd bustadbygging og naustområde bør det leggjast inn føresegner om innpassing i eksisterande bygningsmiljø.

#### **Friluftsliv**

Det er ikkje foreslått byggjeområde inne i registrert nærturterreng eller LNF-natur. LNF-natur er den langsiktige avgrensinga av område som ikkje skal byggjast ut i Fjell, men oppretthaldast som område for natur og friluftsliv. I dei tettbygde områda har nærturterreng aukande betydning på grunn av folkeauken, og det er ikkje foreslått byggjeområde der det er registrert nærturterreng.

#### **Landskap**

Det er ikkje foreslått nye store byggjeområde som bryt inn i nye ubygde område. Fjell har eit sårbart landskap, mange skarpe terrengformer og ope heilandskap. Dette står i kontrast til avgrensa jordbruksgrenser og skjerma sprekkedalar med meir frodig vegetasjon. Ny utbygging må innordne seg i landskapet for å ta vare på Fjell sin identitet.

#### **Landbruk**

Det er ikkje sett av nye byggeområde på større areal av dyrka mark. Fleire mindre område med dyrka mark og innmarksbeite er foreslått omdisponert der desse ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde. Store nye område i kjerneområde for landbruk er avvist. Det er avgjerande at vurderinga av landbruksareala vert gjort uavhengig av kva framtid dei som driv areala i dag ser føre seg.

#### **Fiskeri**

Forslag til nye og utviding av eksisterande akvakulturområde er vurdert i KU. Fiskeriinteressene i Fjell er ivaretatt gjennom ei vurdering av ny arealbruk i sjø. Det er konflikt mellom fiskerinæringa og ny arealbruk er fiskeriinteressene lagt vekt på. Det er likevel sett av nye, og utvida fleire eksisterande, område for akvakultur. Såleis skulle både havbruksnæringa og fiskerinæringa vere ivaretatt i planen.

#### **Folkehelse**

Nesten alle innbyggjarane i Fjell har kort veg til nærturterreng, men ikkje like mange kan gå til daglege gjeremål, anten på grunn av for lang avstand eller på grunn av manglande fortau/gang/sykkelveg. Område langs veg kan vere støyutsette, det er ikkje foreslått nye bustadområde nær veg. Enkelte stader kan det vere utfordrande å få til universell tilkomst til byggeområde på grunn av bratt terreng.

#### **Barn og unge sine oppvekstvilkår**

For barna som bur i grendene er trygg skuleveg og lang avstand til organiserte fritidstilbod dei viktigaste momenta. I meir tettbygde strom er tap av leikeareal ei sentral problemstilling. Før utlegging av større bustadområde bør det gjennomførast ei barnetrakkregistrering for å avklare kva areal barn og unge bruker. Dersom slike areal vert omdisponert bør det finnast erstatningsareal/-funksjonar. Dette har ikkje vore tema i denne rulleringa av kommuneplanens arealdel.

#### **Miljø og klima**

Det er ikkje tilrådd store nye bustadområde der det er dårleg kollektivtilbod eller lang avstand til teneste- og servicetilbod. Slik sett skulle nye arealbruk i planen ikkje føre til auka bilbruk. Fjell kommune har generelt gode soltilhøve, men nokre område er vindutsette. I dei fleste områda for bustadbygging ligg det godt til rette for klimavennlege hus.

#### **Infrastruktur**

Infrastrukturen er mange stader ein premiss for vidare utbygging, dette gjeld både trygge vegar og offentleg vatn og avlaup. Manglande infrastruktur har vore eitt av fleire moment som er lagt til grunn for å ikkje legge ut nye større bustadområde i grendene.

## 5.1 Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldet i Fjell er relativt godt kartlagt gjennom kartlegging av vilt og naturtypar. Dette grunnlaget er godt nok til den overordna vurderinga som skal til på kommuneplannivå, jf krav til kunnskapsgrunnlaget NML§ 8. Det er ikkje foreslått ny arealbruk i område med stor verdi for naturmiljø. Om det skulle vise seg seinare at det likevel skulle vere verdiar av betydning som vert råka av foreslåtte utbyggingsområde må dette vurderast på nytt, til dømes i reguleringsplan. Dette vil vere i tråd med føre-var-prinsippet i §9.

Den samla belastninga på økosystema (jf § 10), som følgje av denne rulleringa i Fjell er vanskeleg å kvantifisere. Sjølv om det er ikkje er omdisponert område med stor verdi, vil tap av naturområde steg for steg føre til at artar taper leverområde og vert meir pressa. Totalt sett er det få av dei foreslåtte område som går inn i frå før ubygde område, dermed skulle belastninga på økosystem vere liten for denne rulleringa. Ettersom folketalet i Fjell aukar og presset på areal vert større, vert det stadig viktigare å ha kunnskap om korleis artane brukar areala, slik at dei områda som har størst betydning vert spart på lang sikt. Fjell kommune har gjennom si langsiktige avgrensing av LNF-natur sikra store og viktige område for naturmangfaldet.

I fleire av delområda er det vurdert ulike alternativ til nye bustadområde, det vil seie at det har vore mogleg å velje dei områda med minst konsekvensar for naturmiljøet. Dette er i samsvar med § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, der lokalisering og alternativvurdering inngår.

## 5.2 Samfunnstryggleik

Nokre få forslag til utbygging kjem i raud sone i ROS-analysen, det vil seie at det må gjennomførast risikoreduserande tiltak før utbygging. Dette gjeld:

ROS-analysen er gjennomført på eit overordna nivå, og det kan hende at i seinare planfasar der det ligg føre meir informasjon om utbygginga, vil komme fram at risikoen likevel ikkje er så stor, eller det kan komme opp nye farar som ikkje er avdekkja på dette plannivået. Det er i første rekke høg vasstand og skog- og lynnbrann som er aktuelle farar i Fjell. Det må inn generelle føresegner om utbygging ved sjø. Det er ikkje foreslått større utbyggingsområde inn i skog- og lyngområde, såleis skulle planforslaget ikkje føre til at kommunen får auka sårbarheit i høve skog- og lynnbrann.

## 5.3 Busetnad

Det er vurdert svært mange innspel til nye bustadområde i denne rulleringa. Grunnlag for vurderinga er knytt til kva behov kommunen har for nye bustader totalt sett. Kommuneplan for bustadbygging viser at behovet for nye bustader i kommunen fram til 2040 er dekkja gjennom gjeldande kommunedelplanar og reguleringsplanar. Det er såleis ikkje behov for å setje av større område for bustader i denne rulleringa av kommuneplanens arealdel.

Målet for denne rulleringa er å stimulere til aktive og levande lokalsamfunn. Vidare utvikling av lokalsamfunna inneber at det skal vere plass til nye innbyggjarar, men at utviklinga må skje på ein måte som ivaretar særpreg og identitet. Store bustadområde vil som oftast vere i konflikt med staden sin identitet. Vidare utvikling krev på fleire stader i kommunen heilskaplege grep. Dette er særleg tydeleg på stader med lang historie, jordbruksareal, busetnad og nokre teneste- og servicetilbod, slik som på Landro, Møvik og Fjell. På desse stadane bør det utarbeidast områdereguleringar som avklarar framtidige funksjonar og arealdisponeringar, og som ivaretar identitet og heilskap på desse stadane.

Lokalsamfunna i Fjell har anten LNF-område for spreidd utbygging, eller avsette byggeområde for bustader, nokre stader har ein kombinasjon av desse. I denne rulleringa er det ikkje foreslått å endre noko på dette, og ny arealbruk er foreslått som mindre utvidingar av gjeldande område. Det har komme fram gjennom arbeidet med konsekvensutgreiinga at det er eit stort behov for å gå gjennom LNF-spreidd områda og vurdere om desse burde vore gjort om til bustadområde. Dette peikar seg ut som eit tema for neste rullering av kommuneplanen. Det bør då fastsetjast

kriteria for kva område som skal gjerast om til LNF-spreidd, ein må og sjå på korleis vidare utviklinga innafor desse nye "gamle" bustadområda skal skje. Erfaringane frå områdereguleringane av Fjell, Landro og Møvik vil også bidra i grunnlaget for korleis vidare bustadutvikling kan skje.

For ein del av lokalsamfunna i Fjell vil det også på lang sikt vere naturleg med vidare bustadbygging innafor LNF-spreidd. Det fins bustadbehov som ikkje så lett passar inn i LNF-spreidd føremålet, slik som leilegheiter til dei som ikkje lenge ønskjer å bu i einebustad. Kommunen bør sjå nærare på korleis behovet for eit variert bustadtilbod kan løysast også på stader der det ikkje er naturleg å sette av byggeområde for bustad.

## **5.4 Næring**

Fjell kommune har større næringsområde knytt til Ågotnes, Straume, Eide og Tellnes. Desse områda utgjer hovudsatsinga for næring i kommunen. Ågotnes og Straume har egne kommunedelplanar, KDP Eide er under arbeid. Det er i denne rulleringa av kommuneplanens arealdel vurdert utviding av nokre eksisterande næringsområde og heilt ny arealbruk rundt Vindenespollen. Det er tilrådd utviding av dei eksisterande verksemdene der dette ikkje har store negative konsekvensar for KU-tema.

Når det gjeld Vindeneskvarven og Solsvik utmark er det ikkje foreslått å legge ut område til næring her. Det har ikkje komme fram sterke behov for desse areala til næring, og området har store verdiar knytte til fleire KU-tema. Det vert vist til at kommunen vil ha kapasitet til nye etableringar innafor område avsett i kommunedelplanane.

## **5.5 Kystkultur**

### **Naust**

Det er vurdert svært mange innspel om naust i denne rulleringa. I hovudsak er innspel om naust som utviding av eksisterande naustområde tilrådd, dersom dei ikkje har negative konsekvensar for KU-tema. Naust i område som ikkje har utbygging frå før er ikkje tilrådd. Store delar av strandsona i dei tettbygde strøka av Fjell er privatisert. Dei områda som står att bør ikkje byggjast ut, både av omsyn til landskap, friluftsliv og naturmiljø.

### **Småbåthamner**

Det er vurdert fleire innspel til småbåthamner, og dei som ikkje har store negative konsekvensar for KU-tema er tilrådd. Kommunen har relativt god dekning på båtplassar, men tilbodet må aukast i takt med folkeauke. På denne måten er det lagt til rette for at tilbodet om båtplassar kan aukast monaleg i planperioden.

## **5.6 Sjøområda**

Det er vurdert fleire innspel om utviding av eksisterande akvakulturområde i planen. Dette er for at det arealet som vert nytta til fortøying av anlegg skal ligge innafor område avsett til akvakultur. Det kan sjå ut til at nokre av desse områda er nokså store og inneber ei reell auke i område som kan nyttast til oppdrettsføremål. Der det er konflikt med andre interesser er områda tilrådd med ein reduksjon i utstrekninga. Område som i dag ikkje har konsesjonar er ikkje tilrådd, då heile skjergarden i ytre Fjell har regional betydning for friluftsliv. Det er vurdert nokre forslag til nye område for akvakultur, desse er avvist på grunn av negative konsekvensar for mellom anna fiskeri og friluftsliv.

## **6 VEDLEGG**

1. Ordforklaring og forkortinger
2. Akseptkriteria og klassifisering av sannsyn og konsekvens, vedtatt av kommunestyret i Fjell i sak 63/12 den 3.5.2012.
3. Kart med avgrensning av delområda og innspel som er vurdert i KU/ROS

## 1. Ordforklaring og forkortinger

FS = funksjonell strandsone, slik den er fastsett i gjeldande kommuneplan.

Fv = fylkesveg

KPA = kommuneplanens arealdel

LH = Liv og helse

LNF = Landbruk-, natur- og friluftsområde

LNF-F = LNF-friluftsliv (retningslinje i gjeldande kommuneplan)

LNF-N = LNF-natur (retningslinje i gjeldande kommuneplan)

MV = Materielle verdier

RP = reguleringsplan

YM = Ytre miljø